KBS36	Bjårvatnet, aust - hagemark	Kulturlandskap	Hagemark (D05)	Intakt. Ny naturtypelokalitet 2013.	A
KBS37	Ualand - gammal fattig edellauvskog	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02)	Intakt. Ny naturtypelokalitet 2013.	A
BN00008467	Rimestad	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Intakt. Ny omtale, ny verdi og reduksjon av areal.	B
BN00008471	Risaskogen	Skog	Rik edellauvskog (F01)	Intakt. Ny omtale og litt justert/redusert areal.	B
BN00008475	Risabekken, sør	Ferskvatn/våtmark	Viktig bekkedrag (E06)	Intakt. Nytt namn, ny omtale og reduksjon av areal. Opphaveleg naturtype er delt i to ulike.	B
BN00008475	Risa, sør - kystlynghei	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Intakt. Nytt namn, ny omtale og endring av areal. Opphaveleg naturtype er delt i to ulike.	B
BN00008480	Obrestad	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Intakt. Delvis ny omtale, ny verdi og reduksjon av areal.	B
BN00008483	Nærbø, aust - viktig bekkedrag	Ferskvatn/våtmark	Viktig bekkedrag (E06)	Intakt. Ny omtale og reduksjon av areal.	B
BN00008487	Våland: Are I, nord	Ferskvatn/våtmark	Naturlig fisketomme innsjøar og tjern	Intakt. Nytt namn, ny omtale og litt justert areal.	B
BN00008489	Gjerda, aust for Nærbø	Myr og kjelde	Rikmyr (A05)	Intakt. Nytt namn, ny omtale og stor reduksjon av areal.	B
BN00008490	Vålandstjørna	Ferskvatn/våtmark	Rik kulturlandskapssjø (E08)	Intakt. Ny omtale og reduksjon og endring av areal.	B
BN00008493	Våland: Are III, sør	Myr og kjelde	Kystmyr (A08)	Intakt. Nytt namn, ny omtale og litt justert areal.	B
BN00008496	Vålandstjørna, sør	Ferskvatn/våtmark	Naturlig fisketomme innsjøar og tjern (E10)	Intakt. Ny omtale og reduksjon av areal.	B
BN00008525	Stemmen på Graudaland	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Intakt. Ny omtale og reduksjon av areal.	B
BN00008599	Rongjabekken	Ferskvatn/våtmark	Viktig bekkedrag (E06)	Intakt. Ny omtale og ny avgrensing.	B
BN00008609	Stokkeland-øst	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Intakt. Ny omtale og reduksjon av areal.	B
BN00008610	Grønhaugen	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Intakt. Ny omtale, nytt namn og reduksjon av areal.	B
BN00008622	Ogna-Hetland	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02)	Intakt. Ny omtale og reduksjon av areal.	B
BN00008623	Ogna-Krasen	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02)	Intakt. Ny omtale og reduksjon av areal.	B
BN00008632	Stølen	Myr og kjelde	Kystmyr (A08)	Intakt. Ny omtale og nytt namn.	B
BN00008473	Søraust for Risa, II	Kulturlandskap	Beiteskog (D06), Rikt hasselkratt (F0103)	Intakt. Nytt namn, ny naturtype, ny omtale og stor reduksjon av areal.	C
BN00008478	Tunheimsmara, sør	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Intakt. Opphaveleg naturtype er delt i to ulike. Nytt namn, ny omtale, endring av areal og ny verdi.	C
BN00008478	Tunheimsmarka, nord	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Intakt. Opphaveleg naturtype er delt i to ulike. Nytt namn, ny omtale, endring av areal og ny verdi.	C
BN00008484	Nærbø, aust - naturbeitemark	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Intakt. Ny omtale, endring av areal og ny verdi.	C
BN00008492	Våland: Are II, vest	Myr og kjelde	Kystmyr (A08)	Intakt. Nytt namn, ny omtale og litt justert areal.	C
BN00008608	Heia	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Intakt. Ny omtale, ny verdi og reduksjon av areal.	C
BN00008468	Nærland-Høyland	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Utgår. Brakklagt, omdanna til sumpområde og monokultur av takrøyr.	-
BN00008469	Risa-N ved Tjensvollbekken	Småbiotop		Dyrka mark.	-
BN00008470	ved Tjensvollbekken på Risa	Småbiotop		Reinsepark	-
BN00008477	Lode	Kulturlandskap	Småbiotopar (D11)	Utgår. Arealinngrep og lokaliteten tilfredstillar ikkje verdisetting som naturtypelokalitet.	-
BN00008481	Vigre-øst for riksveg	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Utgår. Oppgjødsla	-

ID	Namn	Hovudnaturtype	Naturtype	Status/Endringar	Verdi
BN00008485	Gjerda ved Nærbø	Dam	Dam i beitemark	Lokaliteten har ingen dam i dag. Gjødsla beite med pyttar i alle forseinkingar/grøfter i lokaliteten.	-
BN00008486	Nærbø-øst Bekkedrag	Ferskvatn/våtmark	Viktig bekkedrag (E06)	Open bekk i jordbrukslandskapet. Ustabile bekke-kantar, utan kantsonar, gjødselpåverka. Bind ikkje saman viktige naturområde.	-
BN00008491	Bø på Nærbø	Dam	Naturbeitemark (D04)	Lokaliteten har ingen dam i dag. Naturbeitemark/ fuktbeite med forstyrra bekk og sjenerande fylling.	-
BN00008494	Nærbø-øst Bekkedrag	Ferskvatn/våtmark	Viktig bekkedrag (E06)	Open bekk i jordbrukslandskapet. Ustabile bekke-kantar, utan kantsonar, gjødselpåverka. Bind ikkje saman viktige naturområde.	-
BN00008495	Indrebø	Småbiotop		Gjødselpåverka, drenering.	-
BN00008497	Vigre-Obrestad	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Utgår. Arealinngrep og oppgjødsla.	-
BN00008507	Auda-Motland	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Utgår. Arealinngrep / etablert industriområde.	-
BN00008533	Rongjabekken N for Hobberstad	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Utgår. Oppgjødsla. Vart køyrt med traktor og gjødsla med kunstgjødsel på synfaringstidspunkt.	-
BN00008534	Hobberstad sør for Rongjabekken	Skog	Rik edellauvskog	Utgår. Tilfredstillar ikkje naturtypebeskrivande for rik edellauvskog.	-
BN00008537	Hobberstad-øst	Kulturlandskap	Småbiotopar (D11)	Utgår. Oppdyrka.	-
BN00008541	Hobberstad	Kulturlandskap	Småbiotopar (D11)	Utgår. Oppdyrka.	-
BN00008543	Lerbrekk	Kulturlandskap	Småbiotopar (D11)	Utgår. Oppdyrka og gjødsla. Tilfredstillar ikkje verdisetting som naturtypelokalitet.	-
BN00008544	Nygård nord for Brattlangsåa på Varhaug	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Utgår. Oppgjødsla og høg hevdintensitet.	-
BN00008553	Tjemsland-Varhaug	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Utgår. Oppdyrka.	-
BN00008554	Tjemsland-Varhaug	Ferskvatn/våtmark	Viktig bekkedrag (E06)	Utgår. Oppgjødsla landareal, lite kantvegetasjon.	-
BN00008565	Rimestad	Ferskvatn/våtmark	Dam (E09)	Utgår. Oppgjødsla og eutrofiert. Mulig viltlokalitet, observert mykje enkeltbekkasin.	-
BN00008573	Ogna-øst	Myr og kjelde	Kystmyr (A08) (Intakt låglandsmyr)	Utgår. Arealinngrep og oppdyrking.	-
BN00008577	Laggtufta Ø for Odland	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Utgår. Arealinngrep /utbygd.	-
BN00008578	Labbetufta	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Utgår. Gjenvekst av sitkagran, høy gjødsel og slitasjefaktor.	-
BN00008600	Åsane	Skog	Rik edellauvskog (F01)	Utgår. Store arealinngrep og skogen tilfredstillar ikkje naturtypebeskrivande for rik edellauvskog.	-
BN00008605	Herredsvela	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02)	Utgår. Deler er omgjort til ope beite. Stadvis høg gjødselpåverknad. Skogen har for ein stor del låg kontinuitet, med lite gamle tre.	-
BN00008611	Grønhaugen	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Utgår. Arealinngrep, oppdyrka og oppgjødsla.	-
BN00008628	Saltetjørna-øst	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Utgår. Fragmentert og liten rest i tilknyting til store lyngheiområder. Ikkje i hevd, ingen spesielle artsførekomstar.	-
BN00008635	Holmane	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Utgår. Gjengrodd. Tilfredstillar ikkje verdisetting som naturtypelokalitet. Har verdi som viltlokalitet for bl.a. kjerrsongare.	-

5.4 Eigersund kommune

I Eigersund kommune er det i denne undersøkinga avgrensa og skildra 32 naturtypar. 14 av desse er oppdateringar av eksisterande naturtypar som er undersøkt på nytt, gitt ny områdeomtale samt ny vurdering av verdi og avgrensing. Vidare er det avgrensa og skildra 18 nye lokalitetar. Dei oppdaterte naturtypane er mest skog, gamal eller rik edellauvskog, samt ulike typar kulturlandskap (D). I tillegg er det ei kystmyr.

Dei nye naturtypane er i stor grad kulturlandskap (D), der store gamle tre er den typen det er flest av (6 stk.). I tillegg finst kystlynghei, hagemark, parklandskap og beiteskog. Fire av skogane er gamal fattig edellauvskog.

Av dei registerte naturtypane er det sju A-område, 19 B-område og seks C-område. Verdiane fordelar seg nokså jamt på fleire ulike naturtypar.



Figur 13. Kartutsnitt over vestleg del av Eigersund kommune. Grøne polygon viser intakte naturtypar, medan raude indikerer utgåtte naturtypar eller delar av gamle naturtypar som ikkje lengre tilfredsstiller krava til naturtype etter DN-handbok 13. Område med raud skravur syner undersøkte område utan naturtype verdi.



Figur 14. Kartutsnitt over austleg del av Eigersund kommune. Grøne polygon viser intakte naturtypar, medan raude indikerer utgåtte naturtypar eller delar av gamle naturtypar som ikkje lengre tilfredsstiller krava til naturtype etter DN-handbok 13. Område med raud skravur syner undersøkte område utan naturtype verdi.

Tabell 5. Status på naturtypane i Eigersund kommune som undersøkt i 2013.

ID	Namn	Hovudnaturtype	Naturtype	Status/Endringar	Verdi
BN00049793	Tengsbakkane	Kulturlandskap	Beiteskog, Hagemark	Ny avgrensing og omtale	A
BN00049805	Mjølhusåsen	Skog	Rik edellauvskog (F01)	Ny avgrensing og omtale	A
BN00049808	Nokkåsen, austsida	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02)	Ny avgrensing og omtale	A
BOD031	Lauvvoll - ospeskog	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02)	Ny avgrensing og omtale	A
BOD034	Helland - kystlynghei II	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Ny lokalitet	A
BOD035	Helland - kystlynghei I	Kulturlandskap	Kystlynghei (D07)	Ny lokalitet	A
KBS046	Eigestad: Parklandskap	Kulturlandskap	Parklandskap (D13)	Intakt. Ny naturtypelokalitet 2013.	A
BN00049760	Myklebust	Myr og kjelde	Kystmyr (A08)	Ny redusert avgrensing og ny omtale	B
BN00049783	Lauvvoll - eikeskog	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02)	Ny avgrensing og omtale	B
BN00049785	Tveiti - to store almar	Kulturlandskap	Store gamle tre (D12)	Ny avgrensing og omtale	B
BN00049787	Tveiti - eikeskog	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02)	Ny avgrensing og omtale	B
BN00049800	Rappstad, nord	Skog	Rik edellauvskog (F01)	Intakt. Opphaveleg naturtype er delt i to ulike og med betydeleg endra areal . Nytt namn og ny omtale.	B
BN00049800	Rappstad, aust	Skog	Rik edellauvskog (F01), Gammal fattig edellauvskog (F02)	Intakt. Opphaveleg naturtype er delt i to ulike og med betydeleg endra areal . Nytt namn, ny omtale og ny verdi.	B
BN00049801	Rappstad, sørvendt li på Hushammaren	Skog	Rik edellauvskog (F01)	Intakt. Nytt namn, ny omtale og endring av areal.	B
BN00049807	Hornesvatnet - slåttemark	Kulturlandskap	Slåttemark (D01)	Ny avgrensing og omtale	B
BN00049809	Nokkåsen, vestsida	Skog	Rik edellauvskog (F01)	Ny avgrensing og omtale	B
BOD020	Nordmork, store gamle tre I	Kulturlandskap	Store gamle tre (D12)	Ny lokalitet	B
BOD020	Nordmork, store gamle tre II	Kulturlandskap	Store gamle tre (D12)	Ny lokalitet	B
BOD029	Tveiti - naturbeitemark	Kulturlandskap	Naturbeitemark (D04)	Ny lokalitet	B
BOD033	Lauvvoll - store gamle tre	Kulturlandskap	Store gamle tre (D12)	Ny lokalitet	B
BOD036	Helland - kystmyr	Myr og kjelde	Kystmyr (A08)	Ny lokalitet	B
KBS043	Eige: Store gamle tre	Kulturlandskap	Store gamle tre (D12)	Intakt. Ny naturtypelokalitet 2013.	B
KBS045	Klungland: Beiteskog	Kulturlandskap	Beiteskog (D06)	Intakt. Ny naturtypelokalitet 2013.	B
SET060	Kalvåsen	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02), Rik edellauvskog (F01)	Ny lokalitet.	B
SET061a	Nonstidfjellet, vest	Skog	Gammal fattig edellauvskog (F02), Rik edellauvskog (F01)	Ny lokalitet.	B
SET061b	Kvåle	Kulturlandskap	Hagemark (D05)	Ny lokalitet.	B
BN00049803	Eigeli	Kulturlandskap	Store gamle tre (D12)	Ny omtale. Verdiane er iferd med å forsvinne	C
BN00049816	Øygrei - askehage	Kulturlandskap	Parklandskap (D13)	Ny avgrensing og omtale	C
BOD018	Øygrei -store gamle tre	Kulturlandskap	Store gamle tre (D12)	Ny lokalitet.	C
BOD032	Lauvvoll - svartorskog	Skog	Gråor-heggeskog (F05)	Ny lokalitet.	C
KBS044	Kjeadalen	Skog	Gammal lauvskog (F07)	Intakt. Ny naturtypelokalitet 2013.	C
BN00049817	Øya	Skog	Rik edellauvskog (F01)	Utgår. Tilfredstillar ikkje krava til å stå som naturtype.	-

6 FAKTAARK

6.1 Sola kommune

Figur 15. Overgrodd baserik eng på Sør-Tjora. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Sør-Tjora

Naturbase ID: BN00037957
Ecofact ID: SET001
Kommune: Sola
Dato: 01.08.2013
Areal: 1,2 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Slåttemark (D01)
Utforming: Tørr, særleg baserik eng i låglandet (D0106)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Solbjørg Engen Torvik 1.8.2013. Naturbase. Mangersnes (2009).

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er betydeleg redusert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er eit restareal på ein knaus som stikk opp mellom fulldyrka åkrar og bustadtun på Sør-Tjora. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Det går ei åre med kalkrik berggrunnen av kalkspatmarmor og kalksilikatgneis i området kor lokaliteten ligg, noko som gjev gode vekstforhold for planter og grunnlag for krevjande artar. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er eit restareal og avgrensa til ein bergknaus som kan ha vorte nytta til slått og/eller beite tidlegare. Lokaliteten ber ikkje preg av beite no, men også slått synast vanskeleg og lite aktuelt på den ujamne bergknausen. Området er svært grunnlendt og bergrunnen stikk mykje opp i dagen. Innimellom finst likevel godt jordsmonn som har gitt grunnlag for frodig vegetasjon. Naturtypen har vorte innskrenka då dei omliggande areala er dyrka og vert regelmessig slått med maskin/traktor. Desse areala har truleg tidlegare vorte meir ekstensivt nytta og brukt til slått. Det finst både slåtteindikatorar som blodstorkenebb, raudknapp, kvitmaure og dunhavre, og beiteindikatorar som stankstorkenebb og blåstorr. Om lokaliteten, slik han er avgrensa no, best kan klassifiserast som naturtypen slåttemark eller beitemark er derfor noko usikkert, men artsinventaret hallar likevel mest mot slåttemark. Utforminga er sett til typen Tørr, særleg baserik eng i låglandet (D0106). Lokaliteten er truleg noko gjødselpåverka i kantane då områda omkring vert gjødsla. Oppå knausen synast det likevel å vere ugjødsla.

Artsmangfald:
Lokaliteten har stor førekomst av kalk- og næringskrevjande artar, både av karplantar og mosar. Av slike artar kan nemnast murburkne, gulmaure, kvitmaure, blåstorr, dunhavre, blodstorkenebb, kystbjønnkjeks, tviskjeggveronika, rundbelg, stankstorkenebb, kammose *Ctenidium molluscum*, putevrimose *Tortella tortuosa*, krypsilkemose *Homalothecium sericeum* og storkransmose *Rhytidiadelphus triquetrus*. Trefingersildre er tidlegare registrert på lokaliteten, men vart ikkje funne no. Andre artar som gjev lokaliteten eit fargerikt og frodig preg er raudknapp, tiriltunge, firkantperikum, tepperot, fuglevikke og smalkjempe. Hundegras og kveke tyder på at det kan vere ein viss gjødselpåverknad.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten er i dag ikkje skjøtta, men er elles utan tekniske inngrep. Det er planta inn litt furu og gran fleire stader. Den kalkrike bergrunnen, stadvis godt jordsmonn samt brakklegging av lokaliteten har ført til at han i dag er svært gjengrodd av både tre, gras og høge urter.

Framande artar:
Platanlønn, sitkagran, lerk, svensk asal, bulkemispel og mispel sp., vart registrert. I denne lokaliteten utgjer dei ein stor risiko for den kalkkrevjande og småvaksne floraen.

Skjøtsel og omsyn:
Det er stort behov for riktig skjøtsel om dei rike botaniske verdiane skal verte verna. Området bør opnast opp ved at, så godt som alle tre vert fjerna. I tillegg bør buskas av bulkemispel og mispel sp. nedkjempast. Feltvegetasjonen bør slås eller beitast for å

halde vegetasjonen låg. Det er særleg viktig at området ikkje vert gjødsla eller vert påverka av gjødsling på nærliggande areal.

Del av heilskapleg landskap:
Småbiotopen med naturtypen slåttemark er ein restlokalitet av meir artsrik natur i eit intensivt jordbrukslandskap og representerer ein naturtype som har vorte svært skjeldan i regionen.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er eit lite gjødselpåverka og kalkrikt restareal av ein naturtype som har svært få førekomstar i kommunen. Lokaliteten har stort og representativt artsmangfald, men manglar hevd og skjøtsel.

Figur 16. Kystlynghei på Strandnes. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Strandnes

Naturbase ID: BN00037958
Ecofact ID: SET002
Kommune: Sola
Dato: 01.08.2013
Areal: 9,5 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming: Tørr gras- og urterik hei (D0702)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 01.08.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er berre i mindre grad justert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på eit nes sørvest i Hafrsfjord mellom Strandnesvågen og Sømmevågen. Lokaliteten avgrensar seg til kollen med grunnlendt mark. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært

god (< 5 m). Berggrunnen er fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt. Glimmerskifer og amfibolitt kan likevel gje noko rikare forhold dersom dei inneheld kalk. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er så liten at den ikkje kvalifiserer for naturtypen kystlynghei. Den har likevel kystlyngheivegetasjon med tørr gras- og urterik utforming av fattig type. Det er derfor valt å plassera lokaliteten i naturtypen småbiotopar som dekker restareal i kulturlandskapet. Det finst innslag av dei vanlege lyngartane i heile lokaliteten; røsslyng, blokkebær, klokkelyng, blåbær og tyttebær samt krypvier. Graminidene er likevel dominerande med vanlege artar som englodnegras, smyle, gulaks, geitsvingel, blåtopp, finnskjegg, kornstorr, harestorr, slåttestorr og knappsiv. Det finst også eit variert mangfald av blomeplantar, mellom anna tepperot, blåklokke, ryllik, blåklokke, kystgrisøyre, engsyre, gullris, landøyda og skogburkne. Kystbergknapp, småsyre, hårsvæve og sisselrot veks på dei tørre bergknausane. Blærenavlelav var vanleg på berg og steinar. Det finst ein førekomst av rognasal i lokaliteten.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar vart funne.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området er ikkje mykje i bruk som beite no. Det er relativt lite prega av attgroing, men likevel er det ein tendens til auka førekomst av attgroingsartar som einer, bjørk og rogn, samt nitrogenkrevjande artar som bringebær, bjørnebær, høymole og geitrams. Det er restar og tydelege spor etter forsvarsanlegg frå 1. verdskrig. Blant anna er det er brote stein fleire stader og laga ein veg som er grasgrodd no (sjå bilete).

Framande artar:
Sitkagran, raudhyll, svarthyll og bulkemispel vart registrert.

Skjøtsel og omsyn:
Framande artar bør nedkjempast. For å fjerna einer som er utbreidd, gamalt gras og kjerr samt fornya lyngen vil det vere hensiktsmessig å svi lokaliteten samtidig som ein ryddar oppslag av tre som ikkje vert tatt ved sviing. Sviing bør gjerast i to eller fleire omgangar for å sikra spreiing av frø. For å oppretthalde frodig kystlynghei vil det vere ein stor fordel med noko beite i etterkant av sviing og som eit fast innslag seinare.

Del av heilskapleg landskap:
Kystlyngheia er ein restlokalitet av meir artsrik natur i eit intensivt jordbrukslandskap og representerer det landskapet som var utbreidd i regionen tidlegare. Saman med andre smålokaliteter i nærleiken gjev det jordbrukslandskapet variasjon og større artsmangfald.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit lite restareal med ein representativ utforming av naturtypen kystlynghei som er vorte svært skjeldan i kommunen.

Figur 17. Synlege restar etter 2. verdskrig.

Figur 18. Kystlynghei på sørvestsida av lokaliteten. Begge foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 19. Naturbeitemark med baserik eng nord for Strandnesvågen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Hogstad, Nord for Strandnesvågen

Naturbase ID: BN00037986
Ecofact ID: SET005
Kommune: Sola
Dato: 01.08.2013
Areal: 10 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Tørr/frisk middels baserik eng i låglandet (D0407)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 01.08.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er i mindre grad justert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på ein høgde rett nord for Strandnesvågen i eit elles intensivt drive jordbrukslandskap. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen er stort sett fattig og

består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan likevel gje noko rikare forhold for plantevekst dersom dei inneheld kalk. Lokaliteten har grunnlendt mark og berget stikk opp i dagen i skråningane. Områda omkring har marin standavsetning. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei beitemark i god hevd og med ein del krevjande karplantar og mosar. På flata på toppen og flatene elles er det gjødsla beite, men i skråningar og brattberg er det rik vegetasjon som gjev eit ugjødsla preg. Arealet nord for steingjerdet synast også noko mindre gjødsla, men er også mindre beita. Kalkkrevjande artar som er utbreidd i lokaliteten er gulmaure, gjeldkarve, kvitmaure, murburkne, putevrimose *Tortella tortuosa*, krypsilkemose *Homalothecium sericeum*. Av andre artar som gjev kvalitetar til beitemarka kan nemnast raudknapp, kystarve, legeveronika, blåklokke, raudkløver, fuglevikke, engsoleie, ryllik, grasstjerneblom, lundstjerneblom, følblom, beitesvæve, engkvein og englodnegras. Nord for steingjerdet finst i tillegg hestehavre. Skrenten mot søraust er til dels skogkledd med gran, alm (NT), hagtorn, eføy, kristtorn, rogn og bjørk. Elles er det også ein del tre spreidd i lokaliteten.

Artsmangfald:
Alm som er raudlista i kategori nær trua (NT) veks i skråninga ned mot Hafrsfjord mot aust. Nokon kalkkrevjande artar og elles eit relativt representativt artsmangfald. Dei beste, og minst gjødselpåverka, områda er knytt til skråningane.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten beitast av sau. Det går eit steingjerde, forsterka med stålgjerde, gjennom lokaliteten. Elles er det ingen tekniske inngrep.

Framande artar:
Det er planta inn ein del sitkagran og kvitgran i skråningane. Elles finst svarthyll, raudhyll og blankmispel.

Skjøtsel og omsyn:
Beitetrykket bør oppretthaldast, men like viktig er opphøyr av all gjødsling og gjødselpåverknad i skråningane. Det er ønskeleg at det også på flata på toppen ikkje vert gjødsla, då det fortsett er eit relativt artsrikt og representativt artsmangfald her. I tillegg vil dette påverka skråningane med næringssig. Det er mogleg at ein del av grantrea bør tas bort, men dei gjev samstundes vern og ly for beitedyr. Frøtre bør i første omgang fjernast.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten er ein av fleire naturbeitemarker i nærleiken som ligg på små haugar i landskapet, medan det er fulldyrka areal omkring.

Verdisetjing:
Lokaliteten er under tvil tatt med som ein viktig naturtype. Dette grunna at store delar av den opphavlege avgrensinga er tydeleg gjødsla. Lokaliteten husar likevel gode førekomstar av kalkkrevjande artar og generelt stort og representativt artsmangfald. Dei største verdiane er knytt til dei grunnlendte skråningane der berget stikk opp i dagen. Dette, samt at naturbeitemark er ein sjeldan naturtype i kommunen, gjer at

lokaliteten likevel tas med og gis verdi B (viktig). Beitemarksopp vart ikkje undersøkt og verdien kan derfor endra (auka) seg dersom det finst indikatorartar av desse.

Figur 20. Kalkrik blokk/fjell med putevrimose og krypsilkemose. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 21. Kalkrik blokk/fjell med murburkne og kvitmaure. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 22. Kalkrik blokk/fjell med gjelkarve. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 23. Naturbeitemark med baserik eng på Hogstad. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Hogstad

Naturbase ID: BN00037959
Ecofact ID: SET007
Kommune: Sola
Dato: 01.08.2013
Areal: 4,3 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Tørr/frisk, middels baserik eng i låglandet (D0407)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 01.08.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på ein høgde på Hogstad i eit elles intensivt drive jordbrukslandskap. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 10 m). Berggrunnen er stort sett fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan likevel gje noko rikare forhold for plantevekst. Lokaliteten har grunnlendt mark og berget stikk opp i dagen i skråningane. Områda omkring har marin standavsetning. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei beitemark i god hevd og med ein del krevjande karplantar og mosar. På flata på toppen er det gjødsla beite, men i dei sør-vestvende, tørre skråningane kor berget stikk opp i dagen er det rik, tørketålande vegetasjon og ugjødsla preg. Kalk- og næringskrevjande artar som er utbreidd i lokaliteten er gulmaure, gjeldkarve, murburkne, kvitmaure, markjordbær, skogkløver, putevrimose *Tortella tortuosa*, krypsilkemose *Homalothecium sericeum* og flatfellmose *Neckera complanata*. Av andre artar som gjev kvalitetar til beitemarka kan nemnast kystarve, blåklokke, tiriltunge, smalkjempe, ryllik, kystbergknapp, bitter bergknapp, hårsvæve, følblom, prikkperikum, legeveronika, raudkløver, kvitkløver, engkvein, gulaks og sauesvingel.

Artsmangfald:
Det veks nokre store asketre (NT) i skrenten nord i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten beitast av sau. Det står ein bautastein på toppen (sjå bilete), elles er det ingen inngrep i lokaliteten.

Framande artar:
Sitkagran, platanlønn og svarthyll.

Skjøtsel og omsyn:
Beitet bør oppretthaldast, men like viktig er opphør av all gjødsling og gjødsel-påverknad i skråningane. Det er ønskeleg at det også på flata på toppen ikkje vert gjødsla, då det fortsett er eit relativt artsrikt og representativt artsmangfald, og fordi dette også påverkar skråningane. Grantrea bør tas ut då dei utgjer ei fare for spreiing i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten er ein av fleire naturbeitemarker i nærleiken som ligg på små haugar i landskapet, medan det er fulldyrka areal omkring. På toppen står det ein fin bautastein.

Verdisetjing:
Lokaliteten er under tvil tatt med som ein viktig naturtype. Dette grunna at store delar av den opphavlege avgrensinga er tydeleg gjødsla. Lokaliteten husar likevel gode førekomstar av kalkkrevjande artar og stort artsmangfald generelt. Dei største verdiane er knytt til dei grunnlendte skråningane rundt. Dette, samt at det er ein sjeldan naturtype i kommunen gjer at lokaliteten likevel tas med og gis verdi B (viktig). Beitemarksopp vart ikkje undersøkt og verdien kan derfor auka dersom det finst indikatorartar av desse.

Figur 24. Bautastein i beitemarka på Hogstad. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 25. Overgrodd baserik eng på Kongshaug, Tjora. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Kongshaug på Tjora

Naturbase ID: BN00038041
Ecofact ID: SET008
Kommune: Sola
Dato: 01.08.2013
Areal: 9 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Frisk/tørr, middels baserik (D0407)
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 01.08.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er noko redusert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er ei markert, graskledd høgde i eit elles flatt og intensivt drive jordbrukslandskap på Tjora. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berget stikk opp i dagen berre i

dei brattaste skråningane mot sør og aust. Berggrunnen er stort sett fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan likevel gje grunnlag for rikare forhold for plantevekst dersom dei inneheld kalk. Områda omkring har tjukk moreneavsetning, medan lokaliteten har meir bart fjell og skrint jordsmonn. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten kan ved første augekast synast å vere ei overgrodd ugraseng, men inneheld store botaniske verdiar. Dei største verdiane finst i skråningane mot aust og sør som er lite eller ikkje gjødselpåverka, og der kor berget stikk opp i dagen. Det flate partiet på toppen kan ha vorte rydda og brukt som slåtteng, men overflatestrukturen i skråningane vitnar om langvarig beite med opptrakka stiar og terrassar. I seinare år har lokaliteten berre vorte nytta til sporadisk beite. Kalkrik grunn kjem til uttrykk i artsinventaret i heile lokaliteten, men likevel mest i hallingane der berget stikk opp i dagen og kor det er utan gjødselpåverknad. Skråningane har god drenering og mykje grus i grunnen, medan det på flatene er ei meir frisk utforming. Artsmangfaldet i skråningane mot sør og aust tyder på liten gjøsdelpåverknad. Det er valt å sette naturtypen til naturbeitemark med kalkrik utforming (D0407). Artar som kan nemnast er murburkne, blåstorr, gulmaure, skogkløver, blodstorkenebb, markjordbær, kvitmaure og prikkperikum veksande spreidd til vanleg i heile lokaliteten. Villtimotei, vill-lin, hagtorn og eple vart også registrert. I tillegg er dei kalkkrevjande mosane putevrimose *Tortella tortuosa*, kalkvrimose *Tortella bambergeri*, krypsilkemose *Homalothecium sericeum* og flatfellmose *Neckera complanata* og kammose *Ctenidium molluscum* vanlege til svært vanlege på berg der dette ligg i dagen. Lokaliteten husar også artar som ikkje er vanlege i regionen slik som kamgras og krabbekløver. Elles er det eit variert innslag av vanlege engartar.

Artsmangfald:
Lokaliteten har eit svært stort artsmangfald med mange kalk- og næringskrevjande artar. Krabbekløver (NT) vart også registrert i 1993, saman med lodnerublom, kransmynte og steinstorkenebb. Dei tre siste vart ikkje funne i 2013.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten har tidlegare vorte nytta til beite, men ligg no for det meste brakk og er sterkt prega av liten skjøtsel i seinare år. Flata har tydeleg vorte gjødsla og er nå dominert av nokre store, nitrofile problemartar som høymole, brennesle, engsyre, kystbjønnkjeks, vegtistel og landøyda. Likevel var det blant desse at den kalkrevjande arten vill-lin vart funnen. Stundom beitar hestar her, men oftast i kortare periodar. Det finst likevel ikkje generell attgroing av buskar og tre.

Framande artar:
Platanlønn, eple, raudhyll, svarthyll, snøbær og mispel sp.

Skjøtsel og omsyn:
Verdiane i naturbeitemarka er avhengig av at området ikkje vert gjødsla og at vegetasjonen vert halden låg ved fortsett beite. Gjødsling bør opphøyra, også oppå flata. Det vil vere ein fordel om ein i starten svir av graset om, gjerne februar/mars med tele eller god fukt i jorda, for å fjerna strølaget som har vorte betydeleg. Slik vil ein betre spiringa om våren og unngå gjødslingseffekt ved naturleg nedbryting. Vidare må det følgjast opp med beite, gjerne med ungdyr av storfe, men også sau og hest er

gode alternativ. Her bør ein sjekke opp korleis det har vorte hevda tidlegare. Ei viss veksling av beitedyr vil truleg vere det beste for å bevara eit stort artsmangfald. Problemartar som tistel, høymole og brennesle må ein slå og fjerna før frøsetting fleire gonger i løpet av sommaren.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten er ein av fleire naturbeitemarker i nærleiken som ligg på små haugar i landskapet, medan det er fulldyrka areal omkring.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi A (svært viktig) då delar av naturbeitemarka, særleg skråningane og bergknausane, har eit svært rikt artsmangfald som indikerer langvarig drift utan gjødsling. Mange kalkkrevjande artar finst utbreidd i dette området, men også spreidd i det meir gjødselpåverka arealet. Lokaliteten husar også eit par sjeldne artar.

Figur 26. For dårleg skjøtta naturbeitemark.

Figur 27. Krabbekløver.

Figur 28. Blodstorkenebb.

Figur 29. Murburkne.

Alle foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 30. Baserik tørrbakke i naturbeitemark på Hundaberget. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Tjora, Hundaberget, sør

Naturbase ID: BN00037960
Ecofact ID: SET009
Kommune: Sola
Dato: 01.08.2013
Areal: 0,8 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Småbiotop (D11)
Utforming: Naturbeitemark (D04) med utforminga tørr, middels baserik (D0407)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 01.08.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er betydeleg redusert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på sørsida av Hundaberget på Tjora og utgjer eit restareal eit elles intensivt drive jordbrukslandskap. Lokaliteten er stekt hallande og har eksposisjon mot sør og vest. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet

er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen i regionen er stort sett fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan gje grunnlag for rikare forhold for plantevekst. Områda omkring har tjukk moreneavsetning, medan lokaliteten har meir bart fjell og skrint jordsmonn. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturbeitemarka ligg på ein høgde kor det er rydda og gjødsla på toppen, medan skråninga er ein ugjødsla tørrbakke med kalkkrevjande vegetasjonen som syner eit rikt miljø. Karakteristiske artar er mellom anna gjeldkarve, gulmaure, kvitmaure, blåkoll, hårsvæve, markjordbær, prikkperikum, engsoleie, blåklokke, ryllik, tiriltunge, murburkne, smalkjempe, strandkjempe, engkvein, gulaks og englodnegras. Delar av den sørvende skråninga er dekt av nokre tre; furu, villapal, svensk asal og ask (NT). På berget veks rikeleg med putevrimose *Tortella tortuosa*, krypsilkemose *Homalothecium sericeum* og flatfellmose *Neckera complanata*.

Artsmangfald:
Ask er raudlista, nær trua (NT). Andre sjeldne artar er ikkje funne.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert beita av sau.

Framande artar:
Svarthyll veks langs steingjerdet i aust, svensk asal i skråninga.

Skjøtsel og omsyn:
All gjødsling bør opphøyra, også på toppen av høgda, medan beite bør oppretthaldast. Flata på toppen var tidlegare innlemma i naturtypeavgrensinga, men er tydeleg gjødselpåverka, er artsfattig og manglar kalkkrevjande artar.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Som ein restlokalitet med lite gjødsla og kalkkrevjande vegetasjon i eit intensivt drive jordbrukslandskap kan lokaliteten gis verdi B (viktig), men som naturbeitemark kvalifiserer lokaliteten truleg ikkje for så høg verdi. Beitemarksopp er ikkje undersøkt og førekomst av slike kan gje lokaliteten høgare verdi.

Figur 31. Rik flora i den tørre bakken i naturbeitemarka sør for Søre Vardåsen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Sør for Søre Vardåsen

Naturbase ID: BN00038020
Ecofact ID: SET010
Kommune: Sola
Dato: 31.07.2013
Areal: 10 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Fuktig fattigeng (D0401) 60 %, Frisk fattigeng (D0404) 40 %
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 31.07.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er ikkje endra i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i nedre sørhalling frå Vardåsen på Tjora. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5

m). Berggrunnen er fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan gje grunnlag for noko rikare forhold for plantevekst, men området er dekt med tjukk moreneavsetning. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturbeitemarka har typisk fattig utforming med lite krevjande planteartar. Det er variasjon i fuktregimet der den øvre, mest hallande, delen har ei tørrare til frisk utforming med meir urtepreg og den nedre delen er fuktigare med større dominans av graminider. Fuktenga er tuete og er prega av attgroing, medan den friske fattigenga er betydeleg tørrare, hardare beita og meir open. I den urterike, friske bakken finst blåklokke, følblom kystmaure, kystgrisøyre, tepperot, engsyre, småsyre, hårsvæve, blåknapp, jonsokkoll, ryllik, tiriltunge, vanleg arve, legeveronika, kystbergknapp, blåbær, tyttebær, smyle, engkvein, engrapp og gulaks. I fuktenga dominerer graminider som knappsiv, slåttestorr, blåtopp, harestorr, englodnegras, i tillegg finst innslag av grønstorr, finnskjegg, geitsvingel, stjernestorr, paddesiv, ryllsiv og heisiv. Mannasøtgras veks i eit fuktig sig saman med grøftesoleie. På tuene veks vanlege lyngartar og krypsiv. Eit visst innslag av urter finst også, slik som skogburkne, tepperot, engsoleie, engsyre, landøyda, skogstorkenebb, myrtistel, gåsemure, bringebær, bjørnebær, brennesle, klengemaure og kvitkløver.

Artsmangfald:
Ingen raudlista eller sjeldne artar vart registrert. I 1965 var klokkesøte (VU) registrert i den nedre, fuktige delen av lokaliteten (Artskart).

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten beitast av hest som også har eit større område mot nord å beite på. Det er truleg at det nedre fuktbeitet ikkje beitast mykje av hestane, men er mest nytta til ungdyr. Det er ikkje skjemmande inngrep i lokaliteten, og truleg berre lite gjødsling. Lav- og mosefloraen på steinblokker er intakt. Attgroinga er betydeleg i fuktenga kor gran, bjørk og einer er dei viktigaste artane. I den tørrare bakken er det einer som i størst grad utgjer attgroingsarten. Kantane rundt beitemarka er delvis tresett.

Framande artar:
I den nedre delen, fuktenga, er det stort innslag av gran. Gran dannar også kantsona mot vest. Langs kantane elles er raudhyll utbreidd. Platanlønn finst spreidd i lokaliteten. Berberis og mispel sp. vart også registrert.

Skjøtsel og omsyn:
Det var i 2013 spor etter noko rydding av bjørkeoppslag. Det bør haldast fram med rydding av attgroingsartar; gran, bjørk og einer. Beitetrykket bør aukast noko i fuktenga for å hindre attgroing. Framandartane gran og platanlønn bør nedkjempast.

Del av heilskapleg landskap:
Naturbeitemarka er inngjerda med steingard og er del av eit heilskapleg kulturlandskap. I sør og aust grensar den til fulldyrka mark, medan i nord og vest finst andre beitemarker og område med lågare utnyttingsgrad.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) på grunnlag av karakteristisk og relativt artsrik flora fordelt på to ulike utformingar. Lokaliteten er lite gjødselpåverka og i fortsett hevd. Den er del av eit større område med mindre intensiv drift.

Figur 32. Parti frå den fuktige, nedre delen av naturbeitemarka. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 33. Søre Vardåsen sett frå nord. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Søre Vardåsen

Naturbase ID: BN00037950
Ecofact ID: SET012
Kommune: Sola
Dato: 31.07.2013
Areal: 35 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming: Tørr gras- og urterik hei (D0702)
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 31.07.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er betydeleg endra i høve til tidlegare, og berre kollen med kystlynghei er tatt med.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på Tjora, på ein langstrakt kolle som stikk opp i terrenget omgitt av beitemarker og litt fulldyrka mark. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen er stort sett fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan likevel gje grunnlag for noko rikare forhold. Områda omkring har tjukk moreneavsetning. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten har grasrik lyngheivegetasjon på godt drenert, tynt jordsmonn med artar som smyle, geitsvingel, englodnegras, engrapp, gulaks, finnskjegg og harestorr. På litt fuktigare areal veks blåtopp og knappsiv. Blåbær, tyttebær, krekling og røsslyng veks spreidd, mens klokkelyng finst i litt fuktigare område. Av urter kan nemnast følblom,

blåklokke, skogstjerne, småsmelle, fugletelg, hengeving, bjønnkam, sauetelg og lusegras.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne artar vart funne. Knegras, kystmaure og kystgrisøyre veks spreidd i lokaliteten. Kystbergknapp er utbreidd på tørre bergknausar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Nokre stader på toppen er det truleg litt gjødsla (kunstgjødsel), men i skråningane synast det ikkje å vere gjødselpåverknad. Berg og steinblokker har intakt lavflora med mellom anna mykje kystragg og blærenavlelav. Området nyttes som beite for storfe, men beitetrykket har vore for svakt og lokaliteten er sterkt prega av attgroing. Sør i lokaliteten er det tilvekst med skog, mest gran. I nordaust hallinga er det mykje stor furu, men også lauvtre, mest bjørk og rogn, samt gran. Nokre store frøtre av gran veks i sørvesthallinga eit stykke mot nord. Elles finst det mykje einer som breier seg i dei trelause områda. Det går ein gardsveg som kryssar kystlyngheia i nord og fortsett tett inntil lyngheia. Eigedomsgrenser, og dermed også steingarder, kryssar lyngheia både langs vegen og lengst sør i lokaliteten. Det er likevel valt å la avgrensinga av lokaliteten følgje det naturleg høgdedraget som utgjer kystlyngheia. Det er sett opp ei mobilmast med tilhøyrande lita hytte ved den sørlege toppen.

Framande artar:
Sitkagran utgjer ein stor trussel for kystlyngheia i lokaliteten. I tillegg vart raudhyll og platanlønn registrert. Desse kan også utgjere ein trussel.

Skjøtsel og omsyn:
For å verna verdiane knytt til kystlynghei vil det vere naudsynt å rydda ein stor del av trea, særleg gran og furu som står spreidd ut i lokaliteten og dei store frøtrea som stadig vil bidra til spreiing. I tillegg er det viktig å redusera førekomsten av einer, anten ved brenning eller rydding. Brenning kan vere ein fordel då det samstundes fjernar strølag og fornyar lyngplantane. Auka beiting vil også vere naudsynt for å halde vegetasjonen låg. Her vil det vere et fortrinn med utegangarsau som kan gå ute heile året og beitar godt på lauv og nytt oppslag av lauvtre. Vekslande beiting med sau, storfe og hest vil skape variasjon i beitetrykk i kystlyngheia og kan vere ein fordel.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten inngår i eit heilskapleg landskap med fleire natur og kulturhistoriske element. Den er del av eit større område med mindre intensivt drivne jordbruksområde der mykje areal vert brukt som innmarksbeite.

Verdisetjing:
Verdien til kystlyngheia vert under tvil sett til B – *Viktig*. Lokaliteten er lita i ein større samanheng, samstundes som den er noko prega av attgroing. Likevel vert det lagt vekt på at det er ein god kystlyngheilokalitet i ein kommune kor slike no er svært sjeldne. I tillegg bidrar lokaliteten til eit større samanhengande naturområde.

Figur 34. Parti frå Søre Vardåsen. Utsyn mot vest.

Figur 35. Søre Vardåsen med utsyn mot søraust. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 36. Rikmyr vest for Søre Vardåsen med myrsaulauk og flekkmarihand. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Vest for Søre Vardåsen

Naturbase ID: BN00038016
Ecofact ID: SET013
Kommune: Sola
Dato: 31.07.2013
Areal: 3,3 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Rikmyr (A05), utforming
Utforming: Open intermediær rikmyr i låglandet (A0505)
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 31.07.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er betydeleg redusert i høve til tidlegare og innskrenka til berre å omfatte den rikaste delen av myra.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg vest for, og i tilknyting til Søre Vardåsen. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen er stort sett fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og

glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan gje grunnlag for noko rikare forhold for plantevekst. Området er dekt av tjukk morene. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei utforming av rikmyr som ligg i eit søkk langs eit fuktsig i ei større beitemark. Myra er open utan attgroing, men noko einer finst i dei øvre kantane kor avgrensinga går. Myrsaulauk er ein rikmyrsindikator som har ein stor førekomst og veks over eit langt strekk langs fuktsiget. Andre vanlege artar er duskmyrull, myrfiol, kystmyrklegg, flekkmarihand, kystmaure, tepperot, grasstjerneblom, tyttebær, røsslyng, blåknapp, myrhatt, bukkeblad, tranebær, rome, kvitbladlyng, rund soldogg, tettegras, gulaks, stjernestorr, kornstorr, mannasøtgras, heisiv, ryllsiv og brei dunkjevle.

Artsmangfald:
Ingen raudlista artar vart funne, men myrsaulauk og brei dunkjevle som er karakterartar i næringsrike myrlokalitetar veks i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten er del av ei større beitemark. Det beitar ungdyr av storfe på lokaliteten. Beitetrykket vurderast å vere passe. Store delar av beitemarka er truleg gjødsla, spesielt tydeleg er det i den nordlege delen kor også bekken i seinare tid har vorte graven opp og einer er maskinelt rydda/gravne opp. Dette har øydelagt naturverdiane i beitemarka. Myra er ikkje direkte påverka av dette, men gjødsling i høgareliggande område, og endra av hydrologi kan gje negativ påverknad.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det er viktig at det ikkje vert gjødsla i lokaliteten, og heller ikkje i nærliggande område kor avrenning kan nå rikmyrslokaliteten. Graving som påverkar hydrologien ned mot rikmyra bør unngåast. Beite av ungdyr bør oppretthaldast.

Del av heilskapleg landskap:
Rikmyra er del av eit heilskapleg landskap der beitemarka og den nærliggande kystlyngheia gjev myra naturlege omgivnader.

Verdisetjing:
Lokaliteten er gitt verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei intakt intermediær rikmyr i låglandet og i eit område kor slike ikkje er vanlege. Likevel saknar lokaliteten karakterartar av mose for rikmyr.

Figur 37. Brett dunkjevle og beitedyr i rikmyra. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 38. Rik flora i naturbeitemarka nord for Nordre Vardåsen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Nord for Nordre Vardåsen

Naturbase ID: BN00038008
Ecofact ID: SET015
Kommune: Sola
Dato: 31.07.2013
Areal: 2,8 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Tørr/frisk middels baserik eng (D0407)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 30.07.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i nordhallinga frå Nordre Vardåsen ned mot Risavegen. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (<10 m). Berggrunnen i området er stort sett fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU).

Glimmerskifer og amfibolitt kan gje grunnlag for noko rikare forhold for plantevekst. Områda omkring har tjukk moreneavsetning. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei naturbeitemark som vekslar mellom tørre og fuktigare område. Fuktområda ligg særleg mot nord, i nedre del av beitemarka, medan det oppover bakkane vert tørrare. Vegetasjonen speglar eit relativt næringsrikt område med få klart basekrevjande artar, men likevel eit stort artsmangfald av noko næringskrevjande artar. Utforminga av naturbeitemarka vert derfor sett til tørr/frisk middels baserik eng. Lokaliteten har stort innslag av artar som indikerer lite gjødselpåverknad sjølv om delar av beitemarka kan ha vorte gjødsla noko. Karakteristiske artar som vart registrert er blåklokke, ryllik, smalkjempe, kystgrisøyre, tepperot, skogstorkenebb, harestorr, gulaks, engkvein, engsyre, engfrytle, engsoleie, legeveronika, beitesvæve, blåknapp, følblom, flekkmarihand, bringebær, flikbjørnebær og hengeveng. I tillegg er småsyre, kystmaure, landøyda, gullris, smyle, englodnegras, røsslyng, blåbær og blokkebær vanlege. Eføy og kristtorn vart også registert. Sør i lokaliteten er det furuskog som og er ein del av beitemarka. Her veks knappsiv, klokkelyng, rome, myrklegg, duskmyrull, flekkmarihand og heisiv. I aust er det ein skråning med ein del tre, mellom anna bjørk, rogn og raudhyll.

Artsmangfald:
Det er funne solblom (UV) to stader i lokaliteten. Flekkmarihand veks rikeleg i heile lokaliteten både i større grupper og meir spreidd.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten beitast av hest. Lokaliteten er prega av noko attgroing, særleg i kantane. I sør mot skogen ekspanderer furu utover i beitemarka. Sentrale område har likevel ei opent preg.

Framande artar:
Sitkagran, raudhyll, svarthyll, platanlønn, bulkemispel og ein småblada mispel vart registert.

Skjøtsel og omsyn:
All gjødsling av beitemarka må opphøyra, medan beite med storfe eller sau bør oppretthaldast. Ein bør også unngå tilleggsfôring av dyra då dette fører til ein uønskt gjødslingseffekt. Attgroingsartane sitkagran, furu og einer bør fjernast frå sentrale dalar av lokaliteten. Særleg viktig er det at grantrea som veks tett på førekomstane av solblom vert forsiktig fjerna då desse kan verte utskygd. Skogen i sør og trea i skråninga mot aust kan stå, for å gje variasjon i lokaliteten og ly for beitedyr, men då må ein samstundes hindra spreiing utover i beitemarka. Grensa for skogen bør trekkast litt attende slik at berget som stikk opp i dagen igjen vert liggande utanfor skogen.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten er del av eit kulturlandskap som vekslar mellom fulldyrka mark og meir ekstensivt hevda område, spreidd busetnad og tette bustadområde. I tillegg ligg Risavika industriområde like i nærleiken.

Verdisetjing:
Lokaliteten er gitt verdi B (viktig) fordi det er ei svært artsrik naturbeitemark som framleis vert beita, er lite gjødselpåverka og relativt lite gjengrodd i sentrale delar. Det veks ein raudlista art i kategori VU minst to stader i lokaliteten.

Figur 39. Flekkmarihand. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 40. Solblom (VU) som står i fare for å bli utkonkurrert av gran. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 41. Rik flora i kystlyngheia på Bybergnuten. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Bybergnuten og Kjellehaugen på Byberg

Naturbase ID: BN00037963
Ecofact ID: SET022
Kommune: Sola
Dato: 07.08.2013
Areal: 24,4 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming: Tørr gras-urterik hei (D0702), rikare utforming (H2b)
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 30.07.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert i mindre grad i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på toppen og i vesthellinga til Bybergnuten og Kjellehaugen. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen består av glimmergneis med lag av kvartsitt og

glimmerskifer i den nordlige delen og amfibolitt i sør (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan gje grunnlag for rikare forhold for plantevekst. Området har grunnlendt mark og mykje bart fjell. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei lysopen hei med kortvaksen vegetasjon med blanding av graminider, lyng og urter. Krypvier, smyle, engkvein og gulaks er mengdeartar. Den finaste delen av lyngheia finst i dei tørre bratte, hellingane nordvest i lokaliteten (sjå foto). Her finst ei del krevjande artar og artar som gjer lyngheia eit rikare preg, slik som blåstorr, gjeldkarve, småengkall, knegras, blodstorkenebb, flekkmarihand, flekkgrisøyre (denne finst mest i sør)og eføy. Forutan dei vanlege lyngartane finst mellom anna engfrytle, geitsvingel, finnskjegg, heisiv, blåklokke, blåknapp, blåkoll, kattefot, ryllik, tepperot, blodtopp, kystbergknapp, smalkjempe, strandkjempe, skogfiol og skrubbær. Det finst nokre tre i lokaliteten, mest rogn, men også bergasal, svensk asal, rognasal og furu. Desse er i hovudsak relativt små og står i brattheng kor dei får noko vern for vind og beiting.

Artsmangfald:
Lokaliteten inneheld eit stort artsmangfald typisk for naturtypen rikare, tørr gras- og urterik kystlynghei. Ingen sjeldne eller raudlista artar vart funnen.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området beitast av storfe og/eller sau. På undersøkingstidspunktet var det ikkje beiting. Lokaliteten har lite preg av attgroing, men nokre stader er det spreidd treoppslag av rogn og asalartar. I sør er det sitkagran som utgjer ein trussel. Det har vorte køyrt i lokaliteten og nokre få parti ser ut til å ha vorte gjødsla i mindre grad. Området er merka etter aktivitetar frå 1. verdskrig med ca. 125 meter lange skyttargraver med tilhøyrande bunkersrom.

Framande artar:
Småtre av sitkagran veks i sør, raudhyll, svensk asal, haustberberis, mispel sp. og bulkemispel finst spreidd, men sparsamt i lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn:
Lokaliteten bør fortsett beitast med avpassa beiteintensitet. Det er også ønskeleg med kontrollert og flekkvis sviing av lokaliteten. Gjødsling må ikkje finne stad i nokon delar av lokaliteten. Sitkagran kan med fordel ryddast lengst sør i lokaliteten. Artane landøyda og myrtistel som beitedyra ikkje et, bør nedkjempast.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten utgjer et restareal av kystlyngheia som har hatt mykje større utbreiing tidlegare. Større delar av Bybergnuten og Kjellehaugen har truleg vore ein del av dette. No ligg lokaliteten i eit svært intensivt jordbruksområde.

Verdisetjing:
Lokaliteten er gitt verdi A (svært viktig) då kystlyngheia har noko kalkrik utforming og er såpass stor. Tilstanden tilseier også middels verdi med open mark og lite attgroingspreg, samt liten påverknad av gjødsling og framande artar.

Figur 42. Kystlynghei på Træeberge ved Hålandsmaka t. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Træeberget sør for Hålandsmaka

Naturbase ID: BN00038003
Ecofact ID: SET027
Kommune: Sola
Dato: 05.08.2013
Areal: 52 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming: Tørr lynghei (D0701) 60 %, Tørr gras-urterik hei (D0702) 30 %, Fuktig lynghei (D0703) 10 %
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 30.07.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert litt i høve til tidlegare jf. flyfoto som syner at delar av opphavleg avgrensing er dyra mark.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på ein kolle sør for Hålandsmarka og grensar til fulldyrka mark på alle kantar utanom i nord kor det er granskog på andre sida av vegen. Avgrensinga er sett

på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen er fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer som stikk opp i dagen fleire stader, medan eit tynt lag av lausmasse dekker det meste. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
På dei tørraste og høgareliggjande areala er det tørr lynghei med røsslyng som dominerande art. Det vart også funne kvitblomstrande røsslyng side om side med vanleg rosablomstrande plantar. Blåbær, tyttebær, blokkebær, klokkelyng, krekling, pors og krypvier er elles vanlege lyng- og buskartar samt og skrubbær. Nokre artar er meir krevjande og viser dermed rikare forhold slik som fagerrogn (NT), blåstorr, dunhavre knollerteknapp, kvitmaure og bringebær. I område med litt djupare jordsmonn er det utvikla tørr gras-urterik lynghei med mellom anna smyle, gulaks, englodnegras, finnskjegg, tepperot, smalkjempe, blåklokke, kystmaure, blåknapp og flekkmarihand. Lengst nord er attgroinga komen lengst og her er tendensen til skog tydeleg i eit belte mot vegen. Dette området er også fuktigare enn resten av lokaliteten og den fuktige lyngheia her har blåtopp-utforming. Enkelte andre areal kan også førast til denne vegetasjonstypen. Andre artar som veks her er mellom anna kornstorr, bleikstorr, bjønnskjegg, rome og blodtopp. Også elles i lokaliteten, men spesielt i dei bratte skrentane mot aust, er det ein del oppslag av tre og buskar, særleg bjørk og rogn, men også rognasal, svensk asal og øyrevier. Einer veks spreidd i heile lokaliteten og er en problemart. Eit par førekomstar av ein lite tagga kristtorn.

Artsmangfald:
Det veks nokre førekomstar av fagerrogn som er raudlista i kategori nær trua (NT), i lokaliteten. Dei fleste trea er relativt små, men eit er eit flott, stort og fleirstamma tre (busk) (sjå bilete). Elles har lokaliteten samla sett eit rikt og representativt artsmangfald for kystlynghei, samt nokre artar som indikerer rikare forhold. Like utanfor gjerdet, på vestsida av lokaliteten, veks ein stor førekomst av raggtelg som er ein ikkje så vanleg art.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten er heilt utan gjødselpåverknad. Den er ikkje i bruk som beite i dag og vert heller ikkje skjøtta på anna måte. Kystlyngheia preg av at det er lenge sia den har vorte nytta, ved at det er ein del attgroing i lokaliteten. Attgroingsartane er både einer, sitkagran og ulike lauvtre, særleg bjørk og rogn.

Framande artar:
Sitkagran er eit stort problem i lokaliteten. Bulkemispel og andre mispelartar finst og kan verte eit problem. Raudhyll og svensk asal finst også.

Skjøtsel og omsyn:
Det er naudsynt med betydeleg rydding av tre og buskar dersom kystlyngheia skal bevarast. I fyrste omgang bør sitkagran og bjørk ryddast og takast ut. Noko rogn kan og fjernast, men då må ein vera trygg på det ikkje er fagerrogn (NT) ein tar. Dernest bør ein rydda einer, eller svi lokaliteten etappevis slik einer vert fjerna og gammal lyng vert fornya. Her må ein også vere varsam så ein ikkje rammar fagerrogn (NT). Det vil vera ein fordel om lokaliteten etter innleiande rydding/sviing vert skjøtta med beite, av for eksempel utegangarsau eller anna sau. Om ein skal fjerna alle trea opp mot vegen eller om ein skal la eit belte stå att som vern bør vurderast.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten ligg på en liten kolle tett omkransa av dyrka mark og i nærleiken av eit byggefelt. Kystfjellområda Vardafjell/Hagafjell ligg litt vest for lokaliteten og skogen på Eikeberget ligg i nord, berre avgrensa frå lokaliteten av vegen. Lokaliteten ligg dermed i samanheng med fleire moglege turområde.

Verdisetjing:
Lokaliteten har eit stort og representativt artsmangfald med nokre meir krevjande artar. Ein raudlista art er registrert, fagerrogn (NT). Lokaliteten er prega av noko attgroing, men har fortsett gode kvaliteter som kystlynghei og stort restaureringspotensial. Lokaliteten er gitt verdi B (viktig) på grunnlag av størrelse og tilstand, men vil med riktig skjøtsel kunne få høgare verdi.

Fagerrogn.

Fagerrogn.

Fagerrogn.

Blodtopp og rome.

Figur 43. Artsfoto frå Træeberget. Alle foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 44. Utkanten av edellauvskogen som grensar til beitemark. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Håland, Soldalen på Vigdel

Naturbase ID: BN00038004
Ecofact ID: SET029
Kommune: Sola
Dato: 05.08.2013
Areal: 9,3 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utforming: Rikt kysthasselkratt 20 %, blandingsskog av ask og eik 80 %
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 30.07.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert litt i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i ei bratt sør- og vesthalling frå Svartaberg og ned mot Soldalen vest for Håland. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen er fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer. Dette er fattige bergartar, men

like aust for lokaliteten er det avmerkt eit område med amfibolitt som kan gje grunnlag for rikare plantevekst (NGU). Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten har ein mosaikk av ulike treslag og dannar i liten grad homogene edellauvskogstypar. Stadvis kan ein likevel finna område der hasselkratt er mest dominerande, medan ask og eik gjerne har større tre. Andre treslag er bjørk, selje, rogn, platanlønn, gran og lerk. Skogen er ikkje spesielt gamal og kontinuitet i daudt trevirke er ennå liten. Skogbotnen er nokon stader fuktig og har storbregneutforming, medan andre stader er det godt drenert og høg trekronedekning som førar til eit mindre tett feltsjikt. I storbregneutforminga er vanlege artar raggtelg, ormetelg, geittelg og skogburkne, i tillegg finst småbregnane bjønnkam, sisselrot, hengeving og skjørlok. I feltsjiktet elles finst det typiske edellauvskogsartar mellom anna kusymre, raud jonsokblom, skogfiol, vivendel, eføy og gaukesyre. I utkanten av skogen lengst vest veks blodstorkenebb som indikerer rikare forhold, liljekonvall, grasstjerneblom og lundstjerneblom. Storkransemose og narremose er vanlege artar i botnsjiktet og syner litt rikare forhold. Der gran står tettast er også feltsjiktet redusert.

Artsmangfald:
Det er relativt stor førekomst av ask (NT). Det vart elles ikkje funne raudlista artar, men det er ein god lokalitet for kusymre og raggtelg. Kusymre indikerer rikare forhold og er mindre vanlig i regionen.

Bruk, tilstand og påverknad:
Skogen er ikkje i bruk, men det beitast i utkanten i søraust.

Framande artar:
Sitkagran, lerk, platanlønn, haustberberis, gravmyrt og stikkelsbær.

Skjøtsel og omsyn:
Sitkagran og platanlønn bør takast ut i heile lokaliteten. Elles bør skogen få utvikla seg naturleg og utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap:
Edellauvskogen dannar ei fin kantsone i ein brattskrent mellom beitemark og dyrka mark i kulturlandskapet.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) då den har eit representativt innslag av edellauvtre og artar knytt til slike førekomstar, t.d. kusymre og raggtelg. Det er ikkje gjort funn av andre raudlisteartar enn ask, men potensialet for at slike finst er til stades, særleg blant sopp, mose og lav.

Figur 45. Raggtelg i Soldalen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 46. Rik edellauvskog Sør for Gardshaug. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Ølberg 1, sør for Gardshaug

Naturbase ID: BN00037991
Ecofact ID: SET031
Kommune: Sola
Dato: 05.08.2013
Areal: 5,4 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01) 70 %, Gammal fattig edellauvskog (F02) 30 %
Utforming: Rikt kysthasselkratt (F0103) i mosaikk med andre treslag, Lågurt-eikeskog (F0101), Eikeskog (F0201).
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid av Solbjørg Engen Torvik 30.07.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i ei sørhalling sør for Gardshaug. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen er fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten tilhøyrar naturtypane gammal fattig edellauvskog (F02) og rik edellauvskog (F01). Hasselkrattet er av yngre dato, medan nokre av eiketrea er eldre og har eit omfang på ca. 230 cm. Resten av skogen inneheld halvgamle tre av bjørk, rogn, selje, ask og osp. Området har god moldjord og feltvegetasjonen syner noko

rikare forhold utan at det er kalkrikt. Det finst store førekomstar av kusymre i lokaliteten, elles er vanlege artar raud jonsokblom, vivendel, bringebær, skogfiol, lundrapp, gaukesyre, tviskjeggveronika, begerhagtorn, vendelrot, skogburkne og geittelg. Mindre vanlege er eføy, hegg og brunrot. Einstape utgjer ein problemart i nokre område. Relativt grove læger og ulikt nedbrytingsstadium vitnar om kontinuitet i daudt trevirke.

Artsmangfald:
Ask som er raudlista i kategori NT veks i lokaliteten. Det er ein svært god lokalitet for kusymre som indikerer rikare forhold og er mindre vanlig i regionen.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er ingen tekniske inngrep forutan eit gammalt piggtrådgjerde som kryssar lokaliteten langs eigedomsgrensa. Det heng uglekassar i nokre tre. I eit område kor det er restar etter ein grunnmur er det sett ut ein trebenk og eit par plaststolar. Det er i dette området det er rododendronbuskar og rips.

Framande artar:
Bulkemispel, raudhyll svarthyll og sitkagran vart registrert spreidd i lokaliteten. Rododendron veks i tilknyting til restane av ein grunnmur og vitnar om ein gammal hage.

Skjøtsel og omsyn:
Lokaliteten bør få utvikla seg mest mogleg naturleg. Det bør ikkje foretas noko form for inngrep i lokaliteten, slik som hogst for uttak av ved eller treslagsskifte.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten er eit restareal av gamal edellauvskog i eit intensivt jordbrukslandskap.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) då den har eit representativt innslag av edellauvtre og artar knytt til slike førekomstar, samt ein viss kontinuitet i daudt trevirke. Stor førekomst av kusymre.

Figur 47. Kusymre.

Figur 48. Uglekasse i eiketre.
Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 49. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Ølberg 2, sør for Gardshaug

Naturbase ID: BN00038023
Ecofact ID: SET030
Kommune: Sola
Dato: 05.08.2013
Areal: 1 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utforming: Lågurt eikeskog (F0101) i mosaikk med Hasselkratt (F0103)
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 05.08.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert litt i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er eit restareal som ligg på ei kolle som stikk opp i ein fulldyrka åker sør for Gardshaug. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen er fattig med

glimmergneis, kvartsitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Eikeskogen utgjer eit lite restareal i eit elles fulldyrka jordbrukslandskap. Nokre av eiketrea er relativt store og gamle. Noko hasselkratt, bjørk, osp og rogn finst også. Karplantevegetasjonen viser noko rikare forhold med blant anna artar som kusymre, knollerteknapp, bringebær, brunrot, gaukesyre, raud jonsokblom, skjørlok, geittelg, stankstorkenebb, tviskjeggveronika, vivendel, liljekonvall og lundrapp. Av andre artar kan nemnast smyle gulaks, tepperot, stormarimjelle og beitesvæve.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar vart funne, men lokaliteten har god førekomst av kusymre som indikerer rikare forhold og er mindre vanlig i regionen.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området er ikkje i bruk. Det ligg litt metallskrot i, eller like utanfor avgrensinga i vest.

Framande artar:
Platanlønn, sitkagran, raudhyll og svarthyll vart registrert.

Skjøtsel og omsyn:
Lokaliteten bør få utvikla seg mest mogleg naturleg. Det bør ikkje foretas noko form for inngrep i lokaliteten, slik som hogst for uttak av ved eller treslagsskifte. Skrot bør fjernast frå lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten er eit lite restareal av noko eldre edellauvskog i eit intensivt jordbrukslandskap.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) då den er svært liten, men likevel har eit representativt innslag av edellauvtre og artar knytt til litt rikare førekomstar.

Figur 50. Naturbeitemark på Kuholmen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Kuholmen

Naturbase ID: BN00038038
Ecofact ID: SET034
Kommune: Sola
Dato: 16.10.2013
Areal: 6,9 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Tørr særleg baserik eng i låglandet (D0406)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Bjarne Oddane og Solbjørg Engen Torvik 16.10.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg sørvest i Hafrsfjord. Berggrunnen er stort sett fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan likevel gje grunnlag for noko rikare plantevekst dersom dei inneheld kalk. Øya har tynt jordsmonn og mykje bart

fjell. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Kuholmen er ei lita øy utan tekniske inngrep. Det tynne jordsmonnet gjer at lokaliteten er godt drenert og relativt tørr. Naturtypen er naturbeitemark utan særleg gjødselpåverknad med god førekomst av smalkjempe, engkvein, tiriltunge og gjelkarve. Artsinventaret inneheld fleire kalkkrevjande artar både av karplantar og mosar slik som gulmaure, gjeldkarve, prikkperikum, blåstorr, putevrimose *Tortella tortuosa*, krypsilkemose *Homalothecium sericeum*, berghinnemose *Plagiochila porelloides*, og krusfellmose *Neckera crispa*. Lokaliteten har stort artsmangfald av vanleg artar i ugjødsla naturbeitemark og kystartar blant anna ryllik, smørbukk, smalkjempe, strandkjempe, tepperot, blåklokke, strandnellik, kystmaure, dvergsmyle, kystbergknapp, strandkjeks, strandsmelle og tiriltunge. Grasartane inkluderer engkvein som er dominerande, sauesvingel, smyle og engrapp. Utforminga av naturbeitemarka er sett til tørr særleg baserik eng i låglandet.

Artsmangfald:
Det vart funne ein raudlista mose, stripekrusmose *Weissia personii* (NT) som er ein svært oseanisk kystart.

Bruk, tilstand og påverknad:
Kuholmen beitast og det var tydelege spor etter hest i 2013. Beitetrykket synast å vere passe høgt slik at vegetasjonen var kort, men ikkje øydelagt. Det er ingen attgroing i lokaliteten. Øya gjødslast også av fugl, det ligg att mykje gåse- og svaneskit. Ti gråhegrar vart observert flygande frå Kuholmen då me nærma oss.

Framande artar: Svarthyll.

Skjøtsel og omsyn:
For at området best skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området fortsett beitast og ikkje gjødslast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei ugjødsla, kalkrik naturbeitemark i ein region der slike areal er svært sjeldne.

Figur 51. Kuholmen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 52. Kalkrik blokk med krevjande moseflora og murburkne på Langøya. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Langøya

Naturbase ID: BN00037969
Ecofact ID: SET035
Kommune: Sola
Dato: 16.10.2013
Areal: 13,7 daa
Hovudnaturtype: Kyst og havstrand (G)
Naturtype: Rikt strandberg (G09)
Utforming: Sørleg utforming (G0901)
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Bjarne Oddane og Solbjørg Engen Torvik 16.10.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg sørvest i Hafrsfjord. Berggrunnen er stort sett fattig og består av glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Glimmerskifer og amfibolitt kan likevel gje grunnlag for rikare plantevekst. Øya har tynt jordsmonn med marine avsetnader på austsida og elles

mykje bart fjell. Inntrykket ved synfaring var at det for det meste er harde, nærings- og kalkfattige berg på øya, men det ligg kalkrike steinblokker fleire stader. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Langøya er utan tekniske inngrep. Lokaliteten nyttes til beite og naturtypen er beitemark, men med tydeleg gjødselpåverknad. Det tynne jordsmonnet gjer at lokaliteten er godt drenert og tørr. Gjødsling er utført berre med kunstgjødsel, men artsinventaret er tydeleg mindre artsrikt enn på naboøya, Kuholmen. Langøya har stort sett grasdominert vegetasjon med sauesvingel som dominant art. Engsyre og vassarve er også svært vanlege, medan blåklokke, skjørbuksurt og kystbergknapp er registrert. Dei mørke steinblokkene har ein særleg rik moseflora og blant desse finst kalkindikatorar som krypsilkemose *Homalothecium sericeum*, putevrimose *Tortella tortuosa*, kalkvrimose *Tortella bambergeri*, kvitknausing *Grimmia pulvinata*, putehårstjerne *Syntrichia ruralis*, trådkjølmose Z*ygodon rupestris* og strandsvamose *Trichostomum brachydontium*. I tillegg veks den kalkkrevjande bregnen murburkne også i sprekker på desse steinane. På grunnlag av desse og den nære tilknytinga til havet vert naturtypen sett til rikt strandberg (G09).

Artsmangfald:
Av mosane er det tre interessante artar. Kalkvrimose som enno berre har få funn i Norge, kvitknausing *Grimmia pulvinata*, trådkjølmose Z*ygodon rupestris* og strandsvamose *Trichostomum brachydontium* har nokre fleir funn, men er ikkje vanlege.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten beitast av sau og gjødslast med kunstgjødsel.

Framande artar: Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det er viktig at beitet vert oppretthaldt på øya, gjødsling bør opphøyra for ikkje å øydelegga den kalkrevjande mosefloraen og om mogleg å få eit større artsmangfald attende på grasflatene.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) då beitemarka er noko gjødsla og naturverdiane stort sett ligg i dei kalkrike blokkene med kalkkrevjande moseflora.

Figur 53. Kalkrike berg på Prestøy som inneheld ein rik og kalkkrevjande moseflora. Områda vert beita av sau. Flatene omkring er tydeleg gjødsla med kunstgjødsel. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Prestøy, midtre

Naturbase ID: BN00037968
Ecofact ID: SET036
Kommune: Sola
Dato: 16.10.2013
Areal: 1,8 daa
Hovudnaturtype: Kyst og havstrand (G) i mosaikk med Kulturlandskap (D)
Naturtype: Rikt strandberg (G09) 60 % i mosaikk med Naturbeitemark (D04) 40 %
Utforming: Sørleg utforming (G0901), Tørr, særleg baserik eng i låglandet (D0406)
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: Bjarne Oddane og Solbjørg Engen Torvik 16.10.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er betydeleg redusert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Prestøy ligg i midtre del av Hafrsfjord. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen består i NØ og SV av fattige bergartar, glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Tvers over øya i NV-SØ-retning går eit belte med kalkspatmarmor og kalksilikatgneis. Dette er kalkrike bergartar som gjev grunnlag for rik og krevjande plantevekst. Desse berga er mørke og tydeleg merka av forvitring i motsetnad til dei lyse, harde og kalkfattige berga elles på øya. Lokaliteten ligg i nordlig del av dette beltet med grunnlendt mark og mykje bart fjell. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Det er avgrensa ein liten naturtype i det kalkrike beltet nord på Prestøy. Her er mørke kalkbergartar i bergknausar, steinblokkar og anna forvitringsmateriale, noko som mose- og karplantefloraen tydeleg speglar. Dette arealet grensar i nordvest til ei naturbeitemark med mindre kalkrike bergartar og noko mindre spekter av krevjande artar. Det er derfor valt å skilje ut to naturtypar på denne delen av øya der begge er sett til naturbeitemark, men med ulik utforming. På bergknausar og i anna bratt terreng er gjødselpåverknaden liten og floraen artsrik, men det er også mindre areal innan avgrensinga der kunstgjødsel er nytta eller som har ei viss gjødselpåverknad. Det er valt å beskriva arealet som naturbeitemark fordi lokaliteten er heilt avhengig av at det vert halden i hevd og opent med beite. Dei største verdiane er likevel knytt til dei kalkrike bergknausane og dei små, mindre tilgjengelege vegetasjonsdekte areala mellom. Bergknausane kan førast til vegetasjonsutforminga F3d, kystbergknapp-dvergsmyle-utforming hos Fremstad (1997), sjølv om dvergsmyle ikkje vart registrert. I kalkberga (F3) veks fleire kalkkrevjande artar som svartburkne, murburkne, gjeldkarve, blåstorr, markjordbær, kvitmaure og hestehavre. Dei mørke steinblokkene har rik moseflora og blant desse finst kalkindikatorar som krypsilkemose *Homalothecium sericeum*, putevrimose *Tortella tortuosa*, kalkvrimose *Tortella bambergeri*, kammose *Ctenidium molluscum*, krusfellmose *Neckera crispa*, flatfellmose *N. complanata*, storbergrotmose *Gymnostomum aeruginosum* og kjempebust *Ditrichum gracile*. I grasmarka er storkransmose *Rhytidiadelphus triquetrus* ikkje uvanleg. Andre artar som indikerer lite gjødsla beitemark er blant anna blåklokke, tviskjeggveronika, legeveronika, firkantperikum, skogfiol, ryllik, følblom, smalkjempe, blåkoll, sauesvingel, engkvein, gulaks og knegras.

Artsmangfald:
Ingen raudlista artar vart funnen i lokaliteten, men potensialet for slike vurderast som stort då det er funne fleire raudlista beitemarksopp i tilgrensande areal. Det finst stort mangfald av kalkkrevjande moseartar og nokre karplantar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Øya vert nytta til beite både for ungdyr og sau. Det finst ingen attgroing i lokaliteten. Tvers over øya går ei forseinking i slakt terreng og med djupare jordsmonn. Dette området er tydeleg godt gjødsla, men også andre flater på midtre delar av øya er gjødselpåverka. Desse areala er relativt artsfattige og dominert av gras og gjødseltolerante artar. Desse areala er derfor skilt ut og ikkje tatt med i naturtypeavgrensinga på Prestøy. Det er nokre ruinar på høgda i vest, elles er det ingen tekniske inngrep på Prestøy.

Framande artar:
Rynkerose, mispel sp. og svarthyll finst med få førekomstar.

Skjøtsel og omsyn:
For dei kalkrike berga vil det vere svært viktig at all påverknad av gjødsel opphøyrer for at den artsrike og krevjande floraen skal vernast. Særleg viktig er dette for mange kalkkrevjande artar av mosar og dei to småregnande. Det er eit ynskje at all gjødsling av heile Prestøy stansar slik at dei sårbare områda og artane ikkje vert påverka i det heile. Sjølv om naturtypane ikkje vert gjødsla direkte vil beitedyra likevel indirekte bidra til påverknad. Framande artar bør fjernast heilt.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi A (svært viktig) på grunnlag av at det er ei ugjødsla eller lite gjødsla naturbeitemark i ein region der slike areal er svært sjeldne og fordi det vart funne mykje beitemarksopp som indikerer verdifullt område.

Figur 54. Utsikt mot nord frå sørvest hallingane på Prestøy kor eit av dei best områda for beitemarksopp er. Her er gjødselpåverknaden liten. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Prestøy

Naturbase ID: BN00037968
Ecofact ID: SET037
Kommune: Sola
Dato: 16.10.2013
Areal: 5,3 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Frisk/tørr middels baserik eng i låglandet (D0407)
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: Bjarne Oddane og Solbjørg Engen Torvik 16.10.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er betydeleg redusert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Prestøy ligg i midtre del av Hafrsfjord. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen består i NØ

og SV av fattige bergartar, glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU). Tvers over øya i NV-SØ-retning går eit belte med kalkspatmarmor og kalksilikatgneis. Dette er kalkrike bergartar som gjev grunnlag for rik og krevjande plantevekst. Desse berga er mørke og merka av forvitring i motsetnad til dei lyse, harde og kalkfattige berga elles på øya. Øya har tynt jordsmonn og mykje bart fjell. I sør dekker tynn morene dei flatare areala, medan marine avsetnader dekker dei slake partia mot sjøen. Lokaliteten er avgrensa til hallingane ned mot sjøen med grunnlendt mark kor gjødselpåverknaden er liten. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Prestøy har stadvis tydeleg mørke kalkbergartar og mosefloraen på berg og stein speglar dette. I nord grensar lokaliteten til ei naturbeitemark med meir kalkrike bergartar og bergknausar. Naturbeitemarka som her er avgrensa ligg i hallande terreng ned mot sjøen rundt omlag heile Prestøy. Lokaliteten har grundlendt og svært blokkrik mark som er tørr og tørkeutsett. Det finst innslag av kalkrike steinblokkar og forvitringsmateriale og noko kalkkrevjande flora, men ikkje i like stor grad som dei midtre delar av øya. Det er derfor valt å skilje ut to naturtypar på Prestøy der begge er sett til naturbeitemark, men med ulik utforming. I skråningane ned mot sjøen er påverknaden av gjødsel er liten, og særleg den vestlege og sørlege vart det funne mykje beitemarksopp, både vanlege og meir sjeldne artar vart registrert, samt artar som indikerer liten gjødselpåverknad. Karplantefloraen viser god næringstilgang og ein viss kalkpåverknad. På lause steinar finst innslag av kalkkrevjande moseflora. Den sør og vestlege delen av lokaliteten er den mest artsrike og finaste, medan det i nordaust er eit noko fattigare preg.

I den sør-vestvende skråninga av øya har naturbeitemarka artsrik, fin, blomstrande og nærings- og noko kalkrik utforming med gulmaure, blåstorr, smalkjempe, blåklokke, knollerteknapp, ryllik, tiriltunge, smyle, gulaks, hestehavre, kystmaure, hårsvæve, følblom, kystgrisøyre, strandnellik og strandkjeks. Andre artar som kan nemnast er kystmaure, tepperot, tiriltunge, knollerteknapp, stankstorkenebb, legeveronika, smyle og fuglevikke. På enkelte kalkrike steinar veks putevrimose *Tortella tortuosa* og krypsilkemose *Homalothecium sericeum*. Denne delen av lokaliteten hadde stor førekomst av vokssoppar i 2013. Det vart funne raud honningvokssopp (VU), russelærvokssopp (NT), engvokssopp, kantarellvokssopp, kjeglevokssopp, gul vokssopp, mønjevokssopp og papegøyevokssopp. Dei fem siste av desse vart også funne i sør-aust-hallinga lengst sør i lokaliteten. I tillegg vart det funne krittvokssopp, seig vokssopp og skjør vokssopp. I den nordaustlege delen vart det funne tre artar av vokssoppar, seig vokssopp, skarlagenvokssopp og papegøyevokssopp.

Blodtopp, svartburkne, brunrot og raudknapp er tilleggsartar som er registrert i sør, medan det i aust også finst meir røsslyng, hårsvæve, blåbær, geitsvingel og finnskjegg. Putevrimose finst på enkelte steinar i heile lokaliteten. Tidlegare (datert 1999) er det også registrert artar som vill-lin, blodstorkenebb, kamgras og loppestorr i tørrbakkene på Prestøy.

Artsmangfald:
Raud honningvokssopp (VU), russelærvokssopp (NT) vart funnen saman med mange andre artar av beitemarksopp.

Bruk, tilstand og påverknad:
Øya vert nytta til beite både for ungdyr og sau. Det finst ingen attgroing i lokaliteten. Tvers over øya går ei forseinking i slakt terreng og med djupare jordsmonn. Dette området er tydeleg godt gjødsla, men også andre flater på midtre delar av øya er gjødselpåverka. Desse areala er relativt artsfattige og dominert av gras og gjødseltolerante artar. Desse areala er derfor skilt ut og ikkje tatt med i naturtypeavgrensinga på Prestøy. Det er nokre ruinar på høgda i vest, elles er det ingen tekniske inngrep på Prestøy.

Framande artar:
Rynkerose, mispel sp. og svarthyll finst med få førekomstar.

Skjøtsel og omsyn:
For dei ugjødsla og mindre påverka skråningane ned mot sjøen vil det vere svært viktig at all gjødselpåverknad opphøyrar for at den artsrike og krevjande floraen skal vernast. Særleg viktig er dette for mange artar beitemarksopp som er svært lite gjødseltolerante. Det er eit ynskje at all gjødsling av Prestøy stansar slik at dei sårbare områda og artane ikkje vert påverka i det heile. Sjølv om naturtypane ikkje vert gjødsla direkte vil beitedyra bidra til indirekte påverknad like vel. Framande artar bør fjernast heilt.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi A (svært viktig) på grunnlag av at det er ei ugjødsla eller lite gjødsla naturbeitemark i ein region der slike areal er svært sjeldne og fordi det vart funne mykje beitemarksopp som indikerer verdifullt område. Det vart funne to raudlista artar av vokssopp, ein i kategori sårbar (VU) og ein nær trua (NT).

Figur 55. Utsikt over Prestøy frå nord mot sørvest. I hallingane ned mot sjøen er det lite gjødselpåverknad, medan flatene er tydeleg gjødsla. Dei mørke berga i bakgrunnen er kalkrike og inneheld ein rik og kalkkrevjande moseflora. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 56. Rikt kyst-hasselkratt på Samsøy med kranskonvall og ormetelg. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Samsøy

Naturbase ID: BN00037992
Ecofact ID: SET038
Kommune: Sola
Dato: 16.10.2013
Areal: 35 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utforming: Rikt hasselkratt (F0103) 70 %, Lindeskog (F0105) 30 %
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: Bjarne Oddane og Solbjørg Engen Torvik 16.10.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007).

Stad og naturgrunnlag:
Samsøy ligg i midtre del av Hafrsfjord kor det går eit belte med kalkspatmarmor og kalksilikatgneis i NV-SØ retning (NGU). Dette er kalkrike bergartar som gjev grunnlag for rik og krevjande plantevekst. Den nordaustleg delen av Samsøy har denne rike berggrunnen, medan den sørvestlege delen har fattigare bergartar diorittisk

til granittisk gneis som kan ha lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt. Glimmerskifer og amfibolitt kan likevel innehalde kalkrikt materiale. Samsøy har for det meste tynt jordsmonn med marine avsetnader i lågare område på austsida. Det er ingen store flate parti på øya, berre en åsrygg på 20 moh. i NV-SØ retning med relativt bratt halling ned mot sjøen på alle sider, brattast er det på nordvestsida. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Heile øya er skogkledd bortsett frå ei smal stripe langs sjøen og ein liten odde i nord. I sørvest består skogen av tett hasselkratt, med enkelte grupper av småstamma, krokete lindetre. Felt- og botnsjiktet har avgrensa lys-innstråling og vegetasjonen er sparsam, men inneheld likevel krevjande artar som speglar ein kalk- og næringsrik berggrunn. På toppen er skogen litt meir lysopen med større innslag av bjørk og rogn, og feltsjiktet er frodigare. I sørenden er det tilnærma rein lindeskog som også her har krokete stammar. I hasselkrattet i sørhallinga veks blant anna kusymre, kranskonvall, skogfiol, kvitmaure, kratthumleblom, enghumleblom, raud jonsokblom, markjordbær, gaukesyre, lundrapp, smyle og ormetelg. Dei fleste av desse veks også i nordhallinga kor det også finst firblad. I dei lysopne områda på toppen finst den raudlista planten skogvikke. På toppen og i nordhallinga veks fleire indikatorar på nærings- og kalkrikt område, kusymre, skogvikke, knollerteknapp, blodstorkenebb, gulmaure, kvitmaure, firblad, svartburkne, kransmynte, eføy, bringebær, teiebær, mjødurt, brunrot, smalkjempe, kystbjønnkjeks og rose sp. Storkransemose *Rhytidiadelphus triquetrus* er vanleg til dominerande over mest heile øya saman med litt kystkransemose *R. loreus*, medan krypsilkemose *Homalothecium sericeum* er ganske vanleg på steinar.

Artsmangfald:
Det er eit rikt artsmangfald på Samsøy, men artslista manglar eventuelle vårplantar som kan vere nedbrotne då synfaringa vart gjort seint på året. Det er derfor mogleg at det finst fleire interessante eller sjeldne artar. Artar verdt å nemne er kusymre, kranskonvall, skogfiol og firblad.

Bruk, tilstand og påverknad:
Samsøy brukast ikkje til beite og skogen har fått utvikla seg utan særlege inngrep. Det var spor etter noko "hogst" på nokre tre i aust.

Framande artar:
Bulkemispel. Sitkagran har spreidde førekomstar på nordaustsida og ei samling av nokre få store tre lengst nord.

Skjøtsel og omsyn:
All sitkagran bør fjernes, enten ved hogst og uttak eller ved å ringbarke trea og la naturen sjølve ta hand om dei. Det er ikkje så mange tre at det vil verte eit stort gjødslingsproblem. Samsøy er lite tilgjengeleg for folk flest slik at det vil truleg heller ikkje verte eit tryggleiksproblem. Elles bør skogen få utvikla seg mest mogleg utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi A (svært viktig) på grunnlag av at det er en fin og artsrik utforming av rikt hasselkratt. Alle lokalitetar med lindeskog og rikt hasselkratt på kalk eller amfibolitt skal ha A-verdi. Lokaliteten har ingen skjemmande inngrep.

Figur 57. Ortofoto av Grannesholmen tatt vinteren 2009 (Kjelde: Norgeibilder.no).Fotoet syner at det er lite attgroing på store delar av holmen kor det fortrinnsvis er graminider som veks. I nord er det nokre store grantre samt at det her er restar etter kystlynghei. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Grannesholmen

Naturbase ID: BN00038013
Ecofact ID: SET039
Kommune: Sola
Dato: 16.10.2013
Areal: 14 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04) 90 %, Kystlynghei (D07) 10 %
Utforming: Frisk/tørr middels næringsrik
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Bjarne Oddane og Solbjørg Engen Torvik 16.10.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg nær land i ei vik ved Sørnes vest i Hafrsfjord. Berggrunnen er stort sett fattig og består av fattige bergartar av diorittisk til granittisk gneis, men kan ha lag av kvartsitt og glimmerskifer samt enkelte førekomstar av amfibolitt (NGU).

Glimmerskifer og amfibolitt kan gje grunnlag for noko rikare plantevekst. Øya har tynt jordsmonn og høgaste punkt er ber 9 moh. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei naturbeitemark i sterkt forfall med litt kystlynghei i nordleg del av øya. Den har ikkje vorte beita i 2013 og sikkert ikkje på fleire år før det. Øya har mest sannsynleg vorte gjødsla med kunstgjødsel. I den nordvestlege delen står nokre store sitkagraner for attgroing av kystlyngheivegetasjon kor det nå er berre er litt røsslyng igjen på grunnlendte stader. I søraust er det grasmark med storvaksne slåttestorr, parti med bergrøyrkvein og flekkar med mjødurt. Artsinventaret innimellom dei storvaksne graminidane tyder likevel på at det har vore ei fin beitemark tidlegare. Artar som understøttar dette er engkvein, smalkjempe, tepperot, blåklokke, smyle, marigras, grasstjerneblom og engsyre.

Artsmangfald:

Bruk, tilstand og påverknad:
Ikkje hevda naturbeitemark i forfall.

Framande artar:
Sitkagran.

Skjøtsel og omsyn:
For å verna dei biologiske verdiane bør sitkagran fjernast og lokaliteten bør brennast før beite vert tatt opp att.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten er under tvil vurdert som ei naturbeitemark med verdi C (lokal verdi).

Figur 58. Stangaland-Rikmyr. Foto: Knut Børge Strøm.

Stangaland - rikmyr

Naturbase ID: BN00038009
Ecofact ID: KBS001
Kommune: Sola
Dato: 01.08.2013
Areal: 9,7 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Rikmyr (A05) 80 %, Kystmyr (A08) 20 %,
Utforming: Open intermediær- og rikmyr i låglandet 80%, Jordvassmyr 20%,
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: 1. august 2013 av Knut Børge Strøm.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er meir enn halvert utifrå opphaveleg storleik.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg situert i eit intensivt drev jordbrukslandskap, rett vest for Soma og sør for fylkesvei 509 i Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som betre enn 10 meter. Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane er dominert av tjukt

morenemateriale. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Den avgrensa naturtypen består av eit restareal av ei tidlegare stor rikmyr. Lokaliteten ligg i eit kulturmarksprega område, og har over fleire år vorte påverka som fylgje av oppdyrking, gjødsling og attgroing. Førekommande vegetasjonsutformingar fordelar seg i dag mellom ein dominans av middelsrik fastmattemyr og innslag av fattig tuemyr særleg på oversida av ein kanal som delar området i to. Naturbeitemark i frisk fattigeng-utforming finst og, men utgjer ingen stor prosentdel av naturtypelokaliteten.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert nokre raudlista artar innanfor lokaliteten, men det ses på som sannsynlig at dette finst. Rikmyrer er særdeles artsrike biotop, og er potensielle leveområde for ei lang rekke med sjeldne karplantar, mosar og insekt. Fugleliv verkar i tillegg å vere meir artsrikt på slike myrområde. Noterte artar er flekkmarihand*, røsslyng, klokkelyng, duskmyrull, tepperot, blåkoll, rundsoldogg, grøftesoleie, myrtistel, lyssiv, gulaks, rome, nyseryllik, blåklokke, engsoleie, tyttebær, tettegras, vendelrot, flaskestorr, stjernestorr, myrhatt, ryllsiv, einer, åkersnelle, mjødurt, blokkebær og krekling. Av meir næringskrevjande artar som vart funne kan myrsauløk, breiull, kvitmaure, loppestorr og blåstorr nemnast. Jåblom og gulsildre er registrert ved tidlegare undersøkingar. Det vart funne ein marihand som etter noko undersøking er valt å klassifisera som ein hybrid av flekkmarihand.

Bruk, tilstand og påverknad:
Gode delar av lokaliteten vert heldt i hevd ved storfebeite. Nokre tre og buskar har begynt å slå rot på myrpartiet ovanfor grøfta, dette som følge av liten beiteintensitet.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må områda rundt i minst mogleg grad gjødslast i den næraste sonen rundt myra. Beite bør oppretthaldas, og tas opp att på dei parti der det ikkje vert beita.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Gjeldane lokalitet gis verdi A (svært viktig) på bakgrunn av rikmyras verdi for biologisk mangfald og naturtypens sjeldanheit i nasjonal samanheng.

Figur 59. Kystmyr ved Gimra. Foto: Knut Børge Strøm.

Gimra

Naturbase ID: BN00038005
Ecofact ID: KBS002
Kommune: Sola
Dato: 30.07.2013
Areal: 10 daa
Hovudnaturtype: Myr og Kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 30. juli 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er noko justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i eit opent Jærsk landskap, mellom Gimra og Tjelta i Sola kommune. Området ligg i direkte tilknyting til ein rekke beiteareal og fulldyrka jordbruksareal. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som betre enn 10 meter. Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt

medan lausmassane er dominert av tjukt morenemateriale. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystmyr (A08) med utforminga jordvassmyr. Delar av området kan truleg føres til naturbeitemark av fattig utforming både i fuktige og meir tørre variantar. Det er fleire stader vanskeleg å sette klare grenser mellom ulike typar myr og vidare over i fukthei, fuktige fattige naturbeitemarker. Sidan myrene i kystområda har vore i så sterk tilbakegang er det hensiktsmessig å bruke denne breie «typen» i denne samanheng. Av vegetasjonstypar kan fattig tuemyr (K2) seiast å vera dominerande med innslag av fattig fastmattemyr (K3) og frisk fattigeng (G4).

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert raudlista artar innanfor lokaliteten. Av vanlig førekommande artar kan flekkmarihand, tettegras, tepperot, flaskestorr, raudsvingel, gulaks, lyssiv, klokkelyng, rome, myrhatt, bukkeblad, grøftesoleie, kvitkløver, myrtistel, rundsoldogg og marikåpe nemnast.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten vert heldt i god hevd av beitedyr, og er generelt sett lite prega av attgroing. Ytterkantane kan seiast å vera smått påverka av dei gjødsla areala rundt.

Framande artar:
Sitkagran (SE-Svært høg risiko)

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må områda rundt i minst mogleg grad gjødslast i den næraste sonen rundt myra. Beite bør oppretthaldas.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Gjeldene lokalitet gis verdi B (viktig) på bakgrunn av kystmyrlokalitetanes sjeldanheit i boreonemoral sone, og det faktum at lokaliteten er ei intakt myr over 5 daa med lite menneskeleg påverknad.

Figur 60. Våteng ved Tjelta. Foto: Knut Børge Strøm.

Tjelta

Naturbase ID: BN00038015
Ecofact ID: KBS003
Kommune: Sola
Dato: 30.07.2013
Areal: 11 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 30. juli 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert kraftig ned.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg mellom Tjelta og Gimra i Sola kommune, og trer fram som eit typisk restareal i eit elles intensivt drevet jordbrukslandskap. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som betre enn 10 meter. Bergrunnen

består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane er dominert av tjukt morenemateriale. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten omfattast av eit frodig og stadvist svært fuktig søkk i terrenget. Området kan seiast å vere vanskeleg å plassera til ein naturtype, men det nærmaste vil vera ei naturbeitemark i ein tidleg brakkleggingsfase. Det avgrensa arealet framstår vidare som ein mosaikk mellom fukteng/våteng og helofyttsump, og plasserast derfor til vegetasjonstypen våt/fuktig, middels næringsrik eng (G12). Enkelte tuer med lyngvegetasjon finst sprett, og har tilknyting til den nærliggande kystlyngheia som i dag er utan særleg verdi pga. fragmentering som fylgje av attgroing.

Artsmangfald:
Den botaniske artsdiversiteten kan seiast å vere beskrivande for områdets fuktige utforming, med ein rekke artar som trivst med stor vasstilførsel. Av desse kan bukkeblad, flaskestorr (m), myrhatt (m), torvmyrull, kattehale, vendelrot og blåtopp framhevast. På tørrare parti finst det mykje røsslyng, blokkebær, engsoleie, broddtelg, slåttestorr og myrtistel. Det vart ikkje registrert nokre raudlista eller sjeldne artar innanfor avgrensinga. Potensialet for dette sjåast på som relativt lite, særleg med tanke på førekomst av sjeldne beitemarksopp.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er oppslag av ein god del unge tre og vierbusker, noko som vitnar om eit manglande beitepress. Det er fare for ytterligare attgroing om beite ikkje vert tatt opp att. Tilgrensande område vert gjødsla og næringsrikt sigevann kan verke øydeleggjande for dei ugjødsla areala.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Ein bør også vere varsam med gjødsling i grensene mot den avgrensa lokaliteten. Kratt og oppveksande tre kan med fordel fjernast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei ugjødsla naturbeitemark i et område der slike areal er svært sjeldne.

Figur 61. Kystlynghei Tjelta. Foto: Knut Børge Strøm.

Tjelta 2

Naturbase ID: BN00037965
Ecofact ID: KBS004
Kommune: Sola
Dato: 31.07.2013
Areal: 14 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Småbiotopar (D11)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 31. juli 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg mellom Tjelta og Gimra i Sola kommune, og trer fram som eit typisk restareal i eit elles intensivt drevet jordbrukslandskap. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som betre enn 10 meter. Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane er dominert av tjukt morenemateriale. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av kystlynghei i mosaikk med fuktigare område med naturbeitemark. I samband med verdisetting og avgrensing av lyngheier på sørvestlandet, skal berre dei mest intakte og homogene utformingane tas ut som ein eigen avgrensing. Gjeldane lokalitet fell difor på grunn av størrelsen inn under naturtypen småbiotopar (D11). Vegetasjonstypane kan setjast til fuktig kystlynghei (H3) med småflekkar med torvmose, samt et godt innslag av våt/fuktig middels næringsrik eng (G12).

Artsmangfald:
Den biologiske diversiteten er representativ for ugjødsla lyngheier og beitemarker. Av artar kan flekkmarihand, klokkelyng, blåtopp, rome, tepperot, røsslyng, krekling, torvmyrull, grøftesoleie, blokkebær, gulaks, myrhatt, flaskestorr, tiriltunge, einer, elvesnelle, kvitkløver, vendelrot, myrtistel, åkersnelle og geitrams nemnast. Det vart ikkje registrert nokre raudlista eller sjeldne artar innanfor avgrensinga.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert beita av storfe. Det er oppslag av nokre unge tre og vierbusker. Tilgrensande område vert gjødsla og næringsrikt sigevann kan verke øydeleggjande for dei ugjødsla areala.

Framande artar:
Sitkagran (SE-Svært høg risiko).

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Ein bør også vere varsam med gjødsling i grensene mot den avgrensa lokaliteten. Kratt og oppveksande tre kan med fordel fjernast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Avgrensinga får verdi B fordi det er ein småbiotop i et elles svært intensivt drevet jordbrukslandskap.

Figur 62. Oddamyra. Foto: Knut Børge Strøm.

Oddamyra

Naturbase ID: BN00037980
Ecofact ID: KBS005
Kommune: Sola
Dato: 31.07.2013
Areal: 23 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 31. juli 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i eit opent Jærsk landskap, rett aust for Ræge kyrkje på Ræge i Sola kommune. Området ligg i direkte tilknyting til ein rekke beiteareal og fulldyrka jordbruksareal. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som betre enn 10 meter. Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane er dominert av tjukt morenemateriale. Området

ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystmyr (A08) i Jordvassmyr utforming. Delar av området kan truleg føres til naturbeitemark av fattig utforming både i fuktige og meir tørre variantar. Det er fleire stader vanskeleg å sette klare grenser mellom ulike typar myr og vidare over i fukthei, fuktige fattige naturbeitemarker. Sidan myrene i kystområda har vore i så sterk tilbakegang er det hensiktsmessig å bruke denne breie «typen» i denne samanheng. Av vegetasjonstypar kan fattig tuemyr (K2) seiast å vera dominerande med innslag av fattig fastmattemyr (K3) og frisk fattigeng (G4).

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert noko raudlista artar innanfor lokaliteten. Vanlig førekommande artar er flekkmarihand, tettegras, pors, tepperot, flaskestorr, røsslyng, nyseryllik, myrklegg, blåtopp, gulaks, klokkelyng, lyssiv, rome, myrhatt, bukkeblad, grøftesoleie, kvitkløver, myrtistel, rundsoldogg og marikåpe.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten vert heldt i god hevd av storfe, og er generelt sett lite prega av attgroing. Enkelte oppslag av ung bjørk, rogn og sitkagran finst. Ytterkantane kan seiast å vera litt påverka av dei gjødsla areala rundt.

Framande artar:
Sitkagran (SE-Svært høg risiko)

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må områda rundt i minst mogleg grad gjødslast i den næraste sonen rundt myra. Beite bør oppretthaldas, og oppslag av tre kan med fordel fjernast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Gjeldene lokalitet gis verdi B (viktig) på bakgrunn av kystmyrlokalitetanes sjeldanheit i boreonemoral sone og det faktum at lokaliteten er ei intakt myr over 5 daa med lite menneskeleg påverknad.

Figur 63. Joabakken gammal edellauvskog. Foto: Knut Børge Strøm.

Joabakken

Naturbase ID: BN00037975
Ecofact ID: KBS006
Kommune: Sola
Dato: 02.08.2013
Areal: 9,6 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Eikeskog
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 2. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i ein søraustvend brattskråning på Joa i Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og GPS og reknas som relativt god (under 20 m). Bergrunnen består utelukkande av amfibolitt, hornblendegneis og glimmergneis, stadvis migmatittisk. Lausmassane omfattast av berg i dagen samt eit tynt lag med morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear,

(ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Førekommande naturtype kan utelukkande klassifiserast som ein gammal fattig edellauvskog. Gammal fattig edellauvskog skildrast som ein skog med fattige utformingar i vegetasjonssamanheng, men som pregas av tre med høg alder og eit høgt artsinventar av sopp, lav, mosar og insekt. Mange av utformingane er nasjonalt sjeldne, på bakgrunn av at gamle tre representerer eit kontinuitetsmiljø, som igjen skapar leveforhold for raudlista artar. Edellauvskogen på Joa veks i eit topografisk varierande terreng, og jordsmonnet er frisk til fattig kva botaniske vekstforhold omfattar. Eik er dominerande art i tresjiktet, medan hassel stadvist dannar et tett busksjikt. Trea er jamt over av god alder. Nokre eiketre er ekstra grove og gamle. Førekomsten av daud ved er sparsamt gjennom heile lokaliteten. Skogen kan seiast å vere av fin og representativ for gamle eikeskogar. Størrelsen på skogen har minka kraftig dei siste åra, og berre kjernen står att, men han har utan tvil ein stor verdi i ein kommune der det er lite attverande skogareal. Karplantefloraen dominerast av følgjande artar: gaukesyre, bringebær, ormetelg, eføy, vivendel, liljekonvall, blåbær, sisselrot, maiblom, vårkål, marimjelle, einstape, raud jonsokblom, bjørnebær, ask, vendelrot og kusymre. Av utformingar kan det på bakgrunn av treslagsdominans setjast til eikeskog med innslag av fattig hasselkratt.

Artsmangfald:
Det vart ikkje funne nokre sjeldne eller trua artar. Ask (NT) var einaste raudlistearten som vart funne her. Kryptogamfloraen verka generelt sett å vera fattig, forutan ein rikeleg førekomst av indikatorarten muslinglav. Til tross for at det ikkje vart funne særleg med artar, vurderas skogen å vere et bra biotop for sjeldne artar, særleg om den får utvikla seg fritt i åra som kjem.

Bruk, tilstand og påverknad:
Den avgrensa lokaliteten er meir eller mindre intakt med tanke på større menneskelege inngrep. Områda rundt med hus og planta granskog legg likevel press på eikeskogen.

Framande artar:
Mispel sp. Platanlønn SE-svært høg risiko.

Skjøtsel og omsyn:
Det bør ikkje foretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, og med det meinast fyst og fremst hogst og treslagsskifte av stadbundne lauvtre.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi avgrensinga består av gammal fattig edellauvskog i eit område der naturtypen så og sei er ikkje eksisterande pga. utbyggingspress.

Figur 64. Renneberget-Søraust. Foto: Knut Børge Strøm.

Renneberget, søraust, i Madlalia

Naturbase ID: BN00038007
Ecofact ID: KBS007
Kommune: Sola
Dato: 02.08.2013
Areal: 14 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Eikeskog
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 2. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg som ein fragmentert skogsholme søraust for Renneberget, i eit område dominert av busetnad og landbruksmark. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og GPS og reknas som relativt god (under 20 m). Bergrunnen består utelukkande av fyllitt, glimmerskifer. Lausmassane omfattast av berg i dagen samt eit tynt lag med morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear,

(ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Førekommande naturtype kan i all hovudsak klassifiserast som ein gammal fattig edellauvskog. Gammal fattig edellauvskog beskrivas som ein skog med fattige utformingar i vegetasjonssamanheng, men som pregas av tre med høg alder og eit høgt artsinventar av sopp, lav, mosar og insekt. Mange av utformingane er nasjonalt sjeldne, på bakgrunn av at gamle tre representerer eit kontinuitetsmiljø, som igjen skapar leveforhold for raudlista artar. Edellauvskogen veks i eit topografisk varierande terreng, og jordsmonnet er frisk til fattig kva botaniske vekstforhold omfattar. Eik er dominerande art i tresjiktet, medan hassel, kristtorn og bjørnebær stadvist dannar et tett busksjikt. Tresjiktet framstår veldig varierande, og det er tydeleg at skogen har våre av ein meir lysåpen variant tidlegare. Mykje unge tre finst innan naturtypeavgrensinga, men også ei rekke eldre og verdifulle eiketre. Nokre eiketre synast ekstra grove og gamle. Enkelte område i skogen har innslag av ein fattig bjørkeutforming. Førekomsten av daud ved er sparsamt gjennom heile lokaliteten. Størrelsen på lokaliteten har minka dei siste åra, kor den omtalte hagemarka utgår som fylgje av attgroing og sterk gjødselpåverknad. Skogen har utan tvil ein stor verdi i ein kommune der det er lite attverande skogareal. Karplantefloraen domineras av følgjande artar: gaukesyre, bringebær, ormetelg, eføy, vivendel, liljekonvall, blåbær, sisselrot, maiblom, marimjelle, einstape, raud jonsokblom, bjørnebær, ask, rogn, osp, blåtopp, vendelrot og kusymre. Av utformingar kan det på bakgrunn av treslagsdominans setjast til eikeskog.

Artsmangfald:
Det vart ikkje funne nokre sjeldne eller trua artar, men potensialet for dette sjåast på som relativt stort. Rett utanfor avgrensinga finst eit gjødsla sauebeite kor det står fleire flotte eiketre. Kryptogamfloraen er på desse trea svært rik, med blant anna god førekomst av eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT). Av andre artar kan desse nemnast: grå fargelav, bristlav, barkragg, messinglav og muslinglav.

Bruk, tilstand og påverknad:
Den avgrensa lokaliteten er meir eller mindre intakt med tanke på større menneskelege inngrep. Områda rundt med busetnad legg likevel press på skogen, med ein god del slitasje frå leik og spreiing av hageplantar.

Framande artar:
Platanlønn (SE), Mispel sp, parkslirekne (SE).

Skjøtsel og omsyn:
Det bør ikkje foretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, og med det meinast fyst og fremst hogst og treslagsskifte av stadbundne lauvtre.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi avgrensinga omfattar gammal fattig edellauvskog i eit område der naturtypen så og sei er ikkje eksisterande pga. utbyggingspress.

Figur 65. Grannesvågen parklandskap. Store mengder eikelav (NT) kan ses på trestammene. Foto: Knut Børge Strøm.

Vesthasen på Grannes

Naturbase ID: BN00037970
Ecofact ID: KBS008
Kommune: Sola
Dato: 02.08.2013
Areal: 3,4 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Parklandskap (D13)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 2. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg vakkert til på austsida av Grannesvågen, ut mot Hafrsfjord i Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og GPS og reknas som god (under 5 m). Bergrunnen består utelukkande av amfibolitt, hornblendegneis og glimmergneis, stadvis migmatittisk. Lausmassane omfattast av berg i dagen samt

varierande tynt og tjukt lag med morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Ein særdeles flott lokalitet som innehar ein stor verdi som landskapselement. Ligg vakkert til i ein sørvestvend blokkrik tørrbakke ned mot Grannesvågen. Er med på å danne eit heilskapleg kulturlandskap. Avgrensinga inneheld eit godt tall med gamle, vindblåste og krokete eiketre. Enkelte grove asketre finst også. I utganspunktet kvalifiserer lokaliteten til å tas ut som hagemark, på bakgrunn av ein lysopen tresetjing som veks på beita kulturmark. Marka er diverre kraftig påverka av kunstgjødsel, og innehar difor ikkje dei kvalitetane som krevjast for denne naturtypen. Som ei erstatning, og på bakgrunn av at gjeldane lokalitet inneheld store verdiar både for biologisk mangfald og sett frå ein landskapsmessig ståstad, setjas lokaliteten til naturtypen parklandskap (D13).

Artsmangfald:
Parklandskap representerer stabile kontinuitetsmiljø for artar tilknytt gamle tre. Eike og asketrea innan lokaliteten gjer seg i så måte absolutt gjeldane. Den sjeldne og raudlista eikelaven *Flavoparmelia caperata* (NT) har mest sannsynleg ein av kommunens aller største førekomstar her. Så og sei kvart et tre har populasjonar av eikelav, kor enkelte stammar er heilt dekka. Det sjås på som mogleg at det finst andre sjeldne artar også, eksempelvis grå punktlav *Punctelia subrudecta* (EN) som trivst i slike lysopne biotopar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Marka vert gjødsla og hardt beita av sau. Sjølve trea er ikkje påverka i noko negativ grad av menneskeleg aktivitet.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det bør ikkje foretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, og med det meinast fyst og fremst hogst og treslagsskifte av stadbundne lauvtre. Det hadde våre svært positivt for lokaliteten om gjødslinga hadde opphøyrd. Med berre naturleg beiting vil eit variert mangfald av karplantar over tid kunna returnera til området, noko som kan auka verdien betrakteleg.

Del av heilskapleg landskap:
Naturtypeavgrensinga er ein del av eit større og estetisk vakkert landskapsområde ved Hafrsfjord. Er også ein del av eit viktig og mykje nytta turområde for lokale bebuarar.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) fordi det er eit velutvikla og flott kontinuitetsområde med gamle tre og sjeldne artar.

Figur 66. Foto: Knut Børge Strøm.

Hanaberget på Grannes

Naturbase ID: ECO_001
Ecofact ID: KBS009
Kommune: Sola
Dato: 02.08.2013
Areal: 15 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 2. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg vakkert til på austsida av Grannesvågen, ut mot Hafrsfjord i Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og GPS og reknas som god (under 10 m). Bergrunnen består utelukkande av amfibolitt, hornblendegneis og glimmergneis, stadvis migmatittisk. Lausmassane omfattast av berg i dagen samt eit

tynt og tjukt lag med morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området framstår som eit ugjødsla og til dels brakklagt beiteområde og vert sett til naturtypen naturbeitemark (D04). Topografien i området er nok årsaka til at dette området ikkje er oppgjødsla eller omgjort til kunstmark. Avgrensinga er omfatta av ein langsgåande knaus, med nokre meter ned til sjøen på den eine sia og fulldyrka åker på den andre. Framtoningen til lokaliteten er variabel, med tørrare område dominert av lyngartar og nakent berg til meir grasdominans og til og med eit lite felt med krokete og gamle eiketre. Ein hard og lite mineralrik berggrunn medfører at vegetasjonstypen kan setjast til frisk fattigeng (G4). Noterte artar er ryllik, nyseryllik, gulaks, smalkjempe, blåklokke, harerug, blåkoll, tiriltunge, prestekrage, engsoleie, tepperot, kvitkløver, marikåpe sp., nype sp., blåknapp, røsslyng og tyttebær.

Artsmangfald:
Det vart ikkje registrert nokre raudlista eller sjeldne artar innanfor avgrensinga. På bakgrunn av funn av ein rekke gjødselssky indikatorartar, vurderast det at det finst et visst potensial for sjeldne beitemarksopp.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten vert ikkje heldt i hevd, og som et resultat er naturtypen iferd med å gro att. Særleg sørvest i avgrensinga har det vokse opp mykje ungtre og buskvekstar.

Framande artar:
Sitkagran (SE)

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Ein bør også vere varsam med gjødsling i grensene mot den avgrensa lokaliteten. Buskar og oppvekst av ungtre/sitkagran kan med fordel fjernast.

Del av heilskapleg landskap:
Naturtypeavgrensinga er ein del av eit større og estetisk vakkert landskapsområde ved Hafrsfjord. Det er også ein del av eit viktig og mykje brukt turområde for lokale bebuarar.

Verdisetjing:
Området får verdi B (viktig) fordi det er ei naturbeitemark som er lite gjødselpåverka i eit område der slike areal er svært sjeldne.

Figur 67. Kystmyrlokalitet på Røyneberg. Foto: Knut Børge Strøm.

Kvitmyr på Røyneberg

Naturbase ID: BN00038044
Ecofact ID: KBS009
Kommune: Sola
Dato: 3.8.2013
Areal: 12 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 3. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett vest for Kidlingberget, på Røyneberg i Sola kommune. Området er ein attverande rest av opphaveleg natur som er omkransa av beiteareal og fulldyrka jordbruksareal. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som betre enn 10 meter. Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane er dominert av tjukt morenemateriale. Området ligg

ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystmyr (A08) i jordvassmyr utforming. Lokaliteten har tidlegere våre mykje større i areal, men mangel på hevd har ført til ei kraftig attgroing av lauvtre. Det avgrensa myrområdets framtoning er fortsett representativ for naturtypen, men attgroing er ein overhengande trussel med fleire treklynger spreidd rundt i lokaliteten. Vegetasjonstypane dominerast av ein tua fattigmyr-utforming (K2), men har også eit innslag av våtare mjukmattemyr (K4) i sørvest.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert noko raudlista artar innanfor lokaliteten, og potensialet for dette sjåast på som lite, då myrområdet er fattig og lite næringsrikt. Av artar kan duskmyrull, torvmyrull, rome, tepperot, slåttestorr, flaskestorr, bukkeblad, blåtopp, pors, røsslyng, blokkebær og klokkelyng framhevast som gjennomgåande vanlege og dominerande innanfor gjeldane lokalitet.

Bruk, tilstand og påverknad:
Godt oppslag av lauvtre vitnar om ein svak hevdintensitet dei siste åra.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar bør den avgrensa lokaliteten ryddast for tre og eit berekraftig beite bør tilbakeførast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Gjeldane lokalitet gis verdi B (viktig) på bakgrunn av kystmyrlokalitetanes sjeldanheit i boreonemoral sone og det faktum at lokaliteten er ei intakt myr over 5 daa med lite menneskeleg påverknad.

Figur 68. Dyneeng på Kolnes. Foto: Knut Børge Strøm.

Kolnes

Naturbase ID: BN00037976
Ecofact ID: KBS010
Kommune: Sola kommune
Dato: 06.08.2013
Areal: 13 daa
Hovudnaturtype: Havstrand / Kyst (G)
Naturtype: Sanddyne (G03)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 6. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten har ei kystnær lokalisering, med berre 10 meter ifrå strandlinja i Kolnes, Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og GPS og reknas som god (under 5 m). Bergrunnen består utelukkande av amfibolitt, hornblendegneis og glimmergneis, stadvis migmatittisk. Lausmassane omfattast av vindavsetning, som i

botn og grunn er flygesand, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O2t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Eit særprega og særleg flott område som representerer sanddynelandskap utanfor landskapsvernområda. Naturtypen kan setjast til sanddyne (G03) i ein tørr til friskeng-utforming (W2a,W2b). Det finst også mindre innslag av fuktigare dynetrau (W4). Den botaniske diversiteten er rik, med førekomst av ein rekke kalkkrevjande artar. Lokaliteten er tidlegare skildra som eit av kommunens mest artsrike kva flora angår. Gjeldane naturtype er med andre ord eit viktig område med tanke på ivaretaking av biologisk mangfald. Ein rekke mindre vanlege artar innan kommunen veks på lokaliteten. Av desse kan nattfiol, rundskolm og bakkestjerne nemnast. Andre artar er storengkall, bitterbergknapp, nyseryllik, ryllik, strandkjempe, krypvier, skjermsveve, gulmaure, gjeldkarve, sandstorr, blåstorr, krekling, tiriltunge, raudsvingel, slåttestorr, blokkebær, røsslyng, strandrug, storblåfjør, lintorskemunn, hanekam, gåsemure, sølvmure, engsoleie, sløke, fuglevikke, åkertistel, marehalm, grasstjerneblom, gulaks, blåklokke, raudkløver, blokkebær, geitrams, mjødurt, vendelrot, tyttebær, tepperot, klokkelyng, einer og skogstorkenebb.

Artsmangfald:
Ingen raudlista eller nasjonalt sjeldne artar er registrert innan lokaliteten. Moglegheita for dette sjåast likevel på som tilstade, då kalkrik sanddynemark er et biotop med mange sjeldsynte artar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Naturtypelokaliteten har ein bra tilstand kva menneskelege inngrep angår, då det ikkje er føretatt noko tekniske inngrep. Oppslag av buskfuru, sitkagran og lauvtre truar sanddynemarka med attgroing.

Framande artar: Sitkagran (SE), rynkerose (SE) og buskfuru (SE).

Skjøtsel og omsyn:
All form for gjødsling og tekniske inngrep som kan verka øydeleggande for lokalitetens mangfald må unngåast. Positivt for lokalitetens nåverande og framtidig verdi vil vera å fjerna alt oppslag av tre og buskar.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) fordi det er eit velutvikla og intakt restareal av naturtypen sanddynemark, med eit representativt og stort artsmangfald.

Figur 69. Hasselkratt ved Ørnaberget. Foto: Knut Børge Strøm.

Ørnaberget

Naturbase ID: BN00037948
Ecofact ID: KBS011
Kommune: Sola kommune
Dato: 06.08.2013
Areal: 3 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog 90 %, Rik edellauvskog 10 %
Utforming: Fattig hasselkratt 90 %, Rikt hasselkratt 10 %
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 6. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg søraust for Ørnaberget på Risa i Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og GPS og reknas som god (under 10 m). Bergrunnen består utelukkande av amfibolitt, hornblendegneis og glimmergneis, stadvis migmatittisk. Lausmassane omfattast av berg i dagen samt eit tynt og tjukt lag med morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear,

(ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O2t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av ein liten og hasseldominert skog og kan setjast til en mosaikk mellom gammal fattig (F01) og rik edellauvskog (F02). Ein utforming av fattig hasselkratt er dominerande, medan det finst eit lite innslag av rikt hasselkratt (EN) heilt sørvest i avgrensinga. Skogen veks i eit kupert terreng, rett i nedre kant av ein større bergskrent. Feltsjiktet varierer mellom ei ur- og rasmarksskråning til områdar med meir fast jord. Det finst noko daud ved, men førekomsten kan generelt sett beskrivast som sparsam. Av artar vart det blant anna funne rikmarksartane kranskonvall og skogsvinerot, i tillegg til artar som gaukesyre, vivendel, bjønnkam, skogfiol, gullris, brunrot, raud jonsokblom, skogburkne, eføy og kusymre,

Artsmangfald:
Ingen raudlista eller sjeldne artar er registrert innan lokaliteten. Moglegheita for dette sjåast i tillegg på som relativt dårleg, då avgrensinga i seg sjølv er av liten utstrekning.

Bruk, tilstand og påverknad:
Naturtypelokaliteten har ein bra tilstand kva menneskelege inngrep angår, då det ikkje er føretatt noko tekniske inngrep. Skogen vert beita av hest, og har stadvist tråkkskadar.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det bør ikkje foretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, og med det meinast fyst og fremst hogst og treslagsskifte.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi C (lokalt viktig) fordi det er eit mindre restareal av gammal og rik edellauvskog.

Figur 70. Naturbeitemark på Grøthaug. Foto: Knut Børge Strøm.

Grøthaug på Haga

Naturbase ID: ECO_002
Ecofact ID: KBS011
Kommune: Sola
Dato: 07.08.2013
Areal: 1,8 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: 7. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Gjeldane lokalitet er ny i 2013, og vart avdekka under synfaring av ein tidlegare avgrensa naturtype i nærleiken.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i eit beitedominert jordbrukslandskap på Grøthaug i nærleiken av Haga, Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og vurderast med det som mykje god (under 5 m). Ifølgengu.no består bergrunnen utelukkande av ei åra med kalkspatmarmor. Lausmassane omfattast av eit tjukt lag med morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av

isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O2t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området er ein del av eit større samanhengande beiteområde, og utgjer eit estetisk særleg flott kulturlandskap. Den avgrensa lokaliteten er i seg sjølv liten, men er på bakgrunn av tilstand og utforming som kanskje ei av de flottaste naturbeitemarkene (D04) i kommunen. Beitemarka er naturleg avgrensa frå oppgjødsla beiteareal rundt, då eit gammalt steingjerde strekker seg så og sei heile vegen rundt lokaliteten. Topografien er variert, med eit høgdedrag, småbakkar med knausar og flatare felt med kampesteinar dekka av lav. Berggrunnen inneheld kalk, noko som legg til rette for en sjeldan og rik sopp- og karplanteflora. Vegetasjonstypen kan setjast til lågurteng (tørr rikeng i låglandet). Denne naturtypen har vorte veldig sjeldan på landsbasis, og er av den grunn vurdert til å vera sterkt trua (EN) i Fremstad og Moens trua vegetasjonstypar i Norge (2001). Noterte artar er gulmaure, raudknapp, blåklokke, tiriltunge, prestekrage, ryllik, nyseryllik, raudkløver, engsoleie, smalkjempe, gulaks, kvitkløver, hundegras, ugrasløvetann og raudsvingel.

Artsmangfald:
Det vart ikkje registrert nokre raudlista eller sjeldne artar innanfor avgrensinga. På bakgrunn av funn av ein rekke gjødselssky indikator- og rikmarksartar, vurderast potensialet for sjeldne beitemarksopp og plantar å vere til stades.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert i dag nytta til sauebeite og er derav i god hevd. Tilgrensande område vert gjødsla, noko som kan speglast enkelte stader innan avgrensinga.

Framande artar:
Rynkerose (SE-svært høg risiko)

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Ein bør også vere varsam med gjødsling i grensene mot den avgrensa lokaliteten. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten framstår som ein oase i et større jordbrukslandskap.

Verdisetjing:
Området får verdi A (svært viktig) fordi det er ei kalkrik naturbeitemark som er lite gjødselpåverka i eit område der slike areal er svært sjeldne.

Figur 71. Øst for Store Snøde. Foto: Knut Børge Strøm.

Øst for Store Snøde

Naturbase ID: BN00037996
Ecofact ID: KBS012
Kommune: Sola
Dato: 06.08.2013
Areal: 43 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04) 90 %, Kystmyr (A08) 10 %
Utforming:
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 6. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er noko justert (ned).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i eit jordbruksdominert landskap søraust for Store Snøde i Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og vurderast med det som god (under 10 m). Berggrunnen består utelukkande av amfibolitt, hornblendegneis og glimmergneis, stadvis migmatittisk. Lausmassane omfattast av eit tynt og tjukt lag med morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert

og avsett av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O2t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området ligg ned mot Hafrsfjord og dannar saman med områda rundt eit større samanhengande landskapsrom med få tekniske inngrep og stor visuell og rekreasjonsmessig verdi. Den avgrensa lokaliteten synast stadvist godt gjødsla, medan andre delar er lite påverka av det som mest sannsynleg er kunstgjødsel. Naturtypen kan setjast til ein mosaikk mellom ei frisk til fuktig naturbeitemark (D04) og mindre felt med kystmyr (A08). Lokaliteten er veldig variert kva utforming og topografi angår. I vest på eit litt høgare platå finst det utelukkande open frisk fattigeng (G4), medan dei lågaste partia er fuktigare og meir prega av attgroing. Området er generelt sett tua og har godt innslag av steinblokker. Noterte artar er engsoleie, røsslyng, blåklokke, gaukesyre, stornesle, smalkjempe, høymole, skogburkne, ryllik, tepperot, fuglevikke, engsyre, bringebær, blåkoll kvitkløver, myrtistel, sølvvier, rogn, bjørk, lyssiv, grasstjerneblom, englodnegras, gullris, kristtorn, rome, duskmyrull, blåbær, blokkebær, klokkelyng og flekkmarihand.

Artsmangfald:
Det vart ikkje registrert nokre raudlista eller sjeldne artar innanfor avgrensinga. Utifrå dagens tilstand vurderas det som lite sannsynlig at det finst noko sjeldne artar på lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert nytta til hestebeite, men beitetrykket er ujamt. Dei best beita områda er også dei som er mest gjødsla, medan dei lite gjødsla område er prega av attgroing.

Framande artar:
Mispel sp., sitkagran (SE-svært høg risiko).

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Gode delar av lokaliteten bør ryddast for ungtre for å forhindra ytterligare attgroing.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Område får verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei attverande rest av naturbeitemark og kystmyr, i et område der slike areal er svært sjeldne. Verdien kan med åra aukas, viss nemnte skjøtsel og omsyn vert sett i verk.

Figur 72. Store Snøde. Foto: Knut Børge Strøm.

Store Snøde

Naturbase ID: BN00037995
Ecofact ID: KBS013
Kommune: Sola
Dato: 06.08.2013
Areal: 23 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 6. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert (ned).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på Store Snøde i Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og vurderast med det som god (under 20 m). Berggrunnen består utelukkande av amfibolitt, hornblendegneis og glimmergneis, stadvis migmatittisk. Lausmassane omfattast utelukkande av bart fjell, med eit stadvis tynt

vegetasjonsdekke, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O2t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området omfattast av eit relativt lite restareal av naturtypen kystlynghei (D07). Store Snøde var tidlegare ei større og fin lyngheiutforming, men er i dag prega av mangel på hevd gjennom beite og brenning. Avgrensinga gjeld i all hovudsak dei øvste og mest grunnlendte partia, kor trea ikkje heilt har klart å slå rot. Kystlynghei er ein naturtype i sterk tilbakegang og Norge inneheld i så måte eit spesielt ansvar i bevaring av denne naturtypen. Gjeldane lokalitet er derfor verdt å ta vare på, både med tanke på dei biologiske verdiane, men også lyngheias estetiske rolle i det lokale landskapsrommet. Vegetasjonen består av røsslyng på dei meir grunnlendte partia og mykje blåtopp, klokkelyng og bjønnskjegg i senkingar og på djupare jord. Vegetasjonstypane kan klassifiserast som tørr lynghei (H1) i mosaikk med fuktig lynghei (H3). Av artar kan tepperot, blåbær, tyttebær, flekkmarihand, blokkebær, finnskjegg, geitsvingel og blåklokke nemnast.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert noko raudlista artar innanfor lokaliteten. Potensialet for dette sjåast på som lite, då lyngheia er av fattig utforming og avgrensa størrelse.

Bruk, tilstand og påverknad:
Store delar av lokaliteten er allereie utgått pga. attgroing. Sau beitar i delar av området.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det bør oppretthaldas eit jamt beitepress i det attverande lyngheiarealet.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Avgrensinga får verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei attverande kystlynghei i et område elles dominert av intensivt drevet jordbrukslandskap og infrastruktur.

Figur 73. Bjergsted - kystmyr. Foto: Knut Børge Strøm.

Bjergested - kystmyr

Naturbase ID: BN00037953
Ecofact ID: KBS014
Kommune: Sola
Dato: 02.08.2013
Areal: 6,3 daa
Hovudnaturtype: Myr og Kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 2. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg ved Bjergested sør for Røyneberg i Sola kommune. Området er ein attverande rest av opphaveleg natur som er omkransa av menneskelege kunstmarksareal. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som betre enn 10 meter. Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane utelukkande omfattast av torv og myr. Området

ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystmyr (A08) i jordvassmyr utforming. Lokaliteten har tidlegere våre mykje større i areal, men mangel på hevd har ført til ei kraftig attgroing av lauvtre. Det avgrensa myrområdets framtoning er fortsett representativ for naturtypen, men attgroing er ein overhengande trussel med fleire tre spreidd rundt i lokaliteten. Vegetasjonstypen domineras av ein tua fattigmyrsutforming (K2).

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert noko raudlista artar innanfor lokaliteten, og potensialet for dette sjåast på som lite, då myrområdet er fattig og lite næringsrikt. Av artar kan duskmyrull, torvmyrull, rome, tepperot, tettegras, krekling, myrfiol, tyttebær, blåbær, flekkmarihand, slåttestorr, flaskestorr, bukkeblad, myrhatt, blåtopp, pors, røsslyng, blokkebær og klokkelyng framhevast som gjennomgåande vanlege og dominerande innanfor gjeldane lokalitet.

Bruk, tilstand og påverknad:
Oppslag av lauvtre og einar vitnar om ein svak hevdintensitet dei siste åra. Storfe beiter nå i området, og bidrar til å unngå ytterlegare attgroing.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar bør den avgrensa lokaliteten ryddast for tre og eit berekraftig beite bør oppretthaldas.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Gjeldane lokalitet gis verdi B (viktig) på bakgrunn av kystmyrlokalitetanes sjeldanheit i boreonemoral sone og det faktum at lokaliteten er ei intakt myr over 5 daa med lite menneskeleg påverknad.

Figur 74. Naturbeitemark Åsberge, vest. Foto: Knut Børge Strøm.

Røyneberg, Åsberget, vest

Naturbase ID: BN00037994
Ecofact ID: KBS038
Kommune: Sola
Dato: 06.08.2013
Areal: 3,7 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 6. august 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett vest for Åsberget på Røyneberg i Sola kommune. Området er ein attverande rest av opphaveleg natur som er omkransa av menneskeleg drifta kunstmarksareal. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som betre enn 10 meter. Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane utelukkande omfattast av eit tynt lag med

morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten framstår som ei blokkrik og tua utforming av naturbeitemark (D04). Området er del av eit større og heilskapleg beitelandskap, men er i dag einaste rest i nærleiken som kan kvalifisera som et tilnærma inntak natursystem. Sjølve vegetasjonsutforminga er variert, men held seg utelukkande til den fuktige enden av skalaen. Dominerande vegetasjonstype er fuktig fattigeng (G1), men det finst småflekkar som går noko meir over i lyngpåverka fukthei (H3) og fattig tuemyr (K2). Artssamansettinga vitnar om fattige vekstforhold og lite påverknad av dei kringliggande gjødsla areala. Av artar kan flekkmarihand, blåtopp, rome, røsslyng, klokkelyng, einer, blåbær, duskmyrull, tepperot, trådsiv, blåknapp, myrtistel, myrfiol, slåttestorr, blåknapp, kornstorr, blåkoll og lyssiv nemnast.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne og/eller raudlista artar er registrert, og potensialet for dette synest lite.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det avgrensa området kan seiast å vere i relativt dårleg stand. Husdyr beitar i lokaliteten, men beiteintensiteten kan med fordel aukast. Det finst mykje oppslag av sitkagran og bjørk. Etter kvart som trea veks, vil dei skygge ut stadegen flora. Noko gjødselpåverknad førekjem.

Framande artar:
Sitka (SE), buskfuru (SE).

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Ein bør også vere varsam med gjødsling i grensene mot den avgrensa lokaliteten. Oppveksande tre bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er eit representativt restareal av fuktig naturbeitemark i et område der denne naturtypen har vorte svært sjeldan.

Figur 75. Lensmannsgarden, nord. Foto: Knut Børge Strøm.

Einargården, nord, på Joa

Naturbase ID: BN00038027
Ecofact ID: KBS39
Kommune: Sola
Dato: August 2013
Areal: 7 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Vekselfuktig baserik eng
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing: Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er forandra, og delt opp i 2 ulike lokalitetar nord og sør for fylkesveg 509.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett søraust for Sømmevågen innerst i Hafrsfjord i Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som mykje god (under 10 m). Bergrunnen består av kalkspatmarmor og diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld eit tynt og tjukt lag morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear,

(ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er del av ein kalkrigg rygg som dannar verdifulle naturtypeutformingar på nord og sørsida av fylkesveg 509. Naturtypen kan setjast til naturbeitemark (D04). Området har i utgangspunktet den same føresetnad for ein sjeldan og artsrikt flora som liknande lokalitet sør for vegen, men den store forskjellen ligg i hevdintensiteten. Gjeldane lokalitet verkar å ha låge brakk i fleire år, noko som har resultert i stor oppvekst av høgare grasplantar som blant anna hundegras. Sjølve området er i utgangspunktet eit særleg fint beitelandskap, med eit gamalt steingjerde, opne knausar og bakkar med tynt jorddekke. Enkelte eldre og krokete lauvtre dannar stadvist fine landskapselement. Vegetasjonstypane består av vekselfuktig, baserik eng blåstorr-engstorr-eng (G11) (sterkt trua (EN) (Fremstad & Moen 2001)), kalkrike bergknausar og mindre flater som kan førast til bergknaus og bergflate (F3).

Artsmangfald:
Det vart ikkje funne nokre sjeldne eller raudlista artar på lokaliteten, men potensialet for dette sjåast på som stort. Berggrunnen er stadvist svært kalkrik, noko som legg til rette for fleire sjeldne kryptogamar og karplantar. Manglande hevd og grad av brakklegging har nok skylda for at artsrikdommen ikkje er like stor som nærliggande lokalitet, men dette kan forandras viss eit ekstensivt beite tas opp att. Av artar kan blodstorkenebb, gjeldkarve, smyle, gulaks, hjertegras, markfrytle, smalkjempe, ryllik, blåklokke, engkarse, engsyre, kransmynte, raudknapp, firkantperikum, engsoleie, legeveronika, blåkoll, prestekrage, raudknapp, markjordbær, gulmaure og kvitmaure nemnast.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten vert ikkje beita, og er i stor grad brakklagt. Stor dominans av større grasartar, som ved tida vil danne strølag i botn og med det forringa vekstforholda for andre plantar. Gjødselpåverknad innanfor avgrensinga er minimal.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Eit ekstensivt og berekraftig husdyrbeite bør innførast igjen. Slik lokaliteten framstår i dag, kjem ikkje det store floristiske potensialet fram. Viss området vert beita vil det med åra kunne oppnå ein liknande status som den svært verdifulle nabolokaliteten. All form for gjødsling må unngåast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei kalkrik naturbeitemark i eit område der slike areal er svært sjeldne. Verdien på lokaliteten kan med åra aukast, viss nemnte skjøtselstiltak innførast.

Figur 76. Jåsund-Tananger. Ytst mot kystlinja, i overgangen mellom svaberg og lynghei. Foto: Knut Børge Strøm.

Jåsund-Tananger

Naturbase ID: BN00038036
Ecofact ID: KBS40
Kommune: Sola
Dato: August 2013
Areal: 901 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein tilfredsstillande omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg avgrensing.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg ytst mot havgapet, og omfattas av eit stort område som strekk seg frå Jåsund i nord til Tananger i sør i sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som relativt god (under 30 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt med enkelte små felt av

kalkspatmarmor. Lausmassane består i hovudsak av bart fjell men har også innslag av marine strandavsetningar. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3t).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypelokaliteten er heile 901 daa stor, noko som er svært uvanleg i ein kommune som er prega av eit intensivt drive jordbrukslandskap og nedbygde bustadområde. Naturlig nok i ei slik stor avgrensing framstår landskapet og vegetasjonsutformingane variert. Hovudutforminga kan seiast å vere ei fin utforming av kystlynghei (D07) med dominerande parti av tørr lynghei (H1) og forseinkingar med fuktig lynghei (H3). Lyngheia representerer ein kulturmarkstype som tidlegare var vidt utbredt langs kysten av Europa, men som i dag nesten har forsvunne i desse områda. Gjeldane lyngheilokalitet er truleg ein av dei eldste i landet, og bør på lik linje med andre verdifulle lyngheier bevarast for framtida. Området i sin heilheit inneheld som nemnt ein mosaikk av fleire ulike natur- og kulturmarkstypar. Fuktige våtenger, myr, dammar, tjern og klippekyst gir ein stor biologisk variasjon tilknytt flora og fauna. Lokaliteten er den største terrestrisk registrerte naturtypen i kommunen, og dannar eit heilskapleg landskap med stor verdi både vurdert ut frå landskapsestetikk, biologisk mangfald og rekreasjonsverdi.

Artsmangfald:
Småsalamander (NT) er registrert ved fleire vasshòl innanfor avgrensinga. Karplantefloraen oppfattas generelt sett som triviell og artsfattig, men det kan førekomma meir spennande og basekrevjande artar i nokre små felt med marine avsetningar og kalkrik berggrunn. Jåblom og loppestorr er tidlegare registrert i området. Av vanlege artar kan røsslyng, krekling, blåtopp, blåknapp, blokkebær, rome, klokkelyng, bukkeblad, elvesnelle, flaskestorr, fjørekoll, heisiv, øyrevier, smyle, blåklokke, bjønnskjegg, einer, engkvein, kornstorr, tepperot, mjødurt, myrhatt, duskmyrull, torvmyrull og bjørk nemnast. Delar av naturtypeavgrensinga fungerer som eit svært viktig viltområde for rådyr.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten har eit vidt spenn kva naturtilstand angår. Enkelte område er fjerna frå avgrensinga pga. attgroing av skog, oppdyrking og nedbygging. Attverande areal har ei veldig fin utforming på dei skrinnaste delane, kor tre ikkje får rotfeste. Område med meir jordsmonn har godt oppslag av lauvtre, sitkagran og buskfuru. Etter kva som kunne sjåast under synfaring er det ikkje noko utbredt husdyrbeite ut mot tørrheia og svaberga. Det vert ikkje gjødsla. Spreidde hytte finst jamt over i heile området.

Framande artar:
Sitkagran (SE), buskfuru (SE).

Skjøtsel og omsyn:
All form for tekniske inngrep innanfor naturtypeavgrensinga bør unngåast. Eit ekstensivt beite kan med fordel innførast i dei områda som truas av attgroing. Det må ikkje tappast ut vatn, eller setjast ut fisk i nokre av tjerna/dammane i området.

Del av heilskapleg landskap:
Området består av ein stor, flott og samanhengande lyngheilokalitet ved kysten.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein stor og variert naturtype sett til hovudutforming kystlynghei. Avgrensinga inngår i eit større heilskapleg kulturlandskap.

Figur 77. Rægehaugen sumpområde. Foto: Knut Børge Strøm.

Rægehaugen

Naturbase ID: BN00038011
Ecofact ID: KBS41
Kommune: Sola
Dato: 31.07.2013
Areal: 65 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Småbiotopar (D11)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 31. juli 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Sola kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg nordvest for Ræge kyrkje på Ræge i Sola kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som mykje god (under 10 m). Berggrunnen består av utelukkande av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld torv/myr og eit tjukt lag med morene, som er

materiale plukka opp, transportert og avsett av isbrear. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området omfattast av eit intakt og større naturområde i eit elles sterkt intensivert jordbrukslandskap. Dominerande innanfor avgrensinga er eit svært fuktig sumpområde, der vatnet stadvis når ankelhøgde dersom ein står lenge nok på vegetasjonsdekke. Små restareal av kystmyr finst på dei tørrare partia, men kvalifiserer på bakgrunn av størrelse ikkje som ein eigen naturtypelokalitet. Myrområda har ein tua utforming dominert av blåtopp, og kan plasserast til vegetasjonstypen fattig tuemyr (K2). Eit lite felt med tørr og vegetasjonsfattig beitemark finst på ein liten høgde sør i avgrensinga. Lauvtre og vierbuskar veks spreidd i kantsonene til sumpen. Samla sett framstår området som ein oase for biologisk mangfald, og innehar stor verdi både for flora og fauna. Lokaliteten setjast til naturtypen småbiotopar (D11). Val av naturtype forklarast med at gjeldane lokalitet består av ei sump og mosaikk av fleire ulike biotopar i eit jordbruksprega landskap.

Artsmangfald:
Det vart ikkje funne nokre sjeldne eller raudlista artar, og potensialet for dette sjåast på som lite. Av artar i sumpen kan elvesnelle, flaskestorr, mjødurt, pors, vendelrot, kjempepiggknopp, myrhatt, bukkeblad, myrtistel og forglømmegei nemnast. I dei små flekkane av tua fattigmyr er artsinventaret representativt for vegetasjonstypen, med artar som røsslyng, rome, tepperot, blåtopp, engsnelle, klokkelyng, pors, duskmyrull og torvmose spp. På den tørre beitemarkshøgda er det eit veldig lågt og sparsamt feltsjikt, kor røsslyng, skrubbær og tyttebær er dominerande. Lokaliteten er i det heile svært viktig som viltområde, både for rådyr og ulike sporvefuglar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert ikkje beita, gjødsla eller på nokon måte nytta i jordbrukssamanheng. Sumpen er eit resultat av næringsrikt sigevann som har ført til eutrofiering av området. Den generelle tilstanden på dei tørrare areala er dårleg, med mykje oppslag av lauvtre og veldig gammal lyng.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Sumpområdet bør får utvikla seg fritt, og det bør unngåast ein for stor påverknad av dei gjødsla og intensivt drive areala rundt.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Avgrensinga får verdi B fordi det er eit småbiotop i et elles svært intensivt drive jordbrukslandskap.

6.2 Time kommune

Figur 78. Området kan med fordel beitast hardare med storfe. Foto: Bjarne Oddane.

Sveholen - våtbeite

Naturbase ID: BN00044819
Ecofact ID: BOD004
Kommune: Time
Dato: 07.08.2013
Areal: 35 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 7. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før av registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert (ned).

Stad og naturgrunnlag:
Avgrensinga er lokalisert i ein senking omkransa av gjødsla kulturbeite og dyrka mark ved Sveholen mellom Herigstad og Hognestad i Time kommune. Området er fuktig og kan karakterars som en mosaikk og mellomting av fukteng/våteng, helofyttsump og

høgstorrmyr. Avgrensinga er stadvis noko diffus mot gjødsla kulturbeite, men nøyaktigheita er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av gneis som er ein hard og sur bergart som normalt ikkje gjer jordforhold for basekrevjande artar av planter. Berggrunnen er likevel dekka av torv. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området er ikkje heilt lett å plassere, men passer truleg best i naturtypen naturbeitemark (D04) med våteng/fuktengutforming. Nokre delar tenderar mot myr og helofyttsump. Heilt sør er vegetasjonen prega av gjødselssig frå driftsbygningen med godt innslag av artar som stornesle, høymole, mjølke og vrangdå (m). Den mest påverka delen er utelatt frå avgrensinga. Vidare er det område dominert av tuedannande blåtopp-populasjonar som kan førast til blåtoppeng (G2), område med beitemark med innslag av hanekam, litt mjødurt, elvesnelle, englodnegras, myrhatt, flaskestorr, slåttestorr og engsyre som kan førast til våt/fuktig, middels næringsrik eng (G12), og område som ligg mellom høgstorrmyr (L4) og elvesnelle-storrsump (O3) med artar som elvesnelle, flaskestorr, gulldusk og i eit parti litt kjevlestorr. I delar av avgrensinga er det eit begynnande oppslag av takrøyr, bjørk og vier.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert raudlista planteartar her, men kjevlestorr er mindre vanleg og indikerer at det finst rikare flekker innan avgrensinga. I tillegg er det ein fast hekkelokalitet for grashoppesongar som står oppført som sårbar (VU) på raudlista (2010). Lokaliteten er generelt svært god for kjerrsongarar og det vart under synfaringa også registrert mykje enkeltbekkasin.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er oppslag av bjørk og vierbuskar samt takrøyr, noko som tyder på at beitepresset i våtenga er for lite i dag. Området vart under synfaringa beita av sau, som ikkje er spesielt god i dei fuktigaste områda. Det er fare for ytterligare attgroing dersom det ikkje beitast med storfe. Tilgrensande område vert gjødsla og næringsrikt sigevann kan verke øydeleggjande for dei ugjødsla areala.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Ein bør også vere varsam med gjødsling i grensene mot den avgrensa lokaliteten. Kratt og oppveksande tre kan med fordel fjernast.

Del av heilskapleg landskap:
Området ligg i et intensivt drevet kulturlandskap med Smukkevatnet 500 meter unna.

Verdisetjing:
Området får verdi B (viktig) fordi det er ei stor naturbeitemark som er i hevd (om enn noko svakt), ho er lite eller ikkje gjødsla og lokalisert i eit område der slike areal er svært sjeldne.

Figur 79. Myr ved Saurdalen. Foto: Bjarne Oddane.

Saurdalen - myr aust for Melsknuten

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD002
Kommune: Time
Dato: August 2012
Areal: 53,3 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08) 80 % og Kystlynghei (D07) 20 %
Utforming: Jordvassmyr og fuktig kystlynghei
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid i august 2013 av Bjarne Oddane. Rapporten *Kartlegging av naturtypar i Time kommune – verdsetting av biologisk mangfold* (Storli mfl. 2012).

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Time kommune sin naturtypekartlegging, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga er noko justert.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er lokalisert i Saurdalen aust for Melsknutenved Holen i Time kommune. Området er omkransa av beitemark der det meste er i ulik grad oppgjødsla.

Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av granitt. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til 80 % kystmyr og 20 % kystlynghei. Det er fleire stader vanskeleg å sette klare grenser mellom ulike typar myr og vidare over i fukthei og eventuelt fuktige fattige naturbeitemarker. Hovudflata dominerast av blåtopp og varierande innslag av rome, pors, klokkelyng, duskmyrull, stjernestorr, torvmyrull, blåknapp, kvitmyrak, flekkmarihand, bjønnskjegg og torvmosar. Serleg på tuer fantes det røsslyng, blåbær og blokkebær. Vegetasjonstypane kan stort sett setjast til fattig tuemyr (K2), fattig fastmattemyr (K3) og serleg langs kantane til fuktig kystlynghei (H3). Det var også mindre innslag av fattig mjukmatte/lausbotnmyr (K4). I den sørvestlege delen var det eit part med oppslag av bjørk. Trea verka veksthemma.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert raudlisteartar knytt til lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er ikkje kjent på kva måte myra er brukt frå gammalt av, men den har nok vorte beita i minst fleire tiår og vert også beita i dag. I den sørvestlege enden er det teikn som tyder på torvskjering. Langs heile sørsida av avgrensinga går det ein kanal. Beitemarkene rund vert gjødsla og avrenning av næringsstoff kan på lang sikt føre til endringar i vegetasjonen på myra. Det går også eit gjerde tvers over myra.

Framande artar:
Det er ikkje registrert nokon svartlisteartar.

Skjøtsel og omsyn:
Det må ikkje grøftas ytterligare og det kan vurderast om grøfta skal stengast eller få gro igjen. Ein bør vera forsiktig med gjødsel i sonen nærmast myrkanten. Myra bør fortsett beitast for å haldas i god hevd. Oppslag av tre bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i fint kulturlandskap.

Verdisetjing: Området får verdi A (svært viktig) fordi det er ei kystmyr i boreonemoral sone som er større enn 50 daa og er bare moderat menneskeleg påverka i ein region med eit intensivt drive jordbruk.



Figur 80. Takrøyr er i ferd med å ta over myra. Foto: Bjarne Oddane.

Herikstad - myr ved Kålholen

Naturbase ID: BN00044816
Ecofact ID: BOD003
Kommune: Time
Dato: 7. juli 2013
Areal: 23,8 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og feltarbeid 7. juli 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i naturbase, men med noko mangelfull beskriving etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga er noko justert.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten er ved Kålholen nord for Herikstad og sør for Bryne i Time kommune. Området ligg i et intensivt drevet jordbrukslandskap. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av dioritttisk til granittisk gneis. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystmyr som (enda) er dominerande. Lokaliteten har imidlertid, særleg langs kantane, mindre område med helofyttsump/våtbeite/fuktbeite med elvesnelle, flaskestorr, myrmjølke, bukkeblad, englodnegras i ulik fordeling. På sjølve myrflata holdar takrøyr på å ta fullstendig overhand, noko som truleg har ført til utskygging og redusert førekomst av dei «ekte myrplantane». Stadvis i den vestre delen er også oppslag av bjørk og øyrevier. Av myrartar finst det enda godt med torvmose, myrklegg og stadvis rome, bjønnskjegg og tepperot.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert raudlisteartar knytt til lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er ikkje kjent på kva måte myra er brukt frå gammalt av, men den har nok vorte beita i minst fleire tiår og vert også beita i dag. Områda rundt myra vert intensivt beita av ungdyr av storfe, men det ser ikkje ut som beitepresset på myra er stort nok. På synfaringstidspunktet var det få synlege teikn på beiting, og takrøyr vert truleg nedprioritert som beiteplante. Næringssig frå kringliggande område har påverka kantsonene av myra og er trulig også med på å få fart på attgroinga som har begynt.

Framande artar:
Det er ikkje registrert nokon svartlisteartar. Takrøyr kan reknast som ein problemart.

Skjøtsel og omsyn:
Det må ikkje grøftas Ein bør vera forsiktig med gjødsel i sonen nærmast myrkanten. Myra bør fortsett beites. Oppslag av tre bør fjernast. Det er truleg at myra på lengre sikt vil gå over til helofyttsump og sumpskog.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten ligg i fint kulturlandskap.

Verdisetjing: Området får verdi C (lokal verdi) fordi det er ei kystmyr i boreonemoral sone, er av en viss storleik og er lokalisert i ein region med eit intensivt drevet jordbruk, men har grodd så pass igjen av takrøyr og busk at verdiane er reduserte og vil dersom det ikkje vert gjort mottiltak miste sin verdi som kystmyr.

Figur 81. Mossigemarkene. Foto: Bjarne Oddane.

Botn - Mossigemarkene

Naturbase ID: BN00044825
Ecofact ID: BOD007
Kommune: Time
Dato: 8. august 2013
Areal: 284,4 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming: Fuktig kystlynghei
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og feltarbeid 8. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Time kommune sin naturtypekartlegging, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). I denne omtalen er også eit stort område aust for den gamle avgrensinga tatt med, samt litt av BN00044826 som i stor grad faller bort.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i eit fuktdrag mellom Botn og Mossigemarkene i Time kommune. Området er avgrensa mot dyrkamark og gjødsla beitemark. Avgrensingas nøyaktighet

er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av fyllitt, men den er likevel dekket av tjukk morene og torvavsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Det er valt å sette naturtypen til kystlynghei, sjølv om nokre delar av området trulig også passer inn som naturbeitemark av fattig, fuktig utforming. Nokre mindre område kan også karakteriserast som myr. Den austre delen (gbr.56/4) dominerast av tuemark med blåtopp som mengdeart. Av andre artar kan blåknapp, åkersnelle, krypsoleie, englodnegras, tepperot, myrklegg, geitsvingel og litt røsslyng nemnast og vegetasjonen kan førast til fuktig lynghei (H3) (eller evt. blåtoppeng (G2)). På fuktigare plassar veks det flaskestorr, bukkeblad, slåttestorr, duskmyrull og broddtelg. I eit område med fastmattemyr var det nokre eksemplar av jåblom, noko som tyder på litt meir intermediære forhold der. Rett sør av dette (gbr. 60/2) er det et område med elvesnellesump, med stadvis mykje myrhatt og vendelrot og enkelte øyrevier langs kantane. Dette området heng saman med grøftekanalar. Sør av dette igjen, er det først eit område med fattig fastmattemyr som går over i eit ubeita blåtopp-dominert område med ein del smyledominerte, store mosetuer. Det var også blokkebær på ein del av tuene. Oppslag av bjørk, rogn og nokre få sitkagran. Den vestre delen (gbr. 60/5 og 60/6) består i stor grad av fuktig lynghei (H3) med blåtopp, bjønnskjegg, tepperot, med litt innslag av røsslyng, blokkebær, gulaks, heisiv og geittelg. Gbr. 60/6 verkar litt gjødsla enkelte plassar, men har fortsett heiartane intakt.

Artsmangfald:
Det er ingen registreringar av raudlisteartar innanfor avgrensinga. Nokre eksemplar av jåblom kan likevel trekkast fram.

Bruk, tilstand og påverknad:
Gbr. 56/5 vert beita av sau, men det så ut til at sauene føretrakk å beite mest på dei gjødsla areala rundt og mindre på det avgrensa området. Beitepresset kunne her vore betre. Gbr. 60/2 vert ikkje beita og er i ein begynnande attgroingsfase. Gbr. 60/5 vert beita av storfe og beitepresset synes å vere bra. Gbr. 60/ har fint beitepress, men området bærer her preg av svak gjødselpåverknad. Det er laga grøftekanalar i og langs grensa til naturtypen.

Framande artar:
Det vart registrert nokre småtre av sitkagran.

Skjøtsel og omsyn:
Naturtypen er avhengig av å fortsett verte beitet. Det er ønskelig at beitinga i området som i dag ikkje vert beita vert tatt opp igjen. Det må ikkje gjødslast innan avgrensingane og det bør også lagas ein buffer rundt som heller ikkje vert gjødsla. Det må ikkje grøftast meir i området slik at fuktregimet vert ytterligare endra.

Del av heilskapleg landskap: Området ligg i et landskap preget av forholdsvis store teigar med ugjødsla hei og gjødsla beitemark, noko som gjev et heilskapleg uttrykk.

Verdisetjing: Området får verdi B (viktig) fordi det er forholdsvis stort og kan sjåast som i samband med fleire andre registrerte naturtypar i området som til saman dannar ein heilskap. Det er ikkje registrert raudlisteartar knytt til naturtypen.

Figur 82. Lendemyrane. Foto: Bjarne Oddane.

Lendemyrane

Naturbase ID: BN00044823
Ecofact ID: BOD006
Kommune: Time
Dato: 8. august 2013
Areal: 156,6 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08), 90%
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og feltarbeid 8. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Time kommune sin naturtypekartlegging, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten består av ei gammal torvmyr sør av Trarheia og er ein del av Lendemyrane i Time kommune. Området er avgrensa mot dyrkamark og gjødsla beitemark. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av fyllitt, men den er likevel dekket av tjukk

morene og torvavsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystmyr, men nokre delar består av skog og helofyttsump. Sjølve myrflata er tua der blokkebær førekommer vanleg på tuene. Stadvis er det også ein del røsslyng, og på nokre «høgdedrag» er røsslyng mengdearten. Mellom tuene og på flater finst torvmyrull, klokkelyng, broddtelg, skogstjerne, bjønnskjegg, blåtopp og duskmyrull. Torvmosar dominerer botnsjiktet, men litt bjørnemose finst. Stadvis oppslag av bjørk over det heile, men eit område i vest og eit i aust har tettare førekomst og trea byrjar her å danne slutta skog. Feltsjiktet domineras her av blokkebær på tuer, mens blåtopp, myrhatt, vendelrot og broddtelg dominerer feltsjiktet. I vest går det også ei kile inn med helofyttsump. Denne følger ein kanal og domineras av elvesnelle men med eit godt innslag av vendelrot langs kantane.

Artsmangfald:
Det er ingen registreringar av raudlisteartar innanfor avgrensinga.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert ikkje beita i dag og er ferd med å gro att. Det er nokre grøftekanalar som nok gjer sitt til den auka attgroinga.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Oppveksande tre bør fjernast snarast. Det bør prioriterast å ta trea som står i de opne partia først. Myra kan med fordel beitast med passande beitetrykk. Det bør ikkje lagast nye grøftekanalar, og det kan vurderast å la nokre av dei eksisterande få gro igjen eller eventuelt stenge dei.

Del av heilskapleg landskap:
Området ligg i et landskap preget av forholdsvis store teigar med ugjødsla hei og gjødsla beitemark, noko som gjev eit heilskapleg uttrykk.

Verdisetjing: Området får verdi B (viktig) fordi det er ei kystmyr i boreonemoral sone som er større enn 50 daa og ligg i ein region med eit intensivt drevet jordbruk. Den når ikkje opp til A fordi den er påverka av grøftekanalar og er i ein begynnande attgroingsfase.

Figur 83. Forna-Mossige I. Foto: Bjarne Oddane.

Forna-Mossige I

Naturbase ID: BN00044824
Ecofact ID: BOD011
Kommune: Time
Dato: 8. august 2013
Areal: 146,4 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming: Fuktig kystlynghei
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og feltarbeid 8. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). I denne revideringa vert BN00044824 splitta opp i tre ulike naturtypar grunna oppgjødsling.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg mellom Araberget og Tjensvoll i Time kommune. Området er avgrensa mot gjødsla beitemark. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av fyllitt, men den er likevel

dekt av tjukk morene og stadvis torvavsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Det er valt å sette naturtypen til kystlynghei, sjølv om området trulig også passer inn som naturbeitemark av fattig fuktig utforming. Vegetasjonen består i stor grad av tua blåtopphei, med stadvis godt innslag av slåttestorr. Av andre artar kan blokkebær, knappsiv, tepperot, vendelrot og bjønnskjegg nemnas. Vegetasjonstypen kan i stor grad setjas til fuktig lynghei (H3) (eller evt. blåtoppeng (G2)). Stadvis er det litt oppslag av bjørk, rogn og øyrevier.

Artsmangfald: Det er ingen registreringar av raudlisteartar innanfor avgrensinga.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er ukjent korleis området historisk har vorte skjøtta. I dag vert området heldt i hevd ved beiting. Beitedyra har likevel også tilgang på gjødsla beite og beitetrykket grenser mot å vere for lågt.

Framande artar:
Det er ingen registreringar av svartlista artar.

Skjøtsel og omsyn:
Naturtypen er avhengig av å fortsett verte beita. Det må ikkje gjødslast innan avgrensingane og det bør også lagast ein buffer rundt som heller ikkje vert gjødsla.

Del av heilskapleg landskap:
Området ligg i et landskap prega av forholdsvis store teigar med ugjødsla hei og gjødsla beitemark, noko som gjev et heilskapleg fint uttrykk.

Verdisetjing:
Området får verdi B (viktig) fordi det er forholdsvis stort og kan sjåast som i samband med fleire andre registrerte naturtypar i området som til saman dannar ein heilskap. Det er ikkje registrert raudlisteartar knytt til naturtypen.

Figur 84. Forna-Mossige II. Foto: Bjarne Oddane.

Forna-Mossige II

Naturbase ID: BN00044824
Ecofact ID: BOD007
Kommune: Time
Dato: 8. august 2013
Areal: 33,9 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08) 90%.
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og feltarbeid 8. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase (BN00044824), men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). I denne revideringa vert BN00044824 splitta opp i tre ulike naturtypar grunna oppgjødsling.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg mellom Araberget og Tjensvoll i Time kommune. Myrdraget ligg i en grund vid dal. Området er avgrensa mot gjødsla beitemark. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av

fyllitt, men den er likevel dekket av tjukk morene med torvavsetningar i ulik tjukkleik. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen vert sett til kystmyr, men grenser stadvis opp mot kystlynghei med fuktutforming. Myra kan karakteriserast som fattig fastmattemyr. I feltvegetasjonen veks det blåtopp (ikkje tua)(m), rome (m), klokkelyng (m), bjønnskjegg, slåttestorr, tepperot (m), låg ung røsslyng, myrfiol, duskmyrull (m), torvmyrull (m) og innslag av flaskestorr og bukkeblad på fuktigare steder. Botnvegetasjonen er dominert av torvmosar, men med litt innslag av bjørnemose. Vegetasjonen langs bekken er gjødselprega i ein sone på 1-3 meter, noko som truleg skuldast næringsrikt (flom)vatn.

Artsmangfald:
Det er ingen registreringar av raudlisteartar innanfor avgrensinga.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er ukjent korleis området historisk har vorte skjøtta. I dag holdas området i hevd ved beiting av ungdyr av storfe. Det vert gjødsla på areala rundt avgrensinga, noko som på sikt kan føre til endringar i vegetasjonen på grunn av næringssig.

Framande artar:
Det er ingen registreringar av svartlista artar.

Skjøtsel og omsyn:
Naturtypen er avhengig av å fortsett verte beita. Det må ikkje gjødslast innan avgrensingane og det bør også lagas ein buffer rundt som heller ikkje vert gjødsla.

Del av heilskapleg landskap:
Området ligg i et landskap preget av forholdsvis store teigar med ugjødsla hei og gjødsla beitemark, noko som gjev et heilskapleg fint uttrykk.

Verdisetjing:
Området får verdi B (viktig) fordi det er forholdsvis stort og kan sjåast som i samband med fleire andre registrerte naturtypar i området som til saman dannar ein heilskap. Det er ikkje registrert raudlisteartar knytt til naturtypen.

Figur 85. Figur 83. Forna-Mossige III. Foto: Bjarne Oddane.

Forna-Mossige III

Naturbase ID: BN00044824
Ecofact ID: BOD008
Kommune: Time
Dato: 8. august 2013
Areal: 14,2 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07) 90 % Kystmyr (A08) 15 %
Utforming: Fuktig kystlynghei og Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og feltarbeid 8. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase (BN00044824), men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). I denne revideringa vert BN00044824 splitta opp i tre ulike naturtypar grunna oppgjødsling.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i nedre del i den grunne dalen mellom Araberget og Tjensvoll i Time kommune. Området er avgrensa mot gjødsla beitemark. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av

fyllitt, men den er likevel dekket av tjukk morene. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen kan i hovudsak setjast til kystlynghei med fuktutforming, men nokre område, særleg i skråninga i austre del finst noko kystmyr. Vegetasjonen dominerast av blåtopp med innslag av tepperot, lyssiv, pors, myrfiol og blåknapp. I nedre del, også litt innslag av småbjørk. I den meir myrprega delen vart det funnet jåblom som tyder på lokalt litt meir intermediære forhold. Her vart også tepperot, bjønnskjegg rome, stjernestorr, duskmyrull, mjølke og blåtopp registrert. Vegetasjonen langs bekken var gjødselprega i ein sone på 1-3 meter, noko som truleg skuldast næringsrikt (flom)vatn. Har fantes mellom anna mannasøtgras, mjødurt, mjølke og øyrevier.

Artsmangfald:
Det vart i 2009 registrert nokre eksemplar av solblom (VU) innan avgrensinga (Audun Steinnes). Det er også registrert jåblom som er mindre vanlig å finne i desse heiene.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er ukjent korleis området historisk har vorte skjøtta. I dag holdas området i hevd ved beiting av ungdyr av storfe, men beitepresset synes å vere noko lågt. Det vert gjødsla på areala rundt avgrensinga, noko som på sikt kan føre til endringar i vegetasjonen på grunn av næringssig.

Framande artar:
Det er ingen registreringar av svartlista artar.

Skjøtsel og omsyn:
Naturtypen er avhengig av å fortsett verte beitet. Det må ikkje gjødslast innan avgrensingane og det bør også lagas ein buffer rundt som heller ikkje vert gjødsla.

Del av heilskapleg landskap:
Området ligg i et landskap preget av forholdsvis store teigar med ugjødsla hei og gjødsla beitemark, noko som gjev et heilskapleg fint uttrykk.

Verdisetjing:
Området får verdi B (viktig) fordi det er av ein viss storleik og kan sjåast i samband med fleire andre registrerte naturtypar i området som til saman dannar ein heilskap. Det er også registrert den raudlista arten solblom (VU) innan avgrensinga.

Figur 86. Hasselskog ved Håklepp. Foto: Bjarne Oddane.

Håklepp

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD001
Kommune: Time
Dato: 7. august 2013
Areal: 21,3 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utforming: Rikt hasselkratt
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og feltarbeid 7. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før ikkje registrert i Naturbase, men står omtalt i rapporten «Kartlegging av naturtypar i Time kommune – verdisetting av biologisk mangfald» utgitt av Time kommune i 2012. Omtalen er noko mangelfull etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg langs et bekkedrag på Håklepp i Time kommune og er avgrensa av traktorveg, dyrka mark og beitemark/bjørkeskog. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av fyllitt,

men den er likevel dekket av tjukk morene. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen vert sett til rik edellauvskog, sjølv om skogen for ein stor del ligg i den nedre del av det som kallas rik skog. Skogen dominerast totalt av hassel og trea står ganske tett. Av buskar er det ein del rips, litt bringebær og også krossved vart registrert. Feltvegetasjonen består av gauksyre, raud jonsokblom, hengjeveng, skogsnelle, skogburkne, stankstorkenebb, skogstjerne, markjordbær, revebjølle, liljekonvall, vendelrot og geittelg. Det er stadvis litt innslag av enghumleblom, firblad og kusymre. I nordre del er skogen beita og skogen får innslag av litt bjørk. Her er førekomsten av kusymre noko større.

Artsmangfald:
Det er ingen registreringar av raudlisteartar innan avgrensinga. Kusymre indikerer rikare forhold og er mindre vanlig i regionen.

Bruk, tilstand og påverknad:
Nedre del av skogen er beita og noko opptrakka. Øvre del er ikkje er ikkje beita. Skogen kan på sikt endre karakter, då hasselskogen truleg er en suksesjonsfase mot anna lauvskog.

Framande artar:
Nokre få platanlønn og raudhyll.

Skjøtsel og omsyn:
I utgangspunktet som nå. Dersom bjørk og andre treslag begynner å dominera skogen må desse tas ut for å bevare naturtypen som rikt kysthasselkratt. Planteskogen kan med fordel tas ut.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing: Området får verdi B (viktig) fordi det er eit rikt hasselkratt, men manglar truleg kontinuitet og det er ikkje registrert nokon raudlisteartar knytt til lokaliteten.

Figur 87. Mengder med nikkebrønsle ved tjernet sørvest av Skreberg. Foto: Bjarne Oddane.

Tjern sørvest av Skreberg

Naturbase ID: BN00044846
Ecofact ID: BOD013
Kommune: Time
Dato: 7. august 2013
Areal: 21,3 daa
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark (E)
Naturtype: Rik kulturlandskapssjø (E08)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og feltarbeid 7. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007).

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit tjern med kringliggande våtmarker i botn av eit søkk eller dale mellom Lauvåsen og Skredberg i Time kommune. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 10 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av gneis, men er dekt av torvavsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen setjast til rik kulturlandskapssjø (E08). Undervassvegetasjonen i tjernet er ikkje undersøkt. Av flyteplanter vart gul nøkkerose registrert. I vasskanten dominerer flaskestorr for en stor del, og vegetasjonen kan førast til elvesnelle-storr-sump (O3). Innanfor dette belte veks det på nordvestsida store førekomstar av nikkebrønsle og det kunne sjå ut som om sonen nærast vatnet er meir næringspåverka enn flatene lengre inn. På vestsida og nord for tjernet er det meir myrprega vegetasjon. Stadvis var det hengemyr, men det meste av arealet var fastare mark med artar som trådstorr, bukkeblad, tranebær, mjølkerot, myrhatt, flaskestorr, myrklegg, duskmyrull, torvmose, samt litt engsyre, mjødurt og blodtopp. I alle fall delar av dette arealet kan truleg førast til høgstorrmyr med flaskestorr-trådstorr-utforming (L4a). I skogkanten rundt kjem det inn eit godt innslag av mannasøtgras. På austsida av tjernet er det meir elvesnelle og også meir attgrodd med stort innslag av vendelrot. Her finst også litt bjørk og vierkratt.

Artsmangfald: Til dels store mengder med nikkebrønsle (VU) veks lengs tjernet sin nordvestlege del. Mjølkerot, mannsøtgras, brei dunkjevle kan også trekkast fram.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området har nok vorte beita/slått i tidligare tider. Det vert truleg ikkje beita her lengre, og det, saman med jordbruksavrenning vil føra til at området vil gro att på lang sikt.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det er ønskeleg at gjerdet på vestsida av tjernet som skillar lokaliteten frå beitemarka fjernast for at dyra kan få mogligheit til å beite i myra/våtmarka. Alternativet er å la det gro att og la der verte ein sumpskog rundt tjernet.

Del av heilskapleg landskap:
Ligg fint til i eit flott og variert kulturlandskap.

Verdisetjing: Området får verdi B (viktig) fordi det er ein rik kulturlandskapssjø i eit flott kulturlandskap med ein god førekomst av den raudlista arten nikkebrønsle (VU).

Figur 88. Frodig bekkedrag ved Smukkevatnet. Foto: Bjarne Oddane

Utløpskanalen frå Smukkevatnet

Naturbase ID: BN00044815
Ecofact ID: BOD005
Kommune: Time
Dato: 7. august 2013
Areal: 21,3 daa
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark (E)
Naturtype: Viktig bekkedrag (06)
Utforming: Bekk i intensivt drive kulturlandskap
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og feltarbeid 7. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten omfattar utløpskanalen til Smukkevatnet i Time kommune, frå sjølve utløpet og ned til og med reinseparken nede ved jernbanelinja, samt kantsonen rundt. Lokaliteten grenser mot gjødsla kulturbeite og dyrka mark. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 5 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av

gneis, men den er likevel dekket av torvavsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3h)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen vert sett til viktig bekkedrag (E08) med utforminga bekk i intensivt drive kulturlandskap. Langs delar av kanalen er det eit strekk med øyrevier, rogn og bjørk. Feltvegetasjonen dominerast stadvis av takrøyr og særleg i eit utvida område vest i avgrensinga. Bekken/kanalen er svært sakteflytande og vegetasjonen er frodig med engminneblom, åkersvinerot, mannasøtgras, åkermynte, kjempepiggknopp, mjødurt og andemat.

Artsmangfald:
Nikkebrønsle (VU) finst spreidd langs heile kanalen, men langs kanten der avgrensinga utvider seg, finst den i større mengder. Her vart det før beita og då var førekomsten av nikkebrønsle enda mykje større.

Bruk, tilstand og påverknad:
Kanalen vert reinska opp med gravemaskin med jamne mellomrom. Før massedeponiet (som nå vert omgjort til dyrka mark) vart sumpområdet i vest beita og takrøyret vart då heldt nede. Etter opphøyr av beite har takrøyrskogen begynt å ta overhand og vil kunne redusere førekomsten av nikkebrønsle sterkt. Kanalen oppover er inngjerda og vert ikkje beita. Vatnet er næringsrikt.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det er ønskelig at det utvida området vest i avgrensing (på nordsida av bekken) vert beita (t.d. haustbeite etter at slåtten er over) for å avgrensa utbreiinga av takrøyr. Då det vart beita her var det ei fin våteng med mykje nikkebrønsle.

Del av heilskapleg landskap:
Ligg fint til i eit flott og variert kulturlandskap.

Verdisetjing: Området får verdi B (viktig) fordi det er eit frodig bekkedrag i eit intensivt drevet kulturlandskap, som er viktig for insekt, flaggermus og fugl og som har ein god førekomst av den raudlista arten nikkebrønsle (VU).

Njå - fattig våtbeite I

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD015
Kommune: Time
Dato: 07.08.2013
Areal: 11,9 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Fattig fuktbeite/våtbeite
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 7. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane.

Stad og naturgrunnlag:
Avgrensinga er lokalisert i ein svak senking omkransa av gjødsla kulturbeite i området mellom Njåskogen og Njå i Time kommune. Avgrensinga er stadvis noko diffus mot gjødsla kulturbeite, men nøyaktigheten er vurdert til å vere betre enn 5 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av fyllitt, men den er likevel dekka av torv. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området er ikkje heilt lett å plassere, men passer truleg best i naturtypen naturbeitemark (D04) med fattig våteng/fuktengutforming. Området er fuktig og kan karakteriserast som ein mosaikk og mellomting av fukteng/våteng og myr, men der fukteng/våteng dominerer arealmessig. Nokre delar tenderar mot myr og kystlynghei. Vegetasjonen består av fattigartar som blåtopp, englodnegras, torvmyrull, myrmjølke, duskmyrull, flaskestorr og blodtopp. Det vart også registrert litt mjødurt.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert nokon raudlista planteartar her.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vart under synfaringa beita av sau og storfe. Tilgrensande område vert gjødsla og næringsrikt sigevann kan verke øydeleggjande for dei ugjødsla areala. Det er nyleg laga ein traktorveg langs kanten på lokaliteten.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Ein bør også vere varsam med gjødsling i grensene mot den avgrensa lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Området får verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei ugjødsla beitemark i eit område der slike areal er svært sjeldne, men det er ikkje registrert nokre raudlisteartar på lokaliteten og potensialet for at slike finst vurderast som lite.

Figur 89. Fuktbeite. Foto: Bjarne Oddane

Njå - fattig våtbeite II

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD016
Kommune: Time
Dato: 07.08.2013
Areal: 18,7 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Fattig fuktbeite/våtbeite
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 7. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Time kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane.

Stad og naturgrunnlag:
Avgrensinga er lokalisert i ein svak senking omkransa av gjødsla kulturbeite i området mellom Njåskogen og Njå i Time kommune. Avgrensinga er stadvis noko diffus mot gjødsla kulturbeite, men nøyaktigheten er vurdert til å vere betre enn 5 meter. Ifølge berggrunnskartet består berggrunnen av fyllitt, men den er likevel dekka av torv. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området er ikkje heilt lett å plassere, men passer truleg best i naturtypen naturbeitemark (D04) med fattig våteng/fuktengutforming. Nokre delar tenderar mot kystlynghei. Vegetasjonen består av fattigartar som blåtopp, rome, tepperot, lyssiv, engsyre, litt klokkelyng og blodtopp. På litt fuktigare plasser vart det registrert mjødurt, sløke, og bukkeblad.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert nokon raudlista planteartar her.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vart under synfaringa beita av storfe. Tilgrensande område vert gjødsla og næringsrikt sigevann kan verke øydeleggjande for dei ugjødsla areala. I flaumperiodar er det også truleg at bekken fløymer over og legg at litt næringsrikt slam.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Ein bør også vere varsam med gjødsling i grensene mot den avgrensa lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Området får verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei ugjødsla beitemark i eit område der slike areal er svært sjeldne, men det er ikkje registrert nokre raudlisteartar på lokaliteten og potensialet for at slike finst vurderast som lite.

6.3 Hå kommune

Figur 90. Kystmyr med litt rikare preg. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Gjerda, aust for Nærbø

Naturbase ID: BN00008489
Ecofact ID: SET042
Kommune: Hå
Dato: 12.08.2013
Areal: 15,7 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A07)
Utforming: Blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr (A0804)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 12.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Den avgrensa naturtypen er redusert til berre å dekke lokaliteten med rikmyr samt bekken nedanfor.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett aust for Nærbø. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen inneheld

glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt einskilde område av granitt og amfibolitt. Tjukk morene dekkjer området. Denne type berggrunn er i hovudsak fattig på plantenæringsstoffar og har normal til sein forvitringsgrad. Likevel kan det stadvis finnast område med betre næringsforhold. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei blokkrik bakkemyr som hallar ned mot ein bekk i botnen av ein slak bekkedal. Det går fleire fuktsig i myra ned mot bekken. Øvst oppe er flatene overflatedyrka, medan hallinga er lite gjødselpåverka. Bekkekantane synes likevel noko påverka av næringstilførsel. Bekken er heilt utan kantvegetasjon anna enn kortbeita gras og urter. Myra er tuete med store tuer av slåttestorr og fastmatte mellom tuene. Myra har litt rikare preg og plasserer seg som intermediær myr på grunnlag av førekomstar av nokre få krevjande artar slik som vanleg myrklegg, myrsnelle, myrsaulauk og engstorr. Tidlegare er også dei krevjande artane nebbstorr og særbustorr funnen. Vegetasjonen langs bekken var gjødselprega i ein sone på 1-2 m, noko som truleg skuldast næringsrikt (flom)vatn.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar vart funne.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området nyttes til beite. Det er ingen tekniske inngrep i lokaliteten, men eit steingjerde går gjennom han. Det vert gjødsla på areala rundt avgrensinga, noko som på sikt kan føre til endringar i vegetasjonen på grunn av næringssig.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det er ynskjeleg med fortsett ekstensivt beite og at areala som ligg ovanfor vert gjødsla i minst mogleg grad. Det må ikkje drenerast eller gjerast andre inngrep som førar til endra hydrologi i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:
Området er del av eit heilskapleg kulturlandskap med noko mindre påverka beitemarker, myr- og kystlyngheiareal. Bekken gjev området fin variasjon.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) fordi det er ei intakt intermediær rikmyr i ein region kor slike er sjeldsynte. Arealet med rikmyr er likevel ikkje så stort at det kvalifiserer til høgare verdi, og har heller ikkje eit artsinventar som tilseier det.

Figur 91. Viktig bekkedrag aust for Nærbø. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Nærbø, aust - viktig bekkedrag

Naturbase ID: BN00008483
Ecofact ID: SET046
Kommune: Hå
Dato: 12.08.2013
Areal: 10 daa
Hovudnaturtype: Ferskvatn/Våtmark (E)
Naturtype: Viktig bekkedrag (E06)
Utforming: Bekk i intensivt drive jordbrukslandskap (E0605)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 12.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Den avgrensa naturtypen er redusert til berre å dekke bekkedraget.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg ved Graudheim, aust for Nærbø. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen inneheld glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt einskilde lag av granitt og amfibolitt. Glimmerskifer og amfibolitt kan gje betre næringsforhold. Tjukk

morene dekkjer området. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ein slak bekkedal med hallande beitemarker omkring. Nokre av beitemarkene ber preg av gjødsling, medan ei beitemark aust for bekken synast ikkje eller lite gjødsla. Bekkekantane er naturlege med høge storr, gras og andre graminider samt mjødurt. Stadvis går bekken over i sumpområde langs kantane og har ikkje ein fast bekkekant. Elvesnelle-storr-sump (O3) finst i eit belte langs bekken i sørlege delen. Her veks også litt krevjande artar som myrsaulauk, kjempepiggknopp, gulstorr og dvergjamne. Dvergjamne veks i litt tørrare beitemark. Elles er vegetasjonen fattig, men artsrik av vanlege artar som flaskestorr, blåtopp, stjernestorr, kornstorr, knappsiv, duskmyrull, heisiv, grønstorr, rome, rund soldogg, tettegras, myrfiol, myrhatt og bukkeblad. Litt opp frå bekken kjem det inn kystlyngheiartar i form av lyng, gulaks, englodnegras, tranebær. Lengst nord er det meir myrprega kring bekken med dominans av duskmyrull.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar vart funnen, men lokaliteten husar nokre krevjande artar som myrsaulauk og dvergjamne.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området nyttes til beite. Det har i seinare tid vorte grave litt i bekken i samband med ein veg som no kryssar han. Området er noko dårleg hevda og det er tilvekst av attgroingsarten mjødurt. Det vert gjødsla på areala rundt avgrensinga, noko som på sikt kan føre til endringar i vegetasjonen på grunn av næringssig.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det er ønskeleg med fortsett ekstensivt beite av tilgrensande beitemarker. Dessutan er det viktig at det vert gjødsla minst mogleg i dei områda som drenerer til bekken.

Del av heilskapleg landskap:
Området er del av eit heilskapleg kulturlandskap av noko mindre påverka beitemarker, myr- og kystlyngheiareal. Bekken gjev området fin variasjon.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) fordi det er eit viktig bekkedrag med intakte kantsonar og ekstensivt drivne beitemarkar i tilgrensande areal i eit elles intensivt jordbruksområde. Litt krevjande artar indikerer eit rikare jordsmonn.

Figur 92. Bekken med noko av sumpområde omkring. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 93. Myrprega område øvst langs bekken. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 94. Steinete naturbeitemark ved Nærbø. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Nærbø, aust - naturbeitemark

Naturbase ID: BN00008484
Ecofact ID: SET047
Kommune: Hå
Dato: 12.8.2013
Areal: 25 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming: Fuktig fattigeng (D0401)
Verdi: Lokalt viktig, C
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 12.8.2013. Naturbase.

Områdeomtale
Innleiing:
Undersøking og oppdatering av områdeomtalen er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013. Områdeomtalen er skriven av Solbjørg Engen Torvik i januar 2014 og er ei oppdatering etter Handbok 13 (2007). Den avgrensa naturtypen er utvida noko.

Plassering og naturgrunnlag:
Berggrunnen inneheld glimmergneis med lag av kvartsitt og glimmerskifer, samt einskilde område av granitt og amfibolitt. Tjukk morene dekkjer området. Denne type berggrunn er i hovudsak fattig på plantenæringsstoffar og har normal til sein

forvitringsgrad. Glimmerskifer og amfibolitt kan likevel gje betre næringsforhold. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei svært blokkrik naturbeitemark utan gjødselpreg. Fuktpreget er tydeleg med små pyttar spreidd i dei flate partia, medan det er betre drenering i hallinga ned mot bekken. Finnskjegg er ein vanleg art saman med geitsvingel, bjønnskjegg, engfrytle, heistorr, stjernestorr, duskull, kornstorr og englodnegras. Av urter kan nemnast tepperot, kystmaure, smalkjempe, blodtopp, blåknapp røsslyng og skogstjerne. I fuktige parti finst klokkelyng, rome, tettegras, rund soldogg, myrfiol og tranebær.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar vart funnen. Området vart sjekka for beitemarksopp i oktober utan at det vart funne.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området nyttes til beite. Det er fleire dreneringsgrøftar i det området som naturleg høyrer til beitemarka. Avgrensinga er derfor gjort slik at desse fell utanfor naturtypen.

Framande artar:
Sitkagran spreier seg inn i lokaliteten, men foreløpig er det berre småtre.

Skjøtsel og omsyn:
Det er ynskjeleg med fortsett ekstensivt beite. Dessutan er det viktig at det vert gjødsla i minst mogleg i dei områda som drenerer til naturbeitemarka i aust. Det må ikkje drenerast i lokaliteten eller i tilgrensande areal som kan påverka hydrologien.

Del av heilskapleg landskap:
Området er del av eit heilskapleg kulturlandskap av noko mindre påverka beitemarker, myr- og kystlyngheiareal.

Verdigrunngjeving:
Lokaliteten gis verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei ekstensiv drive naturbeitemark i eit elles intensivt jordbruksområde. Det er ikkje funne artar som tilseier høgare verdi.

Figur 95. Edellauvskogen sett frå sør. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Søraust for Risa, I

Naturbase ID: BN00008472
Ecofact ID: SET049
Kommune: Hå
Dato: 13.08.2013
Areal: 11 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utforming: Rikt hasselkratt (F0103)
Verdi: Viktig, B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 13.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er litt nedjustert i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg sør for Risa som ein lang, smal tarm på grensa mellom to fulldyrka marker. Mykje av skogen har ein breidde på berre ca. 25 meter. Det kryssar ein gardsveg gjennom skogen på eit smalt punkt og langs ein del av skogen går det ein gardsveg i øvre kanten som avgrensar skogen mot dyrka mark. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, men er dekket med tjukk morene. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten tilhøyrar naturtypen rik edellauvskog (F01) med utforminga rikt kysthasselkratt (D2c). Vest for vegen som kryssar lokaliteten er det ein del innslag av andre treslag med mellom anna framandartane sitkagran og platanlønn, men også bjørk, osp og rogn. I denne delen er det det ein viss førekomst av daud ved i form av læger. Dei grovaste trea på bakken er gran. Den austlege delen er ein meir homogen hasselskog sjølv om det her og finst innslag av bjørk og rogn. Her er kontinuitetspreget svakare. Skogbotnen i begge delane av skogen er relativt einsarta med stor dekning av kusymre, raud jonsokblom, gaukesyre, skogfiol og stankstorkenebb. Stadvis er kusymre heilt dominerande. Andre vanlege artar er bringebær, teiebær, skogsnelle, skogstorkenebb, tviskjeggveronika, vendelrot og

mjødurt. I tillegg finst det mykje både storbregnar og småbregnar; skogburkne, geittelg, fugletelg og hengjeveng.

Artsmangfald:
Ingen raudlisteartar vart funne, men fleire artar som ikkje er så vanlege i Hå, eller som indikerer eit rikare miljø, slik som kusymre, lundrapp og kvitbladtistel.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det finst eit område like ved vegen kor det tydeleg fortsett forgår dumping og brenning av avfall. Eit par stader til vart det funne etterlate metallavfall. Elles er det ikkje menneskelege inngrep i skogen.

Framande artar:
Sitkagran, platanlønn og raudhyll.

Skjøtsel og omsyn:
Fyll-, avfall- og brennplassen bør fjernast. Alt anna avfall som ligg litt spreidd i skogen bør også fjernast. Framande artar som sitkagran og platanlønn bør takast ut.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Alle utformingar av rike hasselkratt skal ha verdi B (viktig). Lokaliteten har relativt stort artsmangfald og fleire artar som viser rike forhold.

Figur 96. Rik edellauvskog med rikt hasselkratt. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 97. Stadvis er skogbotnen dekt av kusymre, stankstorkenebb og skogfiol. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 98. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Søraust for Risa, II

Naturbase ID: BN00008473
Ecofact ID: SET050
Kommune: Hå
Dato: 13.08.2013
Areal: 3,8 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Beiteskog (D06)
Utforming: Beiteskog (D0601), Rikt hasselkratt (F0103)
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 20.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned og er endra til å gjelde berre skogen. Beitemarka omkring synast å vera noko gjødsla og har grasrik, urtefattig utforming.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg sør for Risa ei blokkrik beitemark, omgitt av fulldyrka mark. Eksposisjonen er nordaustleg. Ein bekk dannar grensa for skogen i aust. Avgrensinga

er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, men er dekket med tjukk morene. Beitemarka rundt er relativt bratt og steinete, men likevel preget av noko gjødsling. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Skogen består i hovudsak av hassel, men med innslag av bjørk, rogn og en del hegg, særleg i sør. Tretettleiken er relativt stor og feltvegetasjonen er derfor sparsam. I feltsjiktet finst smyle, raudsvingel, og nokre få næringskrevjande artar som stornesle, vassarve og stankstorkenebb. Vegetasjonen i skogbotn er derimot frodig med rikeleg mosedekke på steinar og stammer. Vanlege artar er matteflette *Hypnum cupressiforme*, musehalemose *Isothecium myosuroides*, etasjemose *Hylocomium splendens*, stortujamose *Thuidium tamariscinum*, kysttornemose *Mnium hornum*, storbjørnemose *Polytrichum commune*, krusfagermose *Plagiomnium undulatum*, kystkransmose *Rhytidiadelphus loreus* og engkransmose *R. squarrosus*. Skogen er relativt ung, med berre liten førekomst av daud ved i form av avbrotne greinar.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar vart registert.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området er i aktivt bruk som sauebeite.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
I utgangspunktet som nå. Lokaliteten bør fortsette å vera en del av beitemarka rundt. Gjødsling bør ikkje førekomma tett opptil skogen og langs bekken.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten er del av et heilskapleg kulturlandskap der hasselskogen er bevart i skråninga ned mot bekken. Nedst i beitemarka fortsett bekken gjennom eit lite myr/sumppreget område kor den noko næringskrevjande arten myrsauløk veks.

Verdisetjing:
Beiteskogen er intakt, utan inngrep og med fortsett sauebeite. Lokaliteten saknar likevel en rik flora og sjeldne artar. Verdien vert sett til ein tvilsam C - *lokalt viktig*.

Figur 99. Kysthasselkratt i Risaskogen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Risaskogen

Naturbase ID: BN00008471
Ecofact ID: SET051
Kommune: Hå
Dato: 13.08.2013
Areal: 72 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utformingar: Rikt kyst-hasselkratt (F0103) 50 %, Lågurt-eikeskog (D2a) 20 %, blanding 50 %
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 20.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase med tilfredsstillande omtale, men er oppdatert etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i ei svak nordhelling på begge sider av Risabekken. Delar av området kunne og ha vorte avgrensa som naturtypen viktig bekkedrag (E06), men det er valt å fokusera på skogen som har rike botaniske kvalitetar. Avgrensinga har ei krokete og

ujamn linje fordi dei omliggjande areala er utnytta på ulike måtar. I nord grensar naturtypen til vegen og elles til små eller store dyrka areal, beitemark og planta granskog. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, men er dekka med tjukk morene. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ein relativt heterogen skog med omsyn til utforming og treslagførekomstar. Skogen finst i varierande breidde langs Risabekken. Viktig bekkedrag (E06) er derfor lagt som mosaikk i Rik edellauvskog (F01). Hassel er det dominerande treslaget i det meste av skogen, men andre treslag finst og i ulik mengde i skogen.

I nordvest, mellom Risabekken og vegen, er det eit parti med eikeskog. Nokre av eiketrea er til dels store og vidkrona, men utan at dei er særleg gamle. Elles er innslag av bjørk, rogn, hegg og småtre av ask vanleg. Busksjiktet er godt utvikla og inneheld både små tre, buskar og lianar som vivendel. I denne delen går det fleire mosegrodde steingardar.

Sør for Risabekken er det meir homogent hasselkratt med rik botn- og feltvegetasjon. Tresjiktet inneheld i tillegg til hassel, bjørk, osp og rogn. Også her er busksjiktet godt utvikla med hegg, krossved og vivendel som vanlegaste artar. Skogbotnen er dekt av eit moserikt teppe som også går opp langs trestammane. Storkransemose *Rhytidiadelphus triquetrus* og stortujamose *Thuidium tamariscinum* er ofte dominerande artar. I feltsjiktet er det stor artsrikdom av karplantar som viser gode næringsforhold. For eksempel veks det mykje kusymre stadvis i denne delen av skogen. Skogen er ung med relativt liten kontinuitet i tresjiktet og liten førekomst av daudved av større dimensjonar.

Sørleg del av naturtypen følger Risabekken oppover eit stykke. I tillegg til hassel finst ein del lind, bøk og eiker. Feltsjiktet i denne delen er også svært artsrikt, det er her det er mest kusymre. Eit parti på austsida er dominert av skogsnelle og skavgras.

Artar som viser frisk moldjord med god næringstilgang er engsnelle, markjordbær, teiebær, vivendel, krossknapp, liljekonvall, kystbjønnkjeks, villeple, rips og sumphaukeskjegg. I hasselkrattet sør for Risabekken er vanlege artar mykje tilsvarande som dei nemnd over og i tillegg finst bringebær, markjordbær, firblad, enghumleblom, blodtopp, raud jonsokblom, skogfiol, myrfiol, gaukesyre, skogsnelle, kvitveis, blåkoll, bleikstorr, gulaks, kvitbladtistel, hestehavre, englodnegras, smyle og strandrøyr langs bekken. Hegg og krossved er vanleg i busksjiktet. Nokre stader er det rikeleg med bregnar, skogburkne, geitetelg, hengeveng og fugletelg. I den sørlegaste delen av naturtypen er innslaget av andre edellauvtre større med eik, lind og nokre få bøketre, i tillegg til bjørk. Kystorelav *Hypotrachyna afrorevoluta* og bekkeskeimose *Platyhypnidium riparioides* er funne tidlegare i lokaliteten.

Artsmangfald:
Ask (NT) er einaste raudlistearten som er registert. I lågurt-eikeskogen er det før funne vanleg nattfiol, ein orkidé som kan ha ujamn førekomst frå år til år. Førekomsten av skavgras er interessant og gjev skogen eit særprega uttrykk.

Bruk, tilstand og påverknad:
Risaskogen er tydeleg i bruk som turområde med fine stiar og parkeringsplass i utkanten. Tilstanden til skogen er i det store og heile god, men nord for Risabekken er det ein del maskin- og metallavfall samt takpanner og steinfylling.

Framande artar:
Sitkagran finst spreidd, helst i utkanten av lokaliteten. Eit plantefelt av sitkagran grensar til lokaliteten i sør og eit mindre areal finst også i vest. I sør har det nyleg vorte hogge. Lauvskogen har truleg vore meir utbreidd før der det no er planta gran. Raudhyll, platanlønn og stikkelsbær finst sparsamt i lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn:
I den litle eikeskog heilt i nordvestkan kan ein tynna skogen litt for å gje nokre av eike trea større plass. Det er då dei minste eikene og andre treslag som kan vere aktuelle å ta ut. Elles bør skogen få utvikla seg mest mogleg fritt. I kyst-hasselkrattskogen i den nordlege delen av naturtypen bør ein ta ut andre treslag enn hassel, mellom anna sitkagran, bjørk og rogn, dersom ein vil bevara naturtypen som rikt kysthasselkratt. Elles vil hassel verte utkonkurrert. Planteskogen utanfor avgrensinga i vest kan med fordel reduserast. Den sørlegaste delen av skogen som følger bekken oppover bør få utvikla seg heilt utan inngrep. Metallavfall og anna avfall bør fjernast. Særleg finst dette nord for Risabekken.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten er gitt verdi B (viktig) på grunnlag av at alle utformingar av rik edellauvskog skal ha minst denne verdien. Rikt hasselkratt med kontinuitet i tre/busksjikt og alle utformingar av edlelauvskog med stort artsmangfald skal ha verdi A (svært viktig). Lokaliteten har stort artsmangfald og fleire artar viser rike forhold. Likevel er det ikkje dokumentert raudlisteartar, anna enn ask (NT) og kontinuiteten er truleg for låg til høgaste verdi.

Figur 100. Parti frå nordleg del av Risaskogen, men på sørsida av Risabekken. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 101. Skogsnelle og skavgras i skogbotnen i Risaskogen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 102. Viktig bekkerag, ein sidebekk til Risabekken. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Risabekken, sør

Naturbase ID: BN00008475
Ecofact ID: SET052
Kommune: Hå
Dato: 14.08.2013
Areal: 36 daa
Hovudnaturtype: Ferskvatn/Våtmark (E)
Naturtype: Viktig bekkedrag (E06)
Utforming: Bekk i intensivt drive jordbrukslandskap (E0605)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 14.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er endra til å gjelde berre bekkedraget.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i ei slak nordhelling langs Risabekken i nord og ei sidegrein av Risabekken i sør. Lokaliteten ligg i ein svak bekkedal med ekstensivt drive jordbruksområde i form av innmarksbeite og kystlynghei omkring. I nedre del av

naturtypen er bekkedalen meir utprega og hellinga brattare. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen består av fyllitt og glimmer-skifer, men er dekka med tjukk morene. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Den nordlegaste delen av naturtypen som følger Risabekken oppover har kantsonar av meir eller mindre tett lauvskog med bjørk, rogn, hassel, hegg, selje og osp. På ei lita strekning er det trelaust og dei omliggande beitemarkene går heilt ned til bekken. Vanlege artar langs denne strekninga er blodtopp, slirestorr, storengkall, rome, knappsiv, mjødurt, bjønnskjegg, engfrytle, finnskjegg og øyrevier. Den sørlegaste delen følger ein sidebekk som går noko buktande innover i eit fuktig kystlyngheiområde og omfattar også ei helofyttsump og eit tjørn som tidlegare hadde ope vasspegel. Helofyttsumpen er dominert av elvesnelle. Langs bekken er det også helofyttsump dominert av blant anna kjempepiggknopp. I helofyttsumpen langs bekken veks det fleire stader nikkebrønsle som er raudlisa i kategori sårbar (VU). Andre artar langs sidebekken er strandrøyr, mjødurt, dikeminneblom, myrmaure, myrmjølke, kvitmaure, myrhatt, bekkeblom, bekkestjerneblom, grasstjerneblom, gulldusk, mannasøtgras og sumphaukeskjegg.

Artsmangfald:
Nikkebrønsle (VU) har god førekomst langs sidebekken til Risabekken.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området var ikkje i bruk som beite på undersøkings-tidspunktet og vert truleg ikkje nytta lengre.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det er ønskeleg med ekstensivt beite av storfe i den omliggande kystlyngheia i sør som bekken er ein del av, for å hindre attgroing nær bekken bør. Drenerande inngrep i lokaliteten eller i kystlyngheia omkring må hindrast.

Del av heilskapleg landskap:
Risabekken og sidebekken er del av eit heilskapleg kulturlandskap der ekstensivt drivne område vekslar med intensivt jordbruk.

Verdisetjing:
Bekkedraget ligg i eit intensivt drive jordbrukslandskap der slike er sjeldne. Lokaliteten er ikkje gjødselpåverka og har lite tilsig av næringsstoffar. Kantsonene er intakte og av vekslande utformingar frå skogkledde til opne bekkekantar og sump. Lokaliteten husar ein raudlista art i kategorien sårbar (VU). Lokaliteten er på grunnlag av dette gitt verdi B (viktig).

Figur 103. Nikkebrønsle (VU). Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 104. Kystlynghei på Risa med eit viktig bekkedrag sentralt i biletet. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Risa, sør - kystlynghei

Naturbase ID: BN00008475
Ecofact ID: SET052b
Kommune: Hå
Dato: 14.08.2013
Areal: 65 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming: Fuktig lynghei (D0703), blåtopp-utforming (H3g)
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 14.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). I den tidlegare omtalen i Naturbase var kystlyngheia skildra saman med eit viktig bekkedrag som ligg innlemma lokaliteten. Desse er no skilt i to sjølvstendige naturtypar.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett sør for Risa i eit flatt område. Ein sidebekk av Risabekken ligg innlemma i lokaliteten og fleire fuktdrag renn i denne bekken. B Avgrensinga er sett

på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, men er dekket med tjukk morene. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er utprega fukthei med stor dominans av blåtopp, bjønnskjegg og sivartar. Det finst òg innslag av røsslyng, blåbær, klokkelyng og blokkebær. Lokaliteten har mange tydelege fuktsig som renn inn mot bekken og tjernet og i vest er det eit meir myrprega område med fattigmyrartar som rome, trådsiv, torvmyrull, knappsiv og lyssiv.

Artsmangfald:
Det vart ikkje funne raudlista eller sjeldne artar i kystlyngheia. Vanlege artar er blåtopp, bjønnskjegg, harestorr, slirestorr, trådsiv, knappsiv, lyssiv, røsslyng, blåbær, klokkelyng, blokkebær, tepperot, øyrevier og lappvier.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten vert ikkje beita, men det er sannsynleg at den har vorte det tidlegare. Det har truleg aldri vorte gjødsla, då lokaliteten har mange fuktige sig, myr- og sumpområde samt eit tjørn som gjer det vanskeleg å koma til. Inngrep i lokaliteten avgrensar seg til eit steingjerde som går på langs gjennom kystlyngheia. Elles finst det nokre eldre kjøyrespor i utkanten av lokaliteten. Oppslag av bjørk, rogn og øyrevier finst i heile kystlyngheia, men mest og tettast i nordaust kor det er tenderar mot attgroing av kystlyngheia.

Framande artar:
Raudhyll.

Skjøtsel og omsyn:
For at kystlyngheia skal bevarast bør ein rydda ein del av oppslag av tre, særleg i nordaust, men også spreidd i lokaliteten. Rydda materiale må brennast eller fjernast få lokaliteten for å unngå gjødslingseffekt. Det hadde òg vore ynskjeleg med noko beite, helst ei veksling av storfe og sau. Elles er det viktig at det fortsett ikkje vert gjødsla.

Del av heilskapleg landskap:
Kystlyngheia inngår i eit heilskapleg kulturlandskap og dannar eit verdfullt naturrom i tilknyting til bekken i eit elles intensivt jordbruksområde.

Verdisetjing:
Lokaliteten er gitt verdi C - *lokalt viktig* då det er lenge sida den har vorte brukt til beite, og usikkert om den nokon gong har vorte brent. Det er noko attgroing av busk- og treoppslag, men med store opne areal. Det har truleg ikkje vore gjødsla.

Figur 105. Naturleg fisketomt tjern i fattigmyr på Våland. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Våland I: Are, nord

Naturbase ID: BN00008487
Ecofact ID: SET053
Kommune: Hå
Dato: 20.08.2013
Areal: 3,6 daa
Hovudnaturtype: Ferskvatn/Våtmark (E)
Naturtype: Naturleg fisketomme innsjøar og tjern (E10)
Utforming: Lite myrtjern og myrpytt (E1002) 20 %, Kystmyr (A), jordvassmyr (A0804) 80 %
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 20.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg ved Are på Våland, i eit litt kupert landskap som vekslar mellom myr, beitemark og dyrka mark. Mykje av beitemaka er noko gjødsla. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5

m). Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, dekka med ein mosaikk av tjukk morene og torv/myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er eit lite myrtjern/myrpytt som er i ferd med å gro att. Det finst ikkje innløps- eller utløpsbekk og tjernet er difor truleg fisketomt. I vatnet veks nikkebrønsle som er raudlista (NT) og hesterumpe. Omkring den opne vassflata er det helofyttsump med gradvis overgang til mjukmatte og fattig tuemyr. Torvmosar dominerer med blant anna vortetorvmose *Sphagnum papillosum* og kjøtt-torvmose *S. magellanicum*. Duskmyrull er dominerande planteart i den fuktigaste delen av myra, men også bjønnskjegg og blåtopp er vanlege samt dystorr. På litt tørrare område veks pors, klokkelyng, røsslyng, rome, knappsiv, torvmyrull, flaskestorr, trådsiv og tranebær. Andre vanlege og typiske artar er hesterumpe, myrhatt, duskmyrull. I overgangen frå myr til beitemark på ein høgde i sør, står ein stor plante av solblom (VU) med mange bladrosettar og mange blomestenglar. Det er valt å trekka grensa for naturtypen slik at denne solblomførekomsten fell innanfor. Endå ein solblomplante veks ca. 18 meter lenger SSØ i beitemarka, men utanfor naturtypelokaliteten.

Artsmangfald:
Det er god førekomst av nikkebrønsle (VU) i helofyttsumpen ved tjernet. I kanten mot beitemark i sør veks ein førekomst av solblom (VU). Det vart funne endå ein førekomst av solblom i beitemarka like ved denne.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten er del av ei beitemark kor det går ungdyr av storfe. Myrkanten vert beita.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Fortsett beite av storfe er ønskeleg. Det må ikkje gjerast dreneringstiltak som kan ha innverknad på lokaliteten. Gjødsling av beitemarka omkring kan gje uheldig eutrofiering og attgroing av dammen. Det er derfor ønskeleg at dette ikkje skjer. Gjødsling har og uheldig verknad på solblomførekomsten

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten ligg i eit litt kupert landskap som vekslar mellom myr, beitemark og dyrka mark. Slike myrtjern er viktige restareal i eit elles intensivt drive jordbruksområde.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit fisketomt tjern med stort biologisk mangfald med blant anna to raudlisteartar i kategori VU. Lokaliteten er eit restareal i boreonemoral sone i eit svært intensivt drive jordbruksområde.

Figur 106. Nikkebrønsle i myrtjern på Våland. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 107. Lita kystmyr på Våland. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Våland II: Are, vest

Naturbase ID: BN00008492
Ecofact ID: SET054
Kommune: Hå
Dato: 20.08.2013
Areal: 3,5 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr (A0804)
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 20.08.2013.
Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg ved Are på Våland, i eit litt kupert landskap som vekslar mellom myr, beitemark og dyrka mark. Mykje av beitemaka er noko gjødsla. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5

m). Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, dekka med ein mosaikk av tjukk morene og torv/myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei lita fattigmyr som ligg i eit litt kupert landskap som vekslar mellom myr, beitemark og dyrka mark. Det meste av beitemaka omkring er noko gjødsla. Vanlege artar er flaskestorr, duskmyrull, trådsiv, blåtopp, torvmyrull, blåknapp, myrfiol, pors, klokkelyng, røsslyng, rome, smyle, knegras, myrhatt og bukkeblad. Dvergbjørk veks i tilgrensande område.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar vart funne.
Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er del av ei beitemark kor det går ungdyr av storfe. Myrkanten vert tydeleg beita.

Framande artar:
Små sitkagran veks sparsamt i lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn:
Fortsett ekstensivt beite av storfe er ønskeleg. Gjødsling bør ikkje gjerast nær lokaliteten for å unngå at den vert påverka av næringstilsig. Det må ikkje gjerast dreneringstiltak som kan ha innverknad på hydrologien i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten ligg i eit litt kupert landskap som vekslar mellom myr, beitemark og dyrka mark. Det er to andre små myrlokalitetar i det same beitearealet som til saman gjer at det er verdifult i biologisk samanheng. Slike fattigmyrer er viktige restareal i eit elles intensivt drive jordbruksområde.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er eit viktige restareal i eit elles intensivt drive jordbruksområde. Lokaliteten er ikkje stor nok til å få høgare verdi enn C, men to andre myrlokalitetar i det same beitearealet gjer at det til saman er vald å avgrense også denne litle myrlokaliteten.

Figur 108. Vestleg del av myrlokaliteten. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Våland III: Are, sør

Naturbase ID: BN00008493
Ecofact ID: SET055
Kommune: Hå
Dato: 20.08.2013
Areal: 9 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr (A0804)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 20.08.2013.
Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007).

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg ved Are på Våland, i eit litt kupert landskap som vekslar mellom myr, beitemark og dyrka mark. Mykje av beitemaka er noko gjødsla. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5

m). Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, dekka med ein mosaikk av tjukk morene og torv/myr. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone og i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei fattig til intermediær myr med varierande fuktighet og utforming i ulike delar av myra. Området ligg i eit litt kupert landskap som vekslar mellom myr, beitemark og dyrka mark. Det meste av beitemaka omkring er noko gjødsla. Nordleg del er ei noko tuete, fattig bakkemyr. Sørleg del er også fattig tuemyr. Sig frå begge desse myrområda renn mot flatmyra i vest som ligg i ein forseinking i landskapet og har ein fuktigare og meir intermediær utforming. Trådsiv er særleg vanleg i nordleg og vestleg delen av myra. Bukkeblad og myrhatt dominerer stadvis i dei fuktigaste områda kor det også veks mykje elvesnelle, flaskestorr og duskmyrull. Elles er vanlege artar lyssiv og knappsiv, finnskjegg, bekkeblom, myrmjølke og myrfiol. I tørrare parti veks det ein del kyng, klokkelyng, røsslyng, blokkebær, blåbær og tyttebær, samt blåknapp, geitsvingel, smyle, gulaks, slåttestorr og stjernestorr. Øyrevier veks spreidd i lokaliteten, særleg langs kantane og dvergbjørk finst meir sparsamt. I den sørlege delen veks kvitbladlyng, rund soldogg torvmyrull og grønstorr.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar er funne.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten er del av ei beitemark kor det går ungdyr av storfe. Myrkanten vert tydeleg godt beita, men sentrale delar av myra har mindre beitetrykk.

Framande artar:
Spreidd med sitkagran, men lokaliteten er ikkje trua av gjenvekst.

Skjøtsel og omsyn:
Fortsett ekstensivt beite av storfe er ønskeleg. Gjødsling bør ikkje gjerast nær lokaliteten slik at den vert påverka av næringstilsig. Det må ikkje gjerast dreneringstiltak som kan ha innverknad på hydrologien i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten ligg i eit litt kupert landskap som vekslar mellom myr, beitemark og dyrka mark. Det er to andre små myrlokalitetar i det same beitearealet som til saman gjer at det er verdifult i biologisk samanheng. Slike fattigmyrer er viktige restareal i eit elles intensivt drive jordbruksområde.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei kystmyr over 5 daa i boreonemoral sone med lite eller ingen inngrep. Det er eit restareal i eit svært intensivt drive jordbruksområde. I tillegg er det to andre små myrlokalitetar i det same beitearealet som til saman gjer at det er vald å avgrense denne myrlokaliteten og sette B-verdi på denne største.

Figur 109. Den nordlegaste vasspegelen til Vålandstjørna med førekomst av nikkebrønsle (VU). Foto: Solbjørg E. Torvik.

Vålandstjørna

Naturbase ID: BN00008490
Ecofact ID: SET056
Kommune: Hå og Time
Dato: 22.08.2013
Areal: 84 daa
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark (E)
Naturtype: Rik kulturlandskapssjø (E08)
Utforming: Elvesnelle-flaskestorrsump-utforming 70 %, sjøsivaks-utforming 10 %, nøkkerose-utforming 10 %, fuktbeite 10 %.
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 20.08.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase med tilfredsstillande omtale, men er oppdatert etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Det har vorte gjort inngrep i naturtypen etter dette, slik at avgrensinga er justert ned i sør og vest. I tillegg er eit område i Time kommune i aust innlemma då det naturleg høyrer saman med våtmarka.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i ei forseinking i landskapet på Våland. Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, dekket med en mosaikk av tjukk morene og torv/myr. I nord, lengst vest og eit lite stykke i sør grensar lokaliteten til planta granskog. I vest går det ein kanal som dannar grensa til dyrka mark. Elles i sør og øst grensar området til lauvskog i skråninga opp mot dyrka mark. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ein rik kulturlandskapssjø som hadde større vassflate tidlegare, men har grodd mykje att på grunn av drenering og oppdyrking av areal omkring, særleg i sørvest. Undervassvegetasjonen i tjernet er ikkje undersøkt. Attgroing av eit tidlegare større vasspegel har ført til store område med sumpvegetasjon av flaskestorr, sjøsivaks, elvesnelle, mjødurt og knappsiv. Innimellom veks myrhatt, grøftesoleie, blodtopp og bekkekarse. Andre vanlege og typiske artar er sølvbunke, blåtopp, slåttestorr, knappsiv, kjempepiggknopp, myrhatt, myrmjølke, myrmaure, bekkekarse, grasstjerneblom, duskmyrull, dikeminneblom og myrfiol. I helofyttsumpen ved kanten av tjørna i nordvest finst store førekomstar av nikkebrønsle (VU). Nokre få einskilde plantar veks også lengst nordaust i naturtypen på forstyrra mark. I den nordlege delen er det flaskestorrsump som dominerer med elvesnelle, myrhatt og skogrøyrkvein som følgeartar. Øyrevier veks spreidd i heile naturtypen, både langs kantane og uti sumpen. Omkring den opne vassflata i søraust som er størst i dag, er det eit belte av sjøsivaks og elvesnelle. Om det finst nikkebrønsle her er ikkje undersøkt, då det er vanskeleg å ta seg ut til tjørna. Områda i sør har vorte nytta som beite og har eit fuktbeitepreg. Her finst betydeleg innslag av blodtopp, mjødurt og sløkje. I vest fortsett sumpområdet inn i Time kommune langs ein innløpsbekk. Her er det stor dominans av skogrøyrkvein og i kanten av sumpområdet veks ei god kantsone med varierande lauvtre, blant anna bjørk og rogn. Kantsona er tatt delvis med i naturtypen fordi den dannar ei fin grense og kan verna sumpområdet mot inngrep. I nordvest er det også innslag av eik langs sumpområdet.

Artsmangfald:
Store førekomstar av nikkebrønsle (VU) i alle fall i nord.

Bruk, tilstand og påverknad:
I vest er ein del av den opphavlege naturtypen dyrka opp i seinare år. I sør er det gjort ein del graving, grøfting og deponering av masser, og det er etablert ein ny grusvei. Desse områda er tatt ut av avgrensinga av naturtypen. I den sørlegaste delen av gjeldande naturtype var det tydelige kjørespor og nokre mindre haugar med deponert masse. Denne delen er noko tørrare og har vorte nytta som beite. Det har vorte drenert mykje tidlegare slik at ein større vasspegel er sterk redusert.

Framande artar:
Sitkagran veks spreitt i lokaliteten, særleg langs kantane kor det enkelte stader er skog.

Skjøtsel og omsyn:
Inngrep i form av drenering, grøfting og anna graving bør opphøyra. Ytterlegare senking av vasstanden bør unngåast. Ein bør heller om mogleg heva vasstanden for å hindra fullstendig attgroing av tjerna. Anna forstyrring som køyring i sumpområda og deponering av alle typar masse bør også stansa.

Moglege truslar:
Drenering, ytterlegare senking av vasstanden og oppdyrking av nye areal er dei mest relevante truslane.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein velutvikla og fin rik kulturlandskapssjø i eit flott kulturlandskap med rikt artsmangfald og ein god førekomst av den raudlista arten nikkebrønsle (VU). I sentrale delar er naturtypen intakt medan området i sør er meir utsett for påverknad. Lokaliteten bidrar også til binda saman mindre påverka område i kulturlandskapet.

Figur 110. Vasspegelen i sørleg del av Vålandstjørna i bakgrunnen. Det fremre vatnet er enden av ei grøft kor bekken frå Vålandstjørna, sør, drenerer. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 111. Vålandstjørna, sør, er eit fint avgrensa vatn. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Vålandstjørna, sør

Naturbase ID: BN00008496
Ecofact ID: SET057
Kommune: Hå
Dato: 22.08.2013
Areal: 7,1 daa
Hovudnaturtype: Ferskvatn/våtmark (E)
Naturtype: Naturlig fisketomme innsjøar og tjern (E10), Rik kulturlandskapssjø (E08)
Utforming: Nøkkerose/tjønnaks-utforming (P2b, P2c)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 20.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er justert ned då det er etablert veg tett inntil vatnet i vest.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i ei forseinking i landskapet på Våland. Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, dekket med en mosaikk av tjukk morene og torv/myr. I nord, lengst vest og eit lite stykke i sør grensar lokaliteten til planta granskog. I vest går det ein

kanal som dannar grensa til dyrka mark. Elles i sør og øst grensar området til lauvskog i skråninga opp mot dyrka mark. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er et fint avgrensa tjern som truleg er fisketomt da det ikkje finst gytebekker. Utløpsbekken i vest til Vålandstjørna er i seinare tid grove opp, men utgjør fortsett eit vandringshinder for fisk. I øst står en høy granskog tett innmed tjernet og i sør er det blandingsskog. Mykje av vassflata er dekka av gul nøkkerose og noko vanlig tjønnaks. Flaskestorr, elvesnelle, bukkeblad og myrhatt dannar helofyttsump ut i tjernet. Her finst også litt småpiggknopp, gytjeblærerot og myrmjølke. Det finst eit yrande insektliv og spesielt i augnefallande er augestikkerane.

Artsmangfald:
Ingen raudlista artar er funne, men potensialet for slike finst då vatnet ikkje undersøkt godt nok.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er nylig opparbeida ny veg langs vestsida av tjernet. I forbindelse med dette er det delvis danna ny kant på vatn på denne delen.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Lokaliteten bør få utvikla seg naturleg, og nye inngrep bør ikkje førekomme.

Moglege truslar:
Ytterlegare inngrep i lokaliteten og endring av utløpsbekken slik at fisk kan vandra opp er dei mest relevante truslane.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten utgjer eit naturleg element i eit elles intensivt drive jordbruksområde.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit fisketomt tjern med stort biologisk mangfald i sørboreal sone. Det er grunnlag for stort biologisk mangfald, både av plantar og insekt.

Figur 112. Blåtopp dominans i fuktig lynghei i Tunheimsmarka. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Tunheimsmarka, sør

Naturbase ID: BN00008478
Ecofact ID: SET058a
Kommune: Hå
Dato: 20.08.2013
Areal: 8,6 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming: Fuktig lynghei (D0703) 90 % i mosaikk med kystmyr (A08), Tørr gras-urterik hei (D0702)10 %
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 20.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Den opphavlege naturtypen er del i to og innskrenka noko grunna ulik utforming og gjødsling.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg mellom Risa og Våland, i eit intensivt drive jordbruksområde, men der det også finst ein del mindre påverka område. Avgrensinga er sett på grunnlag av

ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen består av fyllitt og glimmerskifer, dekka med ein mosaikk av tjukk morene og torv/myr.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Kystlyngheia har sterk dominans av storvaksen blåtopp som dannar eit tuete, men nokså homogent miljø. Andre følgeartar til blåtopp er bjønnskjegg, slåttestorr, flaskestorr og duskmyrull. Øyrevier, pors og lyngartar som klokkelyng, kvitbladlyng, røsslyng, blokkebær, blåbær, skrubbær veks også spreidd i lokaliteten. I tørrare område finst fleire urter og grasartar som blåknapp, tepperot, blåklokke, finnskjegg, geitsvingel og smyle i tillegg til større innslag av lyngartar. I det søraustlege hjørne er ein høgde med tørrare lynghei kor lyngartar og urter er meir dominerande. Mellom tuene finst torvmosar, mellom anna kjøtt-torvmose og vortetorvmose. Det er ein del oppslag av øyrevier, bjørk og rogn spreidd i området.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar er funne.

Bruk, tilstand og påverknad:
Kystlyngheia beitast ikkje. Det veks ein del bjørk, rogn og øyrevier spreidd på myra som tyder på ei viss attgroing. Rogna er tydeleg veksthemma, ofte lita og dårleg utvikla. Det er mykje grøfting i tilgrensande område i aust og litt i forbindelse med fulldyrka mark sør og vest for myra.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Ekstensivt beite av storfe er ønskeleg for å halde oppslag av bjørk og rogn under kontroll. Rydding av desse bør gjerast i heile lokaliteten, og mykje i nordaust. Vidare grøfting av areala omkring bør unngåast, då det er viktig å halde grunnvasstanden på eit så høgt nivå at oppslag av tre vert redusert.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten er del av eit landskap prega av forholdsvis store teigar med ugjødsla hei og gjødsla beitemark, noko som gjev et heilskapleg fint uttrykk.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei fuktig kystlynghei med relativt homogen og fin blåtopp-utforming i eit område kor slike har vorte svært sjeldne. Lokaliteten er ikkje i hevd og verdien er truleg derfor ikkje høgare enn C.

Figur 113. Nordlege del av Tunheimsmarka. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Tunheimsmarka, nord

Naturbase ID: BN00008478
Ecofact ID: SET058b
Kommune: Hå
Dato: 20.08.2013
Areal: 10,2 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming: Fuktig kysthei (H3) i mosaikk med fattigmyr (K1c/K2b)
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 20.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Den opphavlege naturtypen er del i to og innskrenka noko grunna ulik utforming og gjødsling.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i svakt hallande terreng, der den nordlege delen heller mot nord og sørleg del heller mot sør ned mot myr. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen består

av fyllitt og glimmerskifer, dekka med ein mosaikk av tjukk morene/randmorene og torv/myr.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Kystlyngheia er grasrik, svært blokkrik og fuktig. Arealet er sannsynlegvis litt gjødsla, men det skil likevel seg frå dei nærliggande areala med at andelen av lyng er større. Vanlege artar er røsslyng, blåbær, tyttebær, blokkebær, skrubbær, tepperot, rome, heisiv, duskmyrull, stjernestorr, geitsvingel, smyle, pors og øyrevier. Tilleggsfôring av storfe har hatt betydeleg negativ påverknad i ein del av beitemarka i aust. Naturbeitemarka kan plasserast i blåtopp-utforming (H3g) og bjønnskjegg-utforming (H3f) i mosaikk med fattigmyr.

Artsmangfald:
Det vart ikkje registrert sjeldne artar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten er i god hevd og beitast av ungdyr. Den er lite gjødsla, men ber likevel preg av at dyra vert tilleggsfora. Området kor tilleggsforet står er sterkt påverka av dette og har mista kystlyngheipreget. Det er ingen attgroing i lokaliteten.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Lokaliteten bør fortsett beitast av ungdyr, men beitepresset er for høgt og tilleggsfôring bør opphøyra inni lokaliteten. All gjødsling bør opphøyra.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten er del av eit landskap prega av forholdsvis store teigar med ugjødsla hei og gjødsla beitemark, noko som gjev et heilskapleg fint uttrykk.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er ei kystlynghei i aktivt hevd i eit område kor slike har vorte svært sjeldne. Det er likevel truleg noko gjødsla. Og tilleggsfôring har hatt negativ påverknad.

Figur 114. Sørleg del av kystlyngheia Tunheimsmarka, nord. I bakgrunnen ses Tunheimsmarka, sør, kor ein ser tydeleg at lokaliteten er i ferd med å gro att. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Nesheim

Naturbase ID: BN00008476
Ecofact ID: KBS16
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 4,2 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Store gamle tre (D12)
Utforming: Gammalt tre
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein god omtale av naturtypen. Avgrensinga er ikkje justert i høve til opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg ved Nesheim på austsida av riksvei 44 i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som mykje god (under 10 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane utelukkande inneheld tjukt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Gjeldane naturtype omfattas av store og gamle frittståande lauvtre i et jordbruks-dominert landskap. Gamle tre representerer lang kontinuitet. De kan derfor vere eit av dei siste levested for ei lang rekke artar som var vidt utbredt før avskoginga starta. Gamle tre er viktige habitat for både lav, sopp, mose og insekt og kan innehalde ei stort artsmangfald. Lønnetrea innan lokaliteten innehar i denne samanheng fleire nasjonalt og regionalt sjeldne lavartar som veks på stammane til desse rikbarkstrea.

Artsmangfald:
Lokaliteten inneheld ein spennande lavflora, med fleire svært sjeldne artar. Av desse kan grå punktlav *Punctelia subrudecta* (EN), herregårdslav *Pleurosticta acetabulum* (regionalt svært sjeldan) og askeragg *Ramalina fraxinea* (regionalt sjeldan) framhevast. Sørlandsragg *Ramalina canariensis* (CR) er også funnet i lokaliteten (Jølle.O 1977).

Bruk, tilstand og påverknad:
Gruppa av tre er del av ein liten skogflekk som veks i og rundt fleire hus/gardstun.

Framande artar:
Platanlønn (SE)

Skjøtsel og omsyn:
Det bør informerast nærmaste naboar at gjeldane tre inneheld store nasjonale verneverdiar. Substratet lavartane veks på er ein svartelista art, men dette har lite å sei i den store samanhengen.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi A (svært viktig) fordi det er gamle tre med raudlista og spesielle artsførekomstar.

Figur 115. Hanabergsmyra. Foto: Knut Børge Strøm.

Hanabergsmyra

Naturbase ID: BN00008501
Ecofact ID: KBS16
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 99 daa
Hovudnaturtype: Myr og Kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale. Avgrensinga er ikkje justert utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett sør for Hanaberget i nærleiken av Nærbø, Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 10 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld torv/myr og tjukt morenemateriale, som er stein og grus plukka

opp, transportert og avsett av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er sett til kystmyr (A08) i jordvassmyr utforming og består av ei flott og intakt myr i eit elles sterkt kulturpåverka landskap. Myra har i ei tua framtoning, med stadvist flatare parti med fuktige søkk dominert av torvmosar (*Sphagnum sp.*). I referanse til Fremstad (1998) kan vegetasjonstypane plasserast til ein kombinasjon av tuemyr (K2) og eit lite innslag mjukmatte/lausbotnmyr (K4) i dei fuktigaste søkka. Myra er ein av svært få attverande myrer på dei lågaste delar av Jæren som også har eit intakt bekkesystem.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert noko raudlista artar innanfor lokaliteten, og potensialet for dette sjåast på som lite, då myrområdet er fattig og lite næringsrikt. Av artar kan duskmyrull, tepperot, slåttestorr, blåtopp, rundsoldogg og klokkelyng framhevast som gjennomgåande vanlege og dominerande innanfor gjeldane lokalitet.

Bruk, tilstand og påverknad:
Sau og storfe beitar i området.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Beitet bør oppretthaldas for å holde myra i god hevd og med det unngå attgroing. Det må ikkje grøftas i eller i nærleik av myrarealet.

Del av heilskapleg landskap:
Den avgrensa myra er del av eit større samanhengande kulturlandskap, der blant anna Hanabergsmarka (lynghei) innehar stor verdi.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi A (svært viktig) fordi det er ei intakt myr på over 50 daa i boreonemoral vegetasjonssone.

Figur 116. Hanabergsmarka. Foto: Knut Børge Strøm.

Hanabergsmarka

Naturbase ID: BN00008504
Ecofact ID: KBS17
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 153 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale. Avgrensinga er ikkje justert utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett sør for Hanaberget i nærleiken av Nærbø, Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 10 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld torv/myr og tjukt morenemateriale, som er stein og grus plukka

opp, transportert og avsett av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av ei større og intakt kystlynghei (D07) i et elles intensivt drevet jordbrukslandskap. Lyngheia har variert utforming, og innehar ein stor verdi i sin representasjon av fleire ulike vegetasjonstypar. Ein bekk renn aust i avgrensinga, og er med på å skape ei fint element i landskapsrommet i tillegg til å skape ein større artsdiversitet. Fuktigheita langs bekken bidrar til å utforme vegetasjonstypane, og dannar i dei aller fuktigaste partia mindre områdar med myrpreg. Det avgrensa arealet domineras av ein mosaikk mellom tørr lynghei (H1) og dominert graminider fukthei (H2). Terrenget er blokkrikt og småkupert. Artsinventaret er representativt for den førekommande naturtypen. Av artar kan røsslyng, klokkelyng, tepperot, blåtopp, blåknapp, bjønnskjegg, duskmyrull, kornstorr, slåttestorr, stjernestorr, gulaks, blåklokke, engkvein, smyle, ryllik, markfrytle og finnskjegg nemnast.

Artsmangfald:
Det vart ikkje registrert nokre sjeldne artar under synfaring (august 2013), og potensialet for dette sjåast på som lite.

Bruk, tilstand og påverknad:
Den avgrensa lyngheia er i god hevd, noko som har vorte meir og meir sjeldan. Under synfaring beita det storfe i området, og beitrykket kan karakteriseras som ekstensivt. Ein liten traktorveg finst vest i avgrensinga.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Beitet bør oppretthaldas for å holde lyngheia i god hevd og med det unngå attgroing. Det må ikkje gjødslas i eller i nærleik av det avgrensa arealet.

Del av heilskapleg landskap:
Lyngheia er del av eit større og samanhengande kulturlandskap, blant anna Hanabergsmyra som har stor verdi som naturtypelokalitet.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei velutvikla og godt skjøtta kystlynghei i eit område der denne naturtypen har vorte svært sjeldan.

Figur 117. Fukteng. Foto: Knut Børge Strøm.

Stemmen på Graudaland

Naturbase ID: BN00008525
Ecofact ID: KBS18
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 16 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett sør for Graudaland i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som mykje god (under 5 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld tjukt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett

av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området er eit restareal av tidlegare dominerande naturtypar på Jæren. Avgrensinga er dominert av i hovudsak naturbeitemark i ei fattig fuktengutforming, med mindre innslag av myr og kystlynghei. I vestre del finst det mykje fuktengareal, med fleire typiske sumpartar som sverdlilje, flaskestorr og vendelrot. I øystre del er det meir fattige lyng- og myrartar med blant anna røsslyng, torvmyrull, blokkebær, blåbær, tyttebær blåtopp, klokkelyng og krekling. Av andre artar kan myrhatt, rome, trådsiv, lyssiv, mjødurt, engsoleie, grøftesoleie, gulaks og myrtistel nemnast.

Artsmangfald:
De er ikkje funne nokre sjeldne eller raudlista artar. Potensialet for dette finst sjåast på som lite sannsynleg, på bakgrunn av den fattige utforminga og avgrensingas størrelse.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området er ugjødsla, utan tekniske inngrep og beitast ikkje. Ein god del oppslag av svarteliste arten sitkagran finst.

Framande artar:
Sitkagran (SE)

Skjøtsel og omsyn:
Oppslag av sitkagran bør fjernast. Oppstart av eit ekstensiv beite av ungdyr vil har stor positiv konsekvens for naturtypen.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit attverande areal med ugjødsla naturbeitemark i eit område der denne naturtypen er svært sjeldan.

Rongjabekken

Naturbase ID: BN00008530
Ecofact ID: KBS19
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 25 daa
Hovudnaturtype: Ferskvatn/Våtmark
Naturtype: Viktig bekkedrag (E06)
Utforming: Bekk i intensivt drive jordbrukslandskap
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale. Avgrensinga er justert opp utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i midla Dysjaland og Jåstad, og renn vestover mot riksvei 44 i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 10 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld tjukt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Avgrensinga omfattas av eit viktig bekkedrag med tilhøyrande kantsonar. Naturtypen beskrivas som små vassdrag, der bekkane utgjer seg som blodårar i eit intensivt drive kulturlandskap. Intakte bekkedrag fungerer som ein oase i slike område som gjeldane avgrensing er lokalisert. Bekken og kantsonene fungere dessutan som spreiings-korridorar for det lokale dyrelivet. Langs bekken finst det særleg i dei sørvestre partia ein intakt kantsone av tre og busk. Dette skapar eit svært fint biotop for ein rekke artar, der sjølve bekkestrengen vert til eit beskytta økosystem. Lenger opp i Rongjabekken vert det meir opent, med innslag av fuktig lynghei i attgroing mot meir fuktig beiteareal i søraust og kunstmark på nordaust sia av bekken. Artsmangfaldet langs bekkestrengen er ikkje særleg variert og inneheld vanlege artar. Av desse kan blåtopp, rome, klokkelyng, røsslyng, blokkebær, øyrevier, tepperot, blåknapp, bjørk, rogn, selje, platanlønn, engsoleie, vendelrot, mjødurt og engsnelle. Myrsauløk er tidlegare funne i området, men vart ikkje observert under ny synfaring.

Artsmangfald:
Det vart ikkje funne sjeldne eller raudlista artar, og potensialet for dette sjåast på som lite. I bekkestrengen var det førekomst av trivielle kryptogamar, blant anna laven bekkelær.

Bruk, tilstand og påverknad:
Beitemarka søraust for bekken vert beita.

Framande artar:
Platanlønn (SE)

Skjøtsel og omsyn:
Den naturlege kantsonen må oppretthaldas. Bekkelukking, kanalisering, steinsetting og generell forureining bør ikkje førekomma.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er eit intakt bekkedrag med ein tilnærma intakt kantsone i et intensivt drevet jordbrukslandskap.

Stavnheimmyra

Naturbase ID: BN00008599
Ecofact ID: KBS20
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 76 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse, men er også slått i saman med ein mindre kystmyrlokalitet i same område.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett sør for Stavnheim, i krysset midla riksveg 44 og fylkesveg 131 i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 10 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld torv/myr (organisk materiale) (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ein intakt rest av tradisjonell torvmyr på låg Jæren. Saman med myra på Odland er det den største attverande myrrest her på dei lågaste delane av Hå kommune. Dette på tross av at arealet har minka betrakteleg sidan fysste avgrensing i 2002. Lokaliteten består av ei typisk fattig kystmyr (A08) i jordvassmyr utforming. Myra har tua framtoning, med stadvist flatare parti med fuktige søkk dominert av torvmosar (*Sphagnum sp.*). I referanse til Fremstad (1998) kan vegetasjonstypane plasserast til ein kombinasjon av tuemyr (K2) og fastmattemyr (K3) med eit lite innslag mjukmatte/lausbotnmyr (K4) i dei fuktigaste søkka. Nokre tre har begynt å få fotfeste spreidd på myra.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert noko raudlista artar innanfor lokaliteten, og potensialet for dette sjåast på som lite, då myrområdet er fattig og lite næringsrikt. Av artar kan duskmyrull, tepperot, slåttestorr, blåtopp, pors, røsslyng, krekling, blokkebær og klokkelyng framhevast som gjennomgåande vanlege og dominerande innanfor gjeldane lokalitet.

Bruk, tilstand og påverknad:
Myra ligg brakk, og vert ikkje nytta til beite. Ein grøftekanal går på tvers av avgrensinga.

Framande artar:

Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Beite bør tas opp att for å unngå attgroing over tid. Oppslag av tre bør fjernast og elles bør det ikkje føretas noko form for tekniske inngrep.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein viktig attverande kystmyrlokalitet i boreonemoral sone som er over 5 daa og er mindre menneskeleg påverka.

Heia

Naturbase ID: BN00008608
Ecofact ID: KBS22
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 40 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein tilfredsstillande omtale. Avgrensinga er justert kraftig ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på Heia sør for Vigrestad i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld tjukt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Har tidlegare våre del av ein større kystlynghei avgrensing, men er i dag såpass kraftig gjenvekst at arealet er meir enn halvert. Attverande lokalitet har fortsett redusert verdi pga. sterkt press frå oppslag av furu. Området representerer på tross av tilstand ein av dei siste rester av tradisjonelt kystlyngheilandskap i dette området og på Låg-Jæren generelt. Flekkvis visar lokaliteten til ei fin lyngheiutforming med innslag av i hovudsak fuktig lynghei (H3). Artsinventaret er typisk for ein fattig kystlynghei-utforming. Av artar kan blåtopp, rome, klokkelyng, røsslyng, blokkebær, finnskjegg, bjønnskjegg og tepperot framhevast.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar er registrert, og potensialet for dette sjåast som lite på bakgrunn av tilstand, størrelse og ein fattig berggrunn.

Bruk, tilstand og påverknad:
Tilstanden vurderas som relativt dårleg på bakgrunn av mangel på beite og oppslag av mykje tre.

Framande artar:
Buskfuru (SE-svært høg risiko)

Skjøtsel og omsyn:

Det bør gjeninnførast eit ekstensivt beite og føretas rydding av furutre for å unngå at lokaliteten gror heilt igjen.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi C (lokalt viktig) fordi det er eit attverande areal av kystlynghei i eit område der dette har vorte svært sjeldan. Verdien kan aukas ved enkelte skjøtselstiltak.

Grønhaugen

Naturbase ID: BN00008610
Ecofact ID: KBS23
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 88 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein tilfredsstillande omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på Grønhaugen sør for Vigrestad i Hå kommune.. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld torv/myr og tjukt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Ein relativt stor rest av kysthei på Låg-Jæren i et landskap som for få år sidan var eit stort kystlyngheilandskap. Kystheia er dominert av blåtopp, klokkelyng, bjønnskjegg, rome og stadvist røsslyng. Sidan området ikkje beitast er blåtopp i ferd med å dominera meir og meir i området, og røsslyngen er i ferd med å verte fortrengt. Det finst også ein del oppslag av furu. Lokaliteten visar stadvist til ei fin lyngheiutforming med innslag av i hovudsak fuktig lynghei (H3). Artsinventaret er typisk for ein fattig kystlyngheiutforming. Av artar kan blåtopp, rome, klokkelyng, røsslyng, blokkebær, finnskjegg, bjønnskjegg, flekkmarihand og tepperot framhevast.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne eller raudlista artar er registrert, og potensialet for dette sjåast som lite på bakgrunn av tilstand, størrelse og ein fattig berggrunn.

Bruk, tilstand og påverknad:
Tilstanden vurderas som middels på bakgrunn av mangel på beite og oppslag av ein del tre.

Framande artar:
Buskfuru (SE-svært høg risiko)

Skjøtsel og omsyn:

Det bør gjeninnførast eit ekstensivt beite og føretas rydding av furutre for å unngå at lokaliteten gror igjen og brakkleggas ytterligare.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) fordi det er eit attverande areal av kystlynghei i eit område der dette har vorte svært sjeldan. Verdien kan aukas ved enkelte skjøtselstiltak.

Kvalbein, nord

Naturbase ID: BN00008615
Ecofact ID: KBS24
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 32 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein bra omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i midla Roligheden og Stokkaland i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Bergrunnen består av monzonitt, kvartsmonozonitt medan lausmassane inneheld torv/myr og tynt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypelokaliteten består av ei blokkrik og tuete kystlynghei (D07). Lyngheia inneheld ei fin blanding av vegetasjonstypane tørr lynghei (H1), fuktig lynghei (H3), fattig fastmattemyr (K3) og elvesnelle-storrsump (O3). Utforminga er veldig fin, og er eit typisk eksempel på ei kortvaksen urterik lynghei med lang beitekontinuitet. I NØ del av området ligg ei større fattigmyr og storrsumpområde. Førekommande artar er typiske fattigartar som røsslyng, klokkelyng, grønstorr, kornstorr, smyle, tepperot, tettegras, rundsoldogg, flaskestorr, bukkeblad, blåtopp, blåknapp og lyssiv.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne artar vart funne under synfaring (august 2013). Det sjåast likevel som svært sannsynleg at den raudlista arten klokkesøte (VU) finst på lokaliteten. Klokkesøte vart registrert med 30 eksemplar ved førige synfaring (september 2002), og har mest sannsynleg frøkapslar liggande i jordsmonnet.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området beitast godt av sau og storfe. Det vert ikkje gjødsla innan avgrensinga, men ytterkantane er trua av omkring liggande areal. Tekniske inngrep er også en mogleg trussel, særleg aust-nordaust.

Framande artar:
Buskfuru (SE) og sitkagran (SE) veks i nærleik til naturtypen.

Skjøtsel og omsyn:
Området bør oppretthaldas som i dag, med eit ugjødsla og ekstensivt beite areal.

Del av heilskapleg landskap:
Kystlyngheia ligg som ein biologisk oase i eit større jordbrukslandskap.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi A (svært viktig) fordi det er ei godt skjøtta kystlynghei i eit heilskapleg jordbrukslandskap.

Figur 118. Kystlynghei Stokkeland, øst. Foto: Knut Børge Strøm.

Stokkeland, øst

Naturbase ID: BN00008609
Ecofact ID: KBS25
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 45 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg aust for Stokkeland og rett sør for Hæen i Hå kommune.. Avgrensinga er sett ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Bergrunnen består av monzonitt, kvartsmonozonitt medan lausmassane inneheld bart fjell og tynt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og

avsett av isbrear (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten omfattas av kystlynghei (D07) i eit landskap som er sterkt trua av intensivert jordbruk og utbyggingspress. Vegetasjonstypen kan setjast til fuktig lynghei (H3) på bakgrunn av artsinventar og lyngheias framtoning. Lyngheia har ei fin representativ utforming for denne type fuktig lynghei der bjønnskjegg, klokkelyng, røsslyng og kornstar dominerer ilag. Det ligg også eit myrdrag i området dominert av duskmyrull og elles med innslag av ei rekke fattigmyrartar.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert noko sjeldne artar innan lokaliteten. Potensialet for dette sjåast likevel på som relativt stort, då særleg med tanke på den raudlista arten klokkesøte (VU). Klokkesøte er funne på fleire nærliggande lokalitetar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Kjernen av området er ikkje gjødsla, men kantsonene er stadvis påverka av gjødsel. Storfe beitar i heile lokaliteten, og bidrar til å oppretthalde lyngheia i ei fin utforming.

Framande artar:
Sitkagran (SE).

Skjøtsel og omsyn:
Det avgrensa området bør oppretthaldas som ei ugjødsla og ekstensivt beita lynghei.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) fordi det er eit attverande areal av kystlynghei i eit område der dette har vorte svært sjeldan.

Bjelland, vest

Naturbase ID: BN00008606
Ecofact ID: KBS26
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 124 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein tilfredstillande omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett vest for Bjelland i Hå kommune.. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Bergrunnen består av anortositt medan lausmassane inneheld torv/myr, bart fjell og tynt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ei intakt kystlynghei (D07) i eit landskap elles trua av oppgjødsling. Lyngheia dannar eit naturleg lukka rom, der det ligg i ein større dal med fjellknausar rundt på alle kantar. Sjølve lyngheia ligg i skråningane som hallar ned mot ei myr i midten. Vegetasjonstypane innan lokaliteten har ei fin utforming, og kan setjast til tørr (H1) og fuktig (H3) lynghei. Myra som ligg omkransa av kystlynghei er ei tradisjonell fattig fastmattemyr (K3) med innslag av våtare område med mjukmatteutforming (K4). Enkelte rikare artar finst i fuktsiga, blant anna myrsaulauk og særbustorr. Området er elles dominert av representative artar for ei fattig lynghei og myr. Av desse kan røsslyng, klokkelyng, engkvein, smyle, tepperot, heisiv, blåtopp, finnskjegg, blåknapp, flaskestorr, bukkeblad, rundsoldogg og smalsoldogg nemnast.

Artsmangfald:
Raudlistearten klokkesøte (VU) har ein god førekomst i dei fuktige partia. Det vart funne fleire blomstrande eksemplar sentralt i lokaliteten, i tillegg til eit søkk nordvest i avgrensinga.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert heldt i berekraftig og god hevd av beitande sau og storfe. Einar og buskfuru har likevel fått grep nokre plassar, særleg nordvest i lyngheia.

Framande artar:
Buskfuru (SE)

Skjøtsel og omsyn:
Det er ønskeleg at det oppretthaldas eit ekstensivt beite, og at all form for gjødsling unngåas. Skjøtsel i form av kontrollert lyngbrenning kunne ha vore ein idé, for å få bukt med gammal lyng og buskvekstar.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi A (svært viktig) fordi det er ei godt skjøtta kystlynghei med fine utformingar og førekomst av den trua arten klokkesøte (VU).

Kvalbein

Naturbase ID: BN00008617
Ecofact ID: KBS27
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 2,6 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein ok omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett utanfor Jærstrendene landskapsvernområde i Brusand, Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som mykje god (under 5m). Bergrunnen består av anortositt medan lausmassane inneheld marine strandavsetningar (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til naturbeitemark (D04) og består av kalkrike og svært sjeldne vegetasjonstypar. Enga har ei varierande framtoning i forhold til fuktigheit, og setjast derfor til ein mosaikk mellom tørr, særleg baserik eng i låglandet (G6) og vekselfuktig, baserik eng (G11). Den rike artssamansettinga baserer seg på marine kalkrike avsetningar (skjelsand). Avgrensinga utgjørast i dag av dei attverande opne områda som grensar til Kvalbeinskogen. Denne verdifulle naturtypen er sterkt trua av attgroing, og arealet er allereie minka frå 13 daa til 2,6 daa. Enga er naturleg avgrensa av skogen i nord, og gjødsla beitemark, vei og eit stort steingjerde i sør. Visst det ikkje føretas noko form for skjøtselstiltak vil naturtypen med tida gro heilt igjen.

Artsmangfald:
Artsdiversiteten innan området er svært stor. Det sjåast på som mykje sannsynleg at det finst trua og sjeldne artar på den attverande enga. Synfaring vart føretatt noko seint i vekstsesongen, slik at enkelte artar var avblomstra. Det vart blant anna funne ei stor førekomst av marihand. Utifrå ein sukkulent og kraftig framtoning dreier det seg mest sannsynleg om purpurmarihand (EN) og/eller engmarihand/dynemarihand. Av andre artar kan myrklegg, myrsauløk, myrsnelle, jåblom, hjertegras, blåstorr, engstorr, musestorr, kornstorr, kvitmaure, gulmaure, engknoppurt, raudknapp, prestekrage og knoppsmåarve framhevast.

Bruk, tilstand og påverknad:

Lokaliteten er sterkt trua av attgroing pga. mangel på beite og den nærliggande furuskogen. Det vert ikkje gjødsla, noko som gir moglegheit for restaurering av området.

Framande artar:
Buskfuru (SE)

Skjøtsel og omsyn:
Den attverande lokaliteten er heilt avhengig av at ulike skjøtselstiltak gjennomførast. Vert området liggande urørt, vil den svært verdifulle enga til slutt gro igjen. Det vert anbefalt å starte opp eit skånsamt husdyrbeite, slik at buskar og store grasførekomstar vert pressa tilbake. Viss ein del av området som er gjenvokst av furu vert opna, vil truleg det rike artsmangfaldet med tida returnera.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei kalkrik utforming av naturbeitemark med stor artsdiversitet, noko som er regionalt svært sjeldan (einaste kjente lokaliteten i denne kartlegginga, verneområde ikkje inkludert).

Figur 119. Naturbeitemark Legeberget. Foto: Knut Børge Strøm.

Legeberget ved Anisdal

Naturbase ID: BN00008596
Ecofact ID: KBS28
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 78 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men har ein mangelfull omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på Legeberget rett nordvest for Anisdal i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 10 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld eit tykt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og

avsett av isbrear (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området omfattast av ei stor og særs fin utforming av naturbeitemark (D04). Topografien er kupert, kor beitemarka har ei søraust vendt hellande eksposisjon. Utforminga kan seiast å vera representativ på korleis ein slik naturtype skal vere, med null gjødselpåverknad og ikkje eit einaste oppslag av kratt eller tre. Vegetasjonstypane setjast til en mosaikk mellom frisk fattigeng (G4) og fuktig fattigeng (G1) på de våtaste partia. Naturtypelokaliteten er elles et vakkert element i landskapet, med eit stort innslag av lavrike kampesteinar. Artssamansettinga kan seiast å vere variert, med gode indikatorar på ei sunn naturbeitemark. Av artar kan tepperot, tettegras, mjødurt, blåtopp, engsoleie, myrtistel, rome, klengemaure, ryllsiv, gulaks, markfrytle, tiriltunge, blåknapp, blodtopp, smalkjempe, blåklokke, klokkelyng, kvitkløver, ryllik, hengeving, flekkmarihand, røsslyng, kvitmaure, marikåpe sp, grøftesoleie, kystmaure og knoppsmåarve nemnast.

Artsmangfald:
Det vart ikkje registrert nokre raudlista eller sjeldne artar. Potensialet for dette sjåast likevel på som stort, spesielt med tanke på ulike beitemarksopp.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert godt beita, og framstår som ugjødsla.

Framande artar:
Ingen registrert.

Skjøtsel og omsyn:
Området bør oppretthaldas som ei ugjødsla naturbeitemark med ekstensivt beitepress.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei velutvikla og artsrik naturbeitemark med lang kontinuitet som fortsett vert oppretthaldt med tradisjonelt beite.

Figur 120. Gammal fattig edellauvskog Ogna-Krasen. Raudlistearten Liten praktkrinslav (VU) kan skimtast på eikestammen til høgre. Foto: Knut Børge Strøm.

Ogna-Krasen

Naturbase ID: BN00008623
Ecofact ID: KBS29
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 7 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Eikeskog
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men har ein mangelfull omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg I Ogna, rett aust for Kvianes i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Bergrunnen består av anortositt medan lausmassane utelukkande består av bart fjell

(ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten tilhøyrar naturtypen gammal fattig edellauvskog (F02) og består ev ein lysåpen eikeskogsutforming i ein sør til søraust vendt eksposisjon. Sjølve skogen er i ulike suksesjonsstadium, med parti av litt yngre skog og områdar med gamle til dels gamle eiketre. Enkelte tre er grove og høgvakse. Feltsjiktet er sparsamt, og stadvist grasdominert. Det finst forholdsvis avgrensa med daud ved innan avgrensinga. Av vanlege artar kan kristtorn, blåklokke, blåbær, sisselrot, smyle vivendel, hassel, liljekonvall, einstape, skogfiol, småmarimjelle, rogn, sauetelg, einer, røsslyng, blåknapp og maiblom nemnast.

Artsmangfald:
Liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU) finst i store mengder sentralt i lokaliteten, medan eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT) vart funne på ei grov eik nordaust i avgrensinga. Det må påpekast at området er overflatisk gjennomsøkt etter artar, og at potensialet for å finne fleire sjeldne artar er stor.

Bruk, tilstand og påverknad:
Delar av området verkar å tidlegare ha vorte nytta som beite. Elles er sjølve skogen relativt upåverka, med lite direkte inngrep. Einaste inngrep som kan nemnast er ein hytteveg som delar lokaliteten i to.

Framande artar:
Berberis sp., lerk (SE-svært høg risiko)

Skjøtsel og omsyn:
Det bør ikkje foretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, og med det meinast fyst og fremst hogst og treslagsskifte. Framande artar må ikkje spreie seg, men fjernast så fort som mogleg.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein velutvikla utforming av gammal fattig edellauvskog med førekomst av raudlista lavartar.

Ogna-Hetland

Naturbase ID: BN00008622
Ecofact ID: KBS30
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 31 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Eikeskog
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men har ein mangelfull omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i Ogna, på Søra Hetland i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Bergrunnen består av anortositt medan lausmassane inneheld bart fjell og eit tynt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Gjeldande naturtype omfattast av ein for en stor del eldre eikeskog og kan setjast til gammal fattig edellauvskog (F02). Lokaliteten bestod tidlegare av ein større avgrensing med små område som vart antatt å vera edellauvskog i eldre suksesjonsfasar. I dag er området svært fragmentert, med fleire inngrep som utbygging, oppdyrking og høgspentmaster. Det er teke et val om å ta ut dei små verdifulle områda, og setja igjen ein naturtypelokalitet der kor trea er gamle og innehar stor biologisk verdi. Langs med vegen inn mot kraftstasjonen og eit stykke ovanfor nokre bustadhus finst ein representativ og verdifull utforming av gammal fattig edellauvskog. Skogen er dominert av eldre og til dels grove eiketre, med innslag av stadeigne boreale lauvtre og ein del hassel i busksjiktet. Feltsjiktet er nokre stader svært fuktig, og har ein del innslag av bakkevoksande kryptogamar. Andre stader veks det mykje graminider, og det finst også felt som liknar rasmark med nesten utelukkande bar moldjord. Artsmangfaldet tydar på eit fattig til intermediært jordsmonn. Artar som kan nemnast er kusymre, blåbær, blåtopp, tepperot, ormetelg, skogburkne, vivendel, hengeving, fugletelg, stankstorkenebb, raud jonsokblom, maiblom, vendelrot og gaukesyre.

Artsmangfald:
Det vart funne ein fin førekomst av liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU) i ein lysåpen del av eikeskogen. Elles kan muslinglav *Normandina pulchella* (indikator på forholdsvis gammal skog), bleiktjafs *Evernia prunastri*, barkragg *Ramalina farinacea*, grå fargelav *Parmelia saxatilis*, brun fargelav *P. omphalodes* og bristlav *P.*

sulcata nemnast. Det sjåast som sannsynleg at det finst fleire sjeldne kryptogamar innanfor lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Delar av skogen verkar å ha vore nytta til beite, noko gamle gjerder vitnar om. Elles kan det påpekast at det fanst enkelte store tre som har vorte hogd langs vegen som går inn mot kraftstasjonen på Hetland.

Framande artar:
Sitkagran (SE)

Skjøtsel og omsyn:
Det bør ikkje foretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, og med det meinast fyst og fremst hogst og treslagsskifte. Framande artar må ikkje spreie seg, men fjernast så fort som mogleg.

Del av heilskapleg landskap:
Det bør ikkje foretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, og med det meinast fyst og fremst hogst og treslagsskifte. Framande artar må ikkje spreie seg, men fjernast så fort som mogleg.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein velutvikla utforming av gammal fattig edellauvskog med førekomst av raudlista lavartar.

Urvika

Naturbase ID: BN00008640
Ecofact ID: KBS31
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 34 daa
Hovudnaturtype: Havstrand / Kyst (G)
Naturtype: Rikt strandberg (G09)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men har ein mangelfull omtale. Avgrensinga er ikkje justert utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg yttarst ved kysten i midla Engjavika og Kobbavika i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto, eksisterande avgrensing og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 10 m). Bergrunnen består av anortositt medan lausmassane utelukkande består av bart fjell. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten omfattast av eit floristisk sett svært rikt område, med førekomst av sjeldne og basekrevjande artar. Naturtypen kan setjast til rikt strandberg (G09) og består av bergkyst med mindre flekkar med fukteng og saltpåverka strandeng. Det er store biologiske verdiar knytt til området, då særleg i sprekkar og små vegetasjonsdekte område imellom glattskurt berg.

Artsmangfald:
Naturtypelokaliteten er del av eit svært avgrensa område i Ogna-Sirevåg som har førekomst av den trua og sjeldne korgplanten jærtistel (EN). Norges einaste kjente veksestader for jærtistel finst langs dette korte kyststrøket. Det er derfor utrolig viktig å ivareta gjeldane lokalitet. Under synfaring (august 2013) vart det funne både kvite og raude eksemplar av jærtistel. Av andre artar innan området kan kattehale, raudsvingel, bitter bergknapp, tiriltunge, raud jonsokblom, blåknapp, blodstorkenebb, knoppurt sp. og knoppsmåarve framhevast.

Bruk, tilstand og påverknad:
Sau beitar i området og bidrar for ein stor del å hindre attgroing. Ein god del oppslag av vierbuskar trugar likevel den del av lokaliteten som er viktigast sett med botaniske auge, kor det er god førekomst av jærtistel og kalkkrevjande artar.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Eit ekstensivt beite bør oppretthaldas, og det må ikkje gjødslas. Det bør ryddast for alt buskoppslag fortast mogleg, for å forhindre at jærtistelen vert pressa ut.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er eit større og velutvikla rikt strandberg med førekomst av den svært sjeldne planten jærtistel (EN).

Stølen

Naturbase ID: BN00008632
Ecofact ID: KBS32
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 15 daa
Hovudnaturtype: Myr og Kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men har ein mangelfull omtale. Avgrensinga er ikkje justert utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg søraust for Stølen, rett ved riksveg 44 i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 10 m). Bergrunnen består av anortositt medan lausmassane utelukkande består av bart fjell. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystmyr (A08) i jordvassmyr utforming. Myra ligg i eit søkk, og er blant anna omringa av ei intakt kystlynghei (D07) i nord. Lyngheia er av ein representativ tørrhei (H1) utforming, og består av mykje nakent berg. Sjølve myrarealet varierer i tilknyting til fuktigheit, og kan derfor beskrivast som ei fattig tuemyr (K2) med innslag av fattig mjukmatte (K4) omkring nokre små dammar. Artsinventaret er typisk for fattige myr og lyngheiutformingar langs Jærkysten. Av artar kan røsslyng, rome, blåtopp, gulaks, blåklokke, krekling, blåbær, tyttebær, klokkelyng, blåtopp, blokkebær, tepperot og rundsoldogg.

Artsmangfald:
Ingen trua eller sjeldne artar vart registrert under synfaring. Det synast lite sannsynleg at slike artar finst, i og med at jordsmonnet er fattig og avgrensinga relativt liten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Utifrå mangel på beite, er både lyngheia og myra i god stand. Delar av lyngheia har likevel fått spreidd oppslag av lauv- og bartre. Sør i avgrensinga finst ein gruslagt sti som brukas i forbindelse med eit hyttefelt i nærleiken. Lokaliteten framstår ugjødsla.

Framande artar:
Buskfuru (SE), Sitkagran (SE).

Skjøtsel og omsyn:
Oppslag av tre og buskar bør tas vekk. Oppstart av eit ekstensivt beite kan med fordel vurderast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Gjeldane lokalitet gis verdi B (viktig) på bakgrunn av kystmyrlokalitetanes sjeldanheit i boreonemoral sone og det faktum at lokaliteten er ei intakt myr over 5 daa med lite menneskeleg påverknad.

Obrestad

Naturbase ID: BN00008480
Ecofact ID: KBS33
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 44 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein tilfredsstillande og nøyaktig omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i eit jordbruksdominert landskap ved Obrestad i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld eit tjukt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av isbrear, (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Sjeldan rest av intakt blokkrik og urterik kystlynghei (D07). Ei tua og svært blokkrik lynghei i ei austvendt skråning. Kystlyngheia er for ein stor del dominert av røsslyng, men med større innslag av ulike karplantar. Sidan opphaveleg avgrensing har området forandra litt framtoning, ved at dei yttarste grensene har utgått som følgeav høg gjødselpåverknad. Store delar av området består derfor i dag av eit flatt terreng med høg markfuktigheit, og innslag av myrplantar. Artsmangfaldet er representativ for gjeldane naturtype, og har blant anna enkelte rikare innslag. Av artar kan røsslyng, klokkelyng, finnskjegg, rome, blåtopp, tepperot, blåknapp, myrfiol, gulaks, jåblom, geitsvingel, slåttestorr, heisiv og myrsnelle nemnast.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert raudlista artar knytt til lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området er del av eit større beiteareal for storfe, og har god beiteintensitet. Det er stadvis ein del gjødselpåverknad, særleg nord i avgrensinga.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Eit ekstensivt beite bør oppretthaldast. Gjødsling av naturtypen og tilgrensande område bør unngåast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) fordi det er eit attverande areal av kystlynghei i eit område der dette har vorte svært sjeldan.

Rimestad

Naturbase ID: BN00008467
Ecofact ID: KBS34
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 14 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein noko mangelfull omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg omkransa av gjødsla jordbruksmark sørvest for Rimestad og aust for Søylandsvatnet i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld torv og myr, som er organisk jord danna av daude planterestar (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Området består av eit mindre restareal av ugjødsla naturbeitemark (D04). Beitemarka er representativ for ei fuktig fattigeng (G1) og harr i stor grad tua utforming. Gjeldane lokalitet har tidlegare våre av ei større avgrensing, med innslag av blant anna fattig og intermediær myr. Press frå gjødsla område og høgt beitetrykk verkar likevel å ha øydelagt desse områda. Innan dagens avgrensing finst det mindre flekkar med torvmose, som vitnar om eit tidlegare større innslag av myr. Ved synfaring vart lokaliteten beita av storfe, og beitetrykket kan klassifiserast som intensivt. Det var stadvis gjørmete, og særleg i mellom tuene var det mykje gjørmevatn. Lokaliteten innehar verdiar tilknytt både botaniske og faunistiske førekomstar. Av artar kan flaskestorr, vendelrot, myrhatt, mjødurt, sløke, elvesnelle, blåtopp, engkvein, kornstorr, slåttestorr, duskmyrull, geitsvingel, tepperot, engsoleie, grøftesoleie og blåknapp nemnast.

Artsmangfald:
Det vart ikkje funne nokre sjeldne eller raudlista artar ved synfaring (august 2013). Det er tidlegare registrert myrklegg og myrsauløk i området. Dette er vanlege artar, men sistnemnte kan seiast å vere ein middels indikator på næringsrik mark. Grashoppesongar (VU) er registrert like i nærleiken.

Bruk, tilstand og påverknad:
Lokaliteten vert beita av storfe, og verker stadvist å ha eit høgt beitetrykk. Dette skyldas nok at fuktige område fort vert gjørmete ved mykje opptramping av klauver.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Et ekstensivt beite bør oppretthaldas på beitemarka. All form for gjødsling må unngåas i og i nærleiken til naturtypeavgrensinga.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Området får verdi B (viktig) fordi det er ei naturbeitemark som er lite gjødselpåverka i eit område der slike areal er svært sjeldne.

Figur 121. Odland, øst. Foto: Knut Børge Strøm.

Odland, øst

Naturbase ID: BN00008572
Ecofact ID: KBS35
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 51 daa
Hovudnaturtype: Myr og Kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Atlantisk høgmyr
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, og har ein bra omtale. Avgrensinga er justert ned utifrå opphaveleg størrelse.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i eit intensivt drevet jordbrukslandskap søraust for Odland i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som mykje god (under 5 m). Bergrunnen består av diorittisk til granittisk gneis, migmatitt medan lausmassane inneheld torv og myr, som er organisk jord danna

av daude planterestar (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Avgrensinga omfattast av ei heilskapleg svært flott og intakt kystmyr (A08). Utforminga kan plasserast til atlantisk høgmyr, der myra er dominert av større område med ombrotrof tuemyr (J2) med bra innslag av fattig tuemyr (K2). Atlantisk høgmyr kan forklarast som ei nedbørsmyr utan kantskog. Karakteristisk for desse myrene er at torva har bygd seg opp og danna eit eller fleire kvelvde parti. Vatnet vil ikkje renn inn på desse kvelvingane, men heller renn frå dei, å danna fuktige sig attmed (lagg). I forseinkingar med tidlegare torvskjøring er det ei minerogen utforming med blant anna godt innslag av duskmyrull. Elles er myra dominert av dei tre artane blokkebær, torvmyrull og røsslyng, og er ein typisk attverande rest av torvmyrene som dekte større areal på Låg-Jæren. Artsmangfaldet er representativ og typisk for alle dei fattige myromåda på sørvestlandet. Av desse kan slåttestar, flaskestorr, rome, klokkelyng, blåtopp, soldogg og tepperot nemnast.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert noko raudlista artar innanfor lokaliteten, og potensialet for dette sjåast på som lite, då myrområdet er fattig og lite næringsrikt.

Bruk, tilstand og påverknad:
Delar av opphaveleg myravgrensing har vorte fjerna som følgeav ulike inngrep de siste tiåret. Ny avgrensing (2013) er derfor utan nemneverdige menneskelege inngrep. Ved synfaring vart myra ikkje nytta til beite. Enkelte oppslag av tre finst spreidd.

Framande artar:
Sitkagran (SE)

Skjøtsel og omsyn:
Eit ekstensivt beite kan med fordel innførast for å halde myra i god hevd. All form for gjødsling innanfor avgrensinga må unngåas. Oppslag av tre bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei intakt høgmyr over 50 daa i boreonemoral vegetasjonssone. Det faktum at myra ligg i ei intensivt drevet jordbrukslandskap bidrar også til verdisetjinga.

Figur 122. Hagemark øst for Bjårvatnet. Foto: Knut Børge Strøm.

Bjårvatnet, aust - hagemark

Naturbase ID:
Ecofact ID: KBS36
Kommune: Hå
Dato: September 2013
Areal: 2,2 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Hagemark (D05)
Utforming: Eikehage
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: September 2013 av Knut Børge Strøm

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm. Lokaliteten er ny for 2013, og er ikkje tidlegare avgrensa og botanisert.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er del av eit større samanhengande beitelandskap. Den aktuelle avgrensinga ligg på grensa til Bjårvatnet naturreservat, aust for vatnet og sørvest for garden Hellevollen i Hå kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som mykje god (under 5 m). Bergrunnen inneheld anortositt med ei åre vulkanske bergartar som strekk seg gjennom avgrensinga.

Lausmassane består utelukkande av bart fjell (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Gjeldane lokalitet består av eit ugjødsla og blokkrikt beiteareal, med sprette førekomstar av gamle og grove eiketre. Eksposisjonen er nordvendt, noko som speglast i høg luftfuktigheit med eit stort innslag av mosar. Større kampesteinar, små bergveggar og ein stadvis bratt topografi bidrar til eit spennande og variert naturområde. Lokaliteten kan setjast til naturtypen hagemark (D05) med eikehage utforming. Hagemarka er så tilnærma autentisk som det er mogleg å få denne naturtypen, med påfølgande stor verdi for biologisk mangfald så vel som det lokale landskapsrommet. Lokaliteten har ein lang kontinuitet tilknytt beite og treførekomstar. I slike hagemarkslokaliteter gjer vekslinga mellom lys og skugge at feltsjiktfloraen gjerne vert variert, og førekomst av gamle tre (særleg osp og eik) er viktige biotopar for fugl, insekt og kryptogamar. På tross av eit forholdsvis seint synfaringstidspunkt føreliggar det grei oversikt av artsmangfaldet av karplantar. Registrerte artar vitnar om langvarig beitebruk utan bruk av gjødsel. Av desse kan gaukesyre, legeveronika, sisselrot, blåtopp, einstape, finnskjegg, gulaks, blåklokke, gullris, fugletelg, engkvein og smyle nemnast.

Artsmangfald:
Det vart funne eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT) og den regionalt uvanlege skålragg *Ramalina fastigiata* øvst i avgrensinga. Potensialet for fleire sjeldne artar av lav, sopp, mosar og insekt sjåast på som relativt stort. Av andre artar kan orelav *Hypotrachyna revoluta*, kulekvistlav *Hypogymnia tubulosa*, brun fargelav *Parmelia omphalodes*, grå fargelav *P. saxatilis*, bristlav *P. sulcata*, messinglav *Xanthoria sp.*, vårknopplav *Biatora vernalis*, tuegaffel *Cladonia rangiformis*, brun barklav *Melanelixia subaurifera* og soppen eikebevre nemnast.

Bruk, tilstand og påverknad:
Hagemarka vert beita av sau og framstår balansert i forhold til hevdintensitet.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevarast og oppretthalde sine kvalitetar må området beitast og ikkje gjødslast. Det bør ikkje foretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, særleg tilknytt hogst av gamle tre.

Del av heilskapleg landskap:
Området er del av eit større beite- og lynghei landskap som strekk seg ned mot Hellvik og opp mot Lakssvelafjellet.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ei intakt og vel skjøtta hagemark med artsinventar som indikerer langvarig drift.

Figur 123. Ualand: Gammal fattig edellauvskog. Foto: Knut Børge Strøm.

Ualand - gammal fattig edellauvskog

Naturbase ID:
Ecofact ID: KBS37
Kommune: Hå
Dato: August 2013
Areal: 44 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Eikeskog 95 %. Førekomst av lind 5 %
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: August 2013 av Knut Børge Strøm og Sten Svantesson.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Hå kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm og Sten Svantesson. Lokaliteten er ny for 2013, og er ikkje tidlegare avgrensa og botanisert.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i Ognadalen, vest for Ualand og langsmed Ognaelva. Rabali naturreservat ligg rett i nærleiken. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som relativt god (under 30 m). Bergrunnen består av mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt medan lausmassane inneheld bart fjell og eit tjukt morenemateriale, som er stein og grus plukka opp, transportert og avsett av

isbrear (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i sterkt oseanisk seksjon (BN-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten tilhøyrar naturtypen gammal fattig edellauvskog (F02) og ligg i ei til dels bratt og småkupert sørvendt li. Dagens edellauvskogar er restbiotopar av eit tidlegare varmt klima, og mange utformingar er i dag nasjonalt sjeldne og er nordlige utpostar av mellom-europeiske skogtypar. Gamle edellauvskogar kan innehalde fleire raudlisteartar og ha stor nasjonal verdi for biologisk mangfald. Den avgrensa lokaliteten er dominert av eikeskog, men har mindre område med førekomst av lind. Feltvegetasjonen er sparsam, på bakgrunn av eit fattig jordsmonn og stort innslag av steinblokker. Verdien i området knyter seg i all hovudsak til alle eik- og lindetrea. Trea synast svært gamle, krokete og grove, med fleire etablerte og begynnande holrom. Skogen kan samanliknas med det nærliggande naturreservatet, og er utan tvil kommunens, og mykje mogleg regionens aller finaste naturtypeutforming av gammal fattig edellauvskog. Særleg lokalitetens vestre område kan beskrivas som eit typeeksempel på verdifull edellauvskog. Daud ved førekjem jamt over i lokaliteten, både i større og mindre dimensjonar, samt ståande og liggande. Karplantefloraen er dominert av blåbær, einstape, småmarimjelle, hengeving, sisselrot, fugletelg, blåtopp, skogburkne, vivendel, bjønnkam og gaukesyre.

Artsmangfald:
Det vart funne fleire interessante artar i lokaliteten. Av desse er Oksetungesopp (NT), lundvokssopp (NT) og *Pachyphiale carneola* (VU) sjeldne og raudlista, medan blodrørsopp, sort trompetsopp, grynfiltlav *Pannaria conoplea*, stiftfiltlav *Parmeliella triptophylla* og muslinglav *Normandina pulchellaer* gode indikatorartar. Området vart relativt overflatisk gjennomsøkt etter artar, så skogen vurderast å ha eit svært stort potensial tilknytt førekomst av sjeldne kryptogamar og insekt.

Bruk, tilstand og påverknad:
Sjølve skogen er så og sei urørt av menneske, noko som er særleg uvanleg i desse dagar. Ekstra spesielt er manglande spor etter gammal plukkhogst. Den eldste delen av skogen har mykje mogleg ein økologisk kontinuitet frå før kystheiane oppstod. Ein veg fungerer som ei naturleg avgrensing av lokaliteten i sør.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det må ikkje føretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, og med det meinast fyrst og fremst hogst og treslagsskifte av stadbundne lauvtre.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein svært flott og velutvikla gammal fattig edellauvskog med mykje daud ved og hole tre.

6.4 Eigersund kommune

Figur 124. Kalvåsen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Kalvåsen

Naturbase ID:
Ecofact ID: SET060
Kommune: Eigersund
Dato: 26.08.2013
Areal: 15 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02), Rik edellauvskog (F01)
Utforming: Eikeskog (F0201), Lågurt eikeskog (F0101)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 26.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i vesthallinga frå Kalvåsen, lengst nord av Mjølhusåsen. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 20 m). I følge berggrunnskartet (NGU) består berggrunnen av anortositt som er ein bergart som normalt ikkje gjev groforhold for næringskrevjande og basekrevjande artar. Bergrunnen er dekka av blokk, stein og anna skredmateriale. Ut frå registrert

flora tyder det på at det er i alle fall stadvis noko meir base i jorda enn det som bergarten skulle tilseie. Lokaliteten ligg på grensa mellom boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon (SB-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten ligg i ei til dels bratt vesthalling. Andre lauvtre som finst spreidd til vanleg i lokaliteten er lind, hassel, osp, bjørk og rogn. Skogen inneheld ein del eldre tre sjølv om dei ikkje er spesielt store då dei står tett. Det finst ein viss kontinuitet i daud-ved-innhald og eit rikt mosedekke i skogbotnen. Mosefloraen er triviell med mykje matteflette, kystkransemose, fjærmose, musehalemose og kystjamnemose. Vanlege karplantar er gaukesyre, tepperot, firkantperikum, smyle, gulaks, sauesvingel, sisselrot, fugletelg og skogburkne. Også artar som indikerer noko rikare forhold finst, slik som knollerteknapp, bringebær, markjordbær, skogfiol, stankstorkenebb, stornesle og hengjeveng.

Artsmangfald:
Liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU) og lungenever vart funnen i sørleg del av skogen. Lungenever veks både på levande tre og på læger. I artskart er det frå tidlegare (1993) avmerkt funn av kort piggtrollskjegg *Bryoria smithii* (VU), trollskjegg *B. bicolor* (NT) og kyststry *Usnea fragilescens* (VU) i nærleiken. For piggtrollskjegg er miljøet oppgitt til eike-, bjørkeskog. Presisjonen er slik at det ikkje er utenkeleg at funna er gjort i den no avgrensa naturtypen (John Inge Johnsen pers.medd.). Det kan også vere mogleg at artane kan finnast innanfor avgrensinga. Det er mest sannsynleg for piggtrollskjegg då dei andre gjerne vil ha ein litt meir lysopen voksestad.

Bruk, tilstand og påverknad:
Delar av området inngår i beiteareal for sau.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Skogen bør få stå og utvikla seg mest mogleg utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap:
Det er fleire andre verdifulle naturtypar i området.

Verdisetjing:
Alle førekomstar av gammal edellauvskog skal gis verdi B (viktig). Det vart ikkje registrert artar eller forhold som tilseier høgare verdi, men potensiale for å finna fleire raudlista artar er til stades.

Figur 125. Eikeskog i vestvendt li ved Nonstidfjellet. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Nonstidfjellet, vest

Naturbase ID:
Ecofact ID: SET061a
Kommune: Eigersund
Dato: 26.08.2013
Areal: 27 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Eikeskog (F0201)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 26.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i vesthallinga frå Nonstidfjellet ved Kvåle kor jordsmonnet varierer frå djup, god jord til steinete ur og blokkmark med store kampesteinar. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 20 m). Berggrunnen er fattig og består av anortositt (NGU). Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjons-sone og i klart oseanisk seksjon (SB-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Skogen inneheld mest eik, men og ein del bjørk, litt små rogn og spreidd med grantre. Nokre av eiketrea er relativt gamle, men dei største trea manglar då trea står nokså tett. Det finst og unge, oppveksande eiketre i busksjiktet. Noko førekomst av læger og gadd finst og syner ein viss kontinuitet. Feltsjiktet er prega av nøysame artar som speglar det skrinne og fattige jordsmonnet. Blåtopp, smyle, blåbær og einstape dannar vegetasjonsgrunnlaget, men gulaks, engkvein, fugletelg, hengeving, tepperot, skogstjerne, stormarimjelle og gaukesyre mfl. også er vanlege. Eikemusling vart funne lengst nord i lokaliteten ikkje langt frå vegen. Der veks det individ både med lamellar og porar på undersida av fruktlekamen.

Artsmangfald:
Det er frå tidlegare registrert liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU) i lokaliteten. Eikemusling med både lamellar og porar på undersida veks her.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området er ikkje i spesiell bruk.

Framande artar:
Sitkagran veks spreidd i lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn:
Skogen bør få stå og utvikla seg mest mogleg utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap:
Det er fleire andre verdifulle naturtypar i området.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) på bakgrunn av at alle førekomstar av gammal edellauvskog skal ha verdi B. Det er funne ein raudlisteart i kategori sårbar, VU, men potensialet for at det finst fleire er til stades. Ein kuriositet er at eikemusling finst både med lamellar og porar.

Figur 126. Eikemusling. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 127. Eikemusling med lamellar. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 128. Eikemusling med porar. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 129. Artsrik beitemark i eikehage. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Kvåle

Naturbase ID:
Ecofact ID: SET061b
Kommune: Eigersund
Dato: 26.08.2013
Areal: 39 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Hagemark (D05)
Utforming: Eikehage (D0503) 90 %, Eikeskog (F0101) 10 %
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 26.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på ein høgde ved Kvåle omgitt av dyrka mark og skog. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere svært god (< 5 m). Berggrunnen er fattig og består av anortositt, med lausmassedekke av tynn morene (NGU). Lokaliteten ligg på grensa mellom boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon (SB-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten har urterike, opne enger langs toppen av haugen og i hallinga mot aust. I dei brattaste områda i sørvest står trea så tett at det er meir ein eikeskog, men arealet er likevel tatt med i hagemarka då det naturleg høyrer saman med beitearealet som er inngjerda og elles ville vorte eit lite skogareal. Elles står eiketrea slik at mange av dei har fått utvikla stor vid trekrone og tjukke stammar (sjå bilete under). Eng-areala kan ha vorte gjødsla noko, men dei inneheld likevel fine førekomstar av lite gjødseltolerate artar som engkvein, ryllik, blåklokke, følblom, firkantperikum, raud jonsokblom og smyle. Andre vanlege artar er grasstjerneblom, småsyre, engsyre, engsoleie, krypsoleie, vanleg arve, hengeving og skogburkne.

Artsmangfald:
Eikemusling veks på eik nord i lokaliteten, elles vart ingen sjeldne eller raudlista artar funne, men lokaliteten er ikkje undersøkt for beitemarksopp. Nøyare gransking av epifyttvekst på eiketrea bør også gjerast. Det vurderast som stort potensial for å finna fleire sjeldne artar knytt til dei store eiketrea.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området beites og beitetrykket synest greitt , men må ikkje verte lågare.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Beite må oppretthaldast i lokaliteten. Beitetrykket må vere så høgt at feltsjiktet ikkje gror att, men vert heldt ope. Der trea står tett kan yngre tre med fordel takast ut for å fremje vide trekroner hos eik. Eikeskogen i sørvest bør likevel få og utvikla seg mest mogleg utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap:
Området er eit fint landskapselement på ein høgde i kulturland-skapet på Kvåle. I lokaliteten finst eldre steingjerder, lødde vegar og andre kulturminne. Det er andre verdifulle naturtypar i området ikring.

Verdisetjing:
Vel skjøtta og intakte hagemarker, med artsinventar som indikerer langvarig drift, og hagemark som utgjør en del av et "heilskapleg kulturlandskap" skal gis verdi A. Lokaliteten er vurdert til å oppfylle dette kriteriet og gis derfor verdi A (svært viktig). Det vart ikkje funne sjeldne artar, men potensialet for dette er til stades, særleg når det gjeld beitemarksopp og epifyttar på eiketrea.

Figur 130. Vidkrona eik i eikehage på Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 131. Beitehage med steingard.

Figur 132. Rikt hasselkratt på Rappstad. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Rappstad, nord

Naturbase ID: BN00049800
Ecofact ID: SET062a
Kommune: Eigersund
Dato: 27.08.2013
Areal: 18 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utforming: Rikt hasselkratt (F0103)
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 27.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Opphaveleg lokalitet er delt og avgrensinga er endra i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i nordenden av Grøsfjellvatnet. Eksposisjonen er sørvest-vendt. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 10 m). Berggrunnen er fattig og består av anortositt, leuconoritt og noritt

(NGU). Området har tynn moreneavsetnad. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon (SB-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten ligg i eit området med delvis ope kulturlandskap kor skogen har vakse opp på bratte stader der jordsmonnet er betre og i randsona av beitemark og ei myr som i seinare tid har vorte dyrka opp. Avgrensinga mellom skog og kulturlandskap er vanskeleg i dette området. Det er her valt å oppretthalde naturtypen som rik edellauvskog med utforminga rikt hasselkratt. Lengst mot nord er skogen kanskje mest ein blandingsskog av hassel, bjørk, rogn og osp. Litt lenger sør er det større dominans av hasselkratt, men her kjem også ask og eik inn. Nokre av asketrea er relativt store og vart målt til 220 cm i omkrins. Feltsjiktet var relativ grissent, men det vart registrert nokre artar som indikerer eit noko rikare jordsmonn slik som knollerteknapp, markjordbær, skogfiol. I tillegg kan nemnast firkantperikum, gaukesyre, tepperot og hengeving. Lungenever og ospekvitkjuke (NT) er funne nord i, eller litt utanfor, lokaliteten (Njål Berge pers.medd.). Lungenever-samfunn kan indikere potensial for fleire sjeldne artar. Eit enkelt styva seljetre vart registrert lengst nord i lokaliteten. Ein viss førekomst av gadd og læger finst, utan at det gjev eit spesielt gammalt preg. Lengst sør er det meir ask og eik.

Artsmangfald:
Ask, raudlista i kategori nær trua (NT), veks med både store og små tre i lokaliteten. Ospekvitkjuke (NT) er registrert tidlegare i, eller i nærleiken av lokaliteten. Det er fortsett potensial for å finna andre raudlisteartar knytt til daud-ved-førekomstar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området inngår i beiteareal for sau.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Skogen bør få stå og utvikla seg mest mogleg utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap:
Det er fleire andre verdifulle naturtypar i området.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) på bakgrunn av vegetasjonstypen Rikt hasselkratt med eit visst kontinuitetspreg. Vegetasjonstypen er sterkt trua etter Fremstad og Moen (2001), men er ikkje oppført på raudlista for naturtypar (Lindgaard og Henriksen (red.) 2011). To raudlisteartar i lågaste kategori vart registrert. Elles vart det ikkje registrert artar eller andre forhold som tilseier høgare verdi.

Figur 133. Eit gammalt styvingstre vart registert i lokaliteten. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 134. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Rappstad, aust

Naturbase ID: BN00049800
Ecofact ID: SET062b
Kommune: Eigersund
Dato: 27.08.2013
Areal: 39 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01), Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Lågurt-eikeskog (F0101) 30 %, Eikeskog (F0201) 70 %
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 27.08.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Opphaveleg lokalitet er delt og avgrensinga er endra i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i nordenden av Grøsfjellvatnet med eksposisjon mot sør og vest. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til

å vere god (< 10 m). Berggrunnen er fattig og består av anortositt, leuconoritt og noritt (NGU). Området har skrint jordsmonn og stadvis bart berg. Likevel er det betre jordmonn i bekkedalar, forseinkingar og ned mot vatnet. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon (SB-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten ligg i eit området med delvis ope kulturlandskap kor skogen har vakse opp på bratte stader der jordsmonnet har vore betre, gjerne i randsona av beitemark. Avgrensinga mellom skog og kulturlandskap er vanskeleg i dette området når trea i randsonene har fått stå og veksa seg store. Det er her valt å avgrensa skogen som omkransar beitemarka som gammal edellauvskog sjølv om det kan ha vore meir likt hagemark eller beiteskog tidlegare. I den nordlege delen av lokaliteten er utforminga lågurt-eikeskog, særleg rik og frodig i eit lite dalsøkk. Gadd og læger i fleire nedbrytings-stadium syner god kontinuitet i daudved-førekomst. Registerte artar i denne delen av skogen er kvitveis, skogfiol, legeveronika, tviskjeggveronika, revebjølle, gaukesyre, stankstorkenebb, gjerdevikke, blåbær, bleikstorr, hårfrytle, engkvein, skogburkne, ormetelg, fugletelg, sisselrot, hengeving og bjønnskjegg. Her finst også innslag av ask (NT), hassel, osp og hegg. I botnsjiktet var kystkransemose vanleg, samt kystjamnemose, musehalemose, etasjemose og fjærmose. Krypsilkemose som indikerer kalkrikt substrat vart også funnen. Vidare rundt dei meir opne områda som utgjer beitemarka, austover til bekken og ned mot vatnet, og så vidare nordover langs vatnet igjen har eikeskogen eit fattigare preg med større innslag av blåbær og stadvis også graminider som smyle, harestorr, gulaks, blåtopp og sølvbunke. Av urter nemnast tepperot, blåklokke, legeveronika, småsyre, ryllik og revebjølle. Her er mange av eiketrea av større dimensjonar og omkrinsen på nokre av tre vart målt til omlag 220 cm. På eik vart det funne skrukkelav som indikerer fuktige område og område med eit visst potensial for sjeldne artar. Langs bekken er det relativt stort innslag av osp, i tillegg til bjørk, rogn og ask (NT). Langs vatnet veks det også selje, rogn, bjørk, ask (NT) og alm (NT). Eit av desse trea er ei stor rotvelta alm som det sekundært har vakse opp fleire stammar frå (sjå bilete). I, eller i nærleiken av, lokaliteten er det frå før registrert kvaekjuke, ospebarkkjuke og *Polydesmia pruinosa* (Njål Berge pers.medd.).

Artsmangfald:
Ask (NT) finst i store delar av lokaliteten med tre av ulik storleik. Alm (NT) veks i skogen langs med vatnet. *Eriopezia caesia*, ein sopp som berre er funne nokre få stader i Norge, er registrert i denne lokaliteten (Artskart). I raudlista ligg han ikkje inne med nokon kategori.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området inngår i beiteareal for sau. Det finst eldre vegar, steingarder og andre kulturspor i området.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Lokaliteten bør få utvikla seg fritt utan inngrep.

Del av heilskapleg landskap:
Det er finst fleire verdifulle naturtypar i området.

Verdisetjing:
Alle førekomstar av gammal edellauvskog skal gis verdi B. Det vart ikkje registrert artar eller forhold som tilseier høgare verdi, men potensialet for å finne slike vurderast likevel som stort.

Figur 135.Vidkrona eik. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 136. Ei alme-rotvelt kor det har vakse ut fleire stammar langsetter grunnstammen. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Figur 137. Askeskog i sørvendt li på Hushammaren på Rappstad. Foto: Solbjørg E. Torvik.

Rappstad, sørvendt li på Hushammaren

Naturbase ID: BN00049801
Ecofact ID: SET063
Kommune: Eigersund
Dato: 27.08.2013
Areal: 13 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utforming: Ask, hassel, eik
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Undersøkt i felt av Solbjørg Engen Torvik 27.8.2013. Naturbase.

Områdeskildring
Innleiing:
Feltarbeid og oppdatering av områdeskildringa er gjort i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune i 2013 av Ecofact ved Solbjørg E. Torvik. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (2007). Avgrensinga er betydeleg endra i høve til tidlegare.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i nordenden av Grøsfjellvatnet. Eksposisjonen er sør-vestvendt. Avgrensinga er sett på grunnlag av ortofoto og synfaring, og nøyaktighet er vurdert til å vere god (< 20 m). Berggrunnen er fattig og består av anortositt, leuconoritt og noritt (NGU). Området har tynn morene-avsetning. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone og i klart oseanisk seksjon (SB-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten har ein liten askeskog med innslag av andre edellauvtre som eik og hassel. Ein del av asketrea har relativt god storleik, utan å vere svært gamle. Det vart målt omkrins på opptil 2 meter på enkelte tre. Bjørk, rogn, selje, osp, eple og kirsebær er andre lauvtre som også finst i lokaliteten. Nokre stader er feltsjiktet godt utvikla, medan andre stader er det meir sparsamt grunna tett kronedekning. Artsinventaret har relativt liten variasjon og nitrogenkrevjande artar som brennesle og vrangdå er utbreidd, noko som kan tyde på gjødselpåverknad, ellet at det tidlegare har vore beiteskog. Andre registerte artar er gaukesyre, raud jonsokblom, kratthumleblom, tviskjeggveronika, gjerdevikke, kvitveis, skogburkne, ormetelg, lundrapp og smyle. Småtre av ask var også vanleg i feltsjiktet. Tyrikjuke (NT) samt seljekjuke er tidlegare funne i askeskogen (Njål Berge pers.medd.).

Artsmangfald:
Ask og tyrikjuke er begge raudlista i kategori nær trua, NT. Det vurderast å vere potensial for fleire raudlisteartar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Skogen er ikkje i bruk. I utkanten av skogen ned mot dyrka mark er det tett oppslag av ungt hasselkratt og ospekjerr.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
I størst grad bør skogen få utvikla seg i fred utan inngrep. Likevel vil det vere ein fordel om noko av det unge krattet, særleg av osp vert rydda. Ein kan også ta ut nokre av dei støre trea utanom ask for å gje betre rom for kroneutvikling hos ask.

Del av heilskapleg landskap:
Det finst fleire viktige naturtypar i nærleiken.

Verdisetjing:
Skogen klassifiserer ikkje under ein av dei raudlista naturtypane av skog og heller ikkje strengt under nokon av dei trua skogtypane til Fremstad og Moen (2001). Ask er ein raudlista art som her dannar ein edellauvskog med relativt store tre og godt jordsmonn. Den er derfor valt å avgrensa som naturtypen Rik edellauvskog som gis verdi B.

Figur 138. Store eiker ved Eige. Foto: Bjarne Oddane.

Eige - store gamle tre

Naturbase ID:
Ecofact ID: KBS42
Kommune: Eigersund
Dato: 23.9.2013
Areal: 1,6 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Store gamle tre (D12)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 23.9.2013 av Knut Børge Strøm, Bjarne Oddane og Sten Svantesson.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm, Bjarne Oddane og Sten Svantesson. Lokaliteten er ny for 2013, og er ikkje tidlegare avgrensa og botanisert.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i eit større beitelandskap på Eige, sør før Eikesvatnet i Eigersund kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som mykje god (under 5 m). Berggrunnen består utelukkande av anortositt, som er ein grovkorna, fattig og hard bergart som levnar lite vekstmineralar for

næringskrevjande flora. Lausmassane inneheld eit tjukt lag med morenemasse, som er materiale plukka opp, transportert og avsett av isbrear. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone, i klart oseanisk seksjon (BN-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Avgrensinga omfattar fem store eiketre, og kan setjast til naturtypen store gamle tre (D12). Enkeltre utgjer ikkje i seg sjølv ein eigentleg naturtype, men heller eit enkelt kulturlandskapselement. Store tre innehar likevel ein så stor betyding for andre organismar, at handboka for verdisetting av biologisk mangfald/naturtypar vel å innlemma enkeltre som ein naturtype. Gamle tre representerer lang kontinuitet, og kan i kulturlandskapet ofte vera fleire hundre år gamle. Store tre med grov bark, rotne greinar og holrom fungerer i dag som ein siste levestad for ei rekke artar som var vidt utbredt tidlegare. Ei lang rekke sjeldne og raudlista artar av lav, sopp, mose og insekt er blant anna berre knytt til frittståande, gamle eiketre. Gjeldane lokalitet har eit nåverande og framtidig stort potensial for sjeldne artar. Dei fem eiketrea er grove og vidkrona, og har ein stammeomkrins på opptil fleire meter (2,75 m, 2,60 m, 2,00 m, 2,35 m og 3 m).

Artsmangfald:
Den raudlista lavarten liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU) vart funne. Av andre indikatorartar kan muslinglav *Normandina pulchellaog* orelav *Hypotrachyna revoluta* nemnast. Ein hadde likevel forventa å finne fleire sjeldne artar enn kva som var tilfelle under synfaringa. Årsaken til eit relativt beskjedent lavsamfunn på eiketrea, kan forklarast med at det veks mykje mose på stammane.

Bruk, tilstand og påverknad:
Eiketrea er i god stand, og er ikkje negativt påverka av menneskeleg aktivitet. Beitemarka rundt er gjødsla.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Ein må vera ekstra oppmerksam på å ikkje spreie trea ned med blautgjødsel, viss dette vert nytta i nærleiken. Rotsystemet til slike store tre er også stort, og strekk seg mange meter ut frå stammebasis. Ingen større inngrep bør derfor førekomma i umiddelbar nærleik til trea.

Del av heilskapleg landskap:
Trerekka er del av eit større og heilskapleg kulturlandskap, og utgjør saman med steingarden, Kvednabekken og små eikeskogsfelt et særleg fint landskapselement.

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi B (viktig) fordi det er ei rekke med gamle tre i kulturlandskapet, som indikerer lang kontinuitet og har førekomst av sjeldne artar. Den raudlista lavarten liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU) finst i lokaliteten.

Kjeadalen

Naturbase ID:
Ecofact ID: KBS43
Kommune: Eigersund
Dato: 23.9.2013
Areal: 6 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal lauvskog (F07)
Utforming: Ospeholt
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 23.9.2013 av Knut Børge Strøm, Bjarne Oddane og Sten Svantesson.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm, Bjarne Oddane og Sten Svantesson. Lokaliteten er ny for 2013, og er ikkje tidlegare avgrensa og botanisert.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg som ein attverande rest av naturleg skog i Kjeadalen, Eigersund kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast som mykje god (under 10 m). Berggrunnen i området består mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt. Dette er fattige og harde bergartar, med lite vekstmineralar for næringskrevjande flora. Lausmassane inneheld utelukkande eit tynt lag morenemasse, som er materiale plukka opp, transportert og avsett av isbrear. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon (BN-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypelokaliteten er sett til gammal lauvskog (F07) og omfattar eit nordvendt og svært fuktig ospeholt. Terrenget er kupert, med fleire større og mindre kampesteinar og smådalar. Ein liten sildrebekk, i tillegg til ein nordlig eksposisjon bidrar til at området er godt tilrettelagt for kryptogamar, noko som tydelig kan sjåast på ein moseflora, som dekker det meste av botnsjiktet. Høgreiste ospetre dominerer i tresjiktet, men det finst også eit godt innslag av bjørk, rogn og hassel. I feltsjiktet finst det blant anna bringebær, skogburkne, hengeving, sauetelg og gaukesyre. Førekomsten av daud ved er sparsam, men det som finst er av grov dimensjon og i tidleg nedbrytingsstadium.

Artsmangfald:
Det vart ikkje funne nokre sjeldne eller raudlista artar, men ein rekke gode indikatorartar kan framhevast. Av desse finst blåfiltlav *Degelia plumbea*, stiftfiltlav *Parmeliella triptophylla*, grynfiltlav *Pannaria conoplea*, rund porelav *Sticta fuliginosa*, kystnever *Lobaria virens*, skuggehusmose *Hylocomiastrum umbratum* og fjørkransmose *Rhytidiadelphus subpinnatus* innan lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Skogen er lite påverka av menneskelege inngrep.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det må ikkje føretas noko form for fysiske inngrep innafor den avgrensa naturtypen, og med det meinast fyst og fremst hogst og treslagsskifte av stadbundne lauvtre.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten gis verdi C (lokalt viktig) fordi det er eit lite men fint ospeholt med fleire gode indikatorartar.

Klungland - beiteskog

Naturbase ID:
Ecofact ID: KBS44
Kommune: Eigersund
Dato: September 2013
Areal: 4,5 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal lauvskog (F07)
Utforming: Ospeholt
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: September 2013 av Knut Børge Strøm og Sten Svantesson.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm og Sten Svantesson. Lokaliteten er ny for 2013, og er ikkje tidlegare avgrensa og botanisert.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på Klungland, sørvest for Kjertåsen i Eigersund kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 20 m). Berggrunn inneheld monzonitt, kvartsmonzonitt medan lausmassane består av torv/myr og bart fjell. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon (BN-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Den aktuelle avgrensinga består av ein lysåpen eikeskog som vert beita, og vert dermed sett til naturtypen beiteskog (D07). Feltsjiktet framstår ugjødsla og grasdominert, og varierer frå flat bakke til meir blokkdominerte skrentar. Ei lang rekke sjeldne sopp, karplantar og ikkje minst insekt kan førekomma i beiteskogar med lang kontinuitet. Av vanlege artar i feltsjiktet kan engkvein, ryllik, finnskjegg, blåklokke, smalkjempe, gaukesyre og hårsveve nemnast.

Artsmangfald:
Tråkk, beite og rikeleg med solrike glenner i skogen kan over tid føre til eit svært rikt artsmangfald. Det vart ikkje funne nokre sjeldne artar i feltsjiktet, men dei raudlista lavartane eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT) og liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU) veks på eik innanfor lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert beita av sau, og er i god hevd. Det er ikkje gjødsla, og det var generelt sett lite spor å sjå etter større menneskelege inngrep.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Det må ikkje gjødslas i lokaliteten og beite bør oppretthaldas på ei ekstensivt nivå. Hogst og trelagsskifte av stadbundne lauvtre bør unngåas.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ein intakt beiteskog i god hevd, med førekomst av raudlista artar.

Figur 139. Eigestad. Foto: Bjarne Oddane.

Eigestad - parklandskap

Naturbase ID:
Ecofact ID: KBS45
Kommune: Eigersund
Dato: September 2013
Areal: 5,6 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Parklandskap (D13)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: September 2013 av Knut Børge Strøm, Bjarne Oddane og Sten Svantesson.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm, Bjarne Oddane og Sten Svantesson. Lokaliteten er ny for 2013, og er ikkje tidlegare avgrensa og botanisert.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i eit kulturmarksdominert område på Eigestad i Eigersund kommune. Avgrensinga er satt ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast som mykje god (under 5 m). Berggrunnen inneheld i hovudsak charnockitt til anortositt, medan lausmassane består av eit tynt lag morenemasse, som er materiale plukka opp,

transportert og avsett av isbrear. Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon (BN-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen setjast til parklandskap (D13) og utformas av ein beiteskråning bestående av eik, med innslag av selje, osp, hassel, rogn og bjørk. Lokaliteten er valt satt til parklandskap, attendefør hagemark, fordi områdets verdiar utelukkande ligg i artsførekomstar knytt til trea, og ikkje feltvegetasjonen, som for det meste framstår gjødsla. Avgrensinga deles i to av ein traktorveg, og bærer på vestsida av vegen preg av mykje gjødsel. På austsida bærer feltvegetasjonen mindre preg av gjødsling, med blant anna bra innslag av engkvein og krattlodnegras. Trea er generelt sett av middels grovheit, men enkelte stammar har ein omkrins på 2,3 m. Eit tre som nyleg har vorte felt er om lag 170 år gamalt og 2,1 m i omkrins. Trea i området er rike på kryptogamar og innehar store biologiske verdiar.

Artsmangfald:
Det vart funne ein rekke raudlista og sjeldne artar i lokaliteten. Eksposisjon og utforming på skogen, samt tre med «gammalpreg» har lagt godt til rette for kravstore artar. Grå punktlav *Punctelia subrudecta* (EN), liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU), oksetungesopp (NT), stor lindelav *Parmelina tiliacea*, orelav *Hypotrachyna revoluta* og muslinglav *Normandina pulchella* finst i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det litle avgrensa skogområdet ligg utsett til, i eit område dominert av intensivt drevet jordbrukslandskap. Feltsjiktet er for ein stor del gjødsla, og noko plukkhogst i ytterkantane av skogen er gjort. Hest beitar i området.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
De anbefalast at all form for gjødsling opphøyras innanfor naturtypeavgrensinga. Slik vil feltvegetasjon over tid kunne finne tilbake, og bidra til å gje området større artsdiversitet også på karplante/bakkesopp sia. Lokalitetens store verdiar knyter seg slik tilstanden er i dag, utelukkande til lauvtrea. Hogst og trelagsskifte av stadbundne lauvtre bør derfor unngåas. Eit ekstensivt beite bør oppretthaldas.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er eit godt skjøtta parklandskap, med førekomst av fleire sjeldne, trua og raudlista artar.

Klungland - store gamle tre

Naturbase ID:
Ecofact ID: KBS46
Kommune: Eigersund
Dato: September 2013
Areal: 57,456 m²
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Store gamle tre (D12)
Utforming:
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: September 2013 av Knut Børge Strøm og Sten Svantesson.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Knut Børge Strøm og Sten Svantesson. Lokaliteten er ny for 2013, og er ikkje tidlegare avgrensa og botanisert.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg rett ved Lomelandsvegen i Klungland, Eigersund kommune. Avgrensinga er sett ved hjelp av ortofoto og vurdering i felt, og reknast med det som god (under 5 m). Berggrunnen består utelukkande av anortositt, som er ein grovkorna, fattig og hard bergart som levnar lite vekstmineralar for sjeldan og næringskrevjande flora. Lausmassane inneheld eit tjukt lag med morenemasse, som er materiale plukka opp, transportert og avsett av isbrear (ngu.no). Området ligg ifølge Moen (1999) i boreonemoral vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon (BN-O2).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Avgrensinga omfattast av eit stort eiketre, og kan setjast til naturtypen store gamle tre (D12). Enkeltre utgjer ikkje i seg sjølv ein eigentleg naturtype, men heller eit enkelt kulturlandskapselement. Store tre innehar likevel ein så stor betyding for andre organismar at handboka for verdisetting av biologisk mangfald/naturtypar vel å innlemma enkeltre som ein naturtype. Gamle tre representerer lang kontinuitet, og kan i kulturlandskapet ofte vera fleire hundre år gamle. Store tre med grov bark, rotne greinar og holrom fungerer i dag som eit siste levested for ein rekke artar som var vidt utbredt tidlegare. Ei lang rekke sjeldne og raudlista artar av lav, sopp, mose og insekt er blant anna berre knytt til frittståande, gamle eiketre. Eiketreet som utgjer lokaliteten er vidkrona, 3,3 meter i omkrins, og har begynnande holrom.

Artsmangfald:
Det vart ikkje funne nokre raudlista eller sjeldne artar, men potensialet for dette er stort og vil berre vart større med åra.

Bruk, tilstand og påverknad:
Eiketreet har ingen sår etter maskinelle verktøy, men halve lesida er spruta ned med gjødsel.

Framande artar:
Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn:
Ein må vera ekstra oppmerksam på å ikkje spreie treet ned med blautgjødsel, dette bør på passas og opphøyras med ein gong. Rotsystemet til slike store tre er også stort, og strekk seg mange meter ut frå stammebasis. Ingen større inngrep bør derfor førekomma i umiddelbar nærleik til treet.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er eit stort gammalt eiketre, med potensiale for sjeldne artar. Verdisettinga vil kunne auka med åra, viss eika får stå urørd og gjødslinga i nærleik til treet slutter.

Figur 140. Takrøyr er ein problemart for myra på Myklebust. Foto: Bjarne Oddane.

Myklebust

Naturbase ID: BN00049760
Ecofact ID: BOD017
Kommune: Eigersund
Dato: 27.09.2013
Areal: 9,4 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr/flommyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase (01.01.2003), synfaring 27. september 2013 av Bjarne Oddane og Sten Svantesson

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane og Sten Svantesson. Lokaliteten er frå før av registrert i Naturbase som viktig bekkedrag. Gode deler av den gamle avgrensinga består i dag av helofyttsump med takrøyr og parti med vierbuskar. Rundt kantane er vegetasjonen påverka av gjødselssig frå kringliggande jorder. Området med helofyttsump vart tatt ut av avgrensinga (men er fortsett ein god viltlokalitet), mens den sørvestlege delen vart avgrensa som naturtypen kystmyr.

Stad og naturgrunnlag:
Avgrensinga er lokalisert i ein senking omkransa av gjødsla kulturbeite på vestsida og meir ugjødsla beite på austsida på Myklebust i Eigersund kommune. Nøyaktigheten er vurdert til å vere betre enn 10 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av anortositt som er ein hard og sur bergart som normalt ikkje gjer jordforhold for basekrevjande artar av planter. Berggrunnen er imidlertid dekka av torv. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterkt oseanisk seksjon (Bn-O3).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Det avgrensa området består av ein mosaikk mellom fattig mjukmattemyr og fattig fastmattemyr med ein delvis open bekk/kanal gjennom området. Myra kan nok karakteriserast som ei flommyr. Botnsjiktet var i hovudsak dominert av torvmosar, mens i feltsjiktet var blåtopp (stadvis en god del, ikkje tua), elvesnelle, myrfiol, myrhatt, rome, klokkelyng vanlege. Det vart også registrert nokre få eksemplar av tepperot og pors. I kanalen var det kysttjønnaks og bukkeblad.

Artsmangfald:
Det vart berre registrert vanlige og typiske artar for denne naturtypen. Det er ikkje registrert raudlisteartar knytt til lokaliteten og potensialet vurderast heller ikkje som spesielt stort.

Bruk, tilstand og påverknad:
Utløpet av myra er nyleg vorte graven opp og ein kanal langs austsida er også nyleg vorte reinska opp. Dette kan truleg endre vassbalansen i myra. Tilgrensande område vert gjødsla og næringsrikt sigevann, saman med redusert/endra beitebruk (?) er truleg årsaken til at store deler av den opphavlege myra i dag har gått over til å verte våtbeite (stadvis rundt kantane) og helofyttsump.

Fremmande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
For at området skal bevaras og oppretthalde sine kvalitetar må områda rundt i minst mogleg grad gjødslast i den næraste sonen rundt myra. Det må heller ikkje gjerast tiltak som fører til endring i vassbalansen i myra.

Del av heilskapleg landskap:
Området ligg fint til i et kulturlandskap.

Verdisetjing:
Området får verdi B (viktig) fordi det er en ca. 10 daa stor myr med moderat menneskeleg påverknad i boreonemoral sone.

Figur 141. To store eiker ved Øygrei. Foto: Bjarne Oddane.

Øygrei - store gamle tre

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD018
Kommune: Eigersund
Dato: 24.09.2013
Areal: 0,7 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Store gamle tre (D12)
Utforming: Gammalt tre
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 24. september 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg inntil ein traktorveg ca. 200 meter nordvest for garden Øygrei i Eigersund kommune. Avgrensinga er sett rundt omrisset av kronene til dei to trea og nøyaktigheten er vurdert til å vere betre enn 2 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt. Bergrunnen er imidlertid dekka av tjukk morene.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av to vidkrona frittståande eiketre og vert sett til naturtypen store gamle tre (D12). Omkrinsen vart grovt vurdert til å vere 250 cm. Barken var forholdsvis glatt («skogsbark») og nokså mosegrodd. Trea var friske og ingen holrom vart registrert.

Artsmangfald: Det er ikkje registrert nokon raudlista artar knytt til trea. Av artar kan skrubbenever nemnast.

Bruk, tilstand og påverknad:
Trea står lysopent til i kulturlandskapet. Det går ein grusveg like ved.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Trea bør få utvikla seg fritt i eit lysopent miljø. Det må ikkje få gro att rundt trea. Eventuelt oppslag av tre som vil skygge bør fjernast. Det må ikkje gjødslast med blautgjødsel oppetter stammen på trea.

Del av heilskapleg landskap:
Trea står fint i kulturlandsakpet.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er to store gamle tre i kulturlandskapet i ein region der slike tre er sjeldsynte. Det er ikkje registrert nokon raudlisteartar, men trea har på lengre sikt stort potensial for å vere viktige leveområde/voksesubstrat for sjeldne og raudlista artar.

Øygrei - askehage

Naturbase ID: BN00049816
Ecofact ID: BOD018
Kommune: Eigersund
Dato: 24.09.2013
Areal: 4,4 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Parklandskap (D13)
Utforming:
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 24. september 2013 av Bjarne Oddane og Sten Svantesson

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane og Sten Svantesson. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga er i forhold til den gamle justert noko, og kategorien er endra frå rik edellauvskog til parklandskap.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i ein sørvendt skråning rett vest for garden Øygrei i Eigersund kommune. Avgrensinga er gjort ut frå ortofoto og er vurdert til å vere betre enn 10 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt. Bergrunnen er imidlertid dekka av morene.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av en beitet skråning som er gjødsla og brent med spreidde, høgreiste forholdsvis jamgamle asketre. Nokre av trea er eldre og grovare, men ikkje gamle nok til å ha dei heilt store biologiske verdiane. Sidan bakken er oppgjødsla, vert naturtypen sett til parklandskap i staden for hagemark.

Artsmangfald:
Det vart ikkje registrert raudlisteartar, men nokre gode indikatorartar vart funne; kystnever *Lobaria virens*, buskhinnelav *Leptogium teretiusculum*, muslinglav *Normandina pulchella og* stiftglye *Collema subflaccidum.*

Bruk, tilstand og påverknad:
Nokre tre ser ut til å vere/har vore angripe av askeskuddsjuka. Det har vorte gjødsla i skråninga og det er også spor etter brenning.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Trea bør få utvikla seg fritt i eit lysopent miljø som i dag. Trea bør få stå å verte gamle og dø på plassen. Ein bør legge opp til forynging ved å la enkelte unge tre vokse opp slik at kontinuiteten i tresjiktet vert halde ved like. Naturverdiane vil på sikt verte større om det sluttes med å gjødsle. Området bør fortsett beites.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er et fint «parklandskap» med nokså gamle asketre, men trea er ikkje gamle nok til å ha dei heilt store verdiane knytt til seg. Det er ikkje registrert nokon raudlisteartar, men nokre indikatorartar vart registrert. Trea har på lengre sikt potensial for å verte viktig leveområde/voksesubstrat for sjeldne og eventuelt raudlista artar.

Figur 142. Granplanting har sterkt redusert verdien av dette området. Foto: Bjarne Oddane.

Eigeli

Naturbase ID: BN00049803
Ecofact ID:
Kommune: Eigersund
Dato: 27.09.2013
Areal: 69,9 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Store gamle tre (D12)
Utforming:
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: 27. september 2013 av Bjarne Oddane og Sten Svantesson

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane og Sten Svantesson. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga er noko unøyaktig då det er vanskeleg å få oversikten i granplantinga.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ein sørvestvendt skråning ved den nedlagte garden Eigeli i nordenden av Eigelivatnet i Eigersund kommune. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av anortositt som er ein bergart som ikkje gjev

groforhold for næringskrevjande og basekrevjande artar. Bergrunnen er dekka av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Det er valt å setja naturtypen til store gamle tre, sjølv om lokaliteten i dag ikkje passar heilt inn i denne kategorien. Lokaliteten består av mange store gamle vidkrona tre, men som nå står inne i tett og høgvaksen plategranskog. Det er mest eiketre, men også grove bjørker og nokre svartor. Trea er ein del av det opphavlege opne kulturlandskapet ved garden Eigeli. Mange av trea er døde/døande, men fortsett finst ein del som er friske.

Artsmangfald:
Ingen sjeldne epifyttar vart funne og årsaken ligg nok i utskygging frå grantrea. Men trea har potensial for vedbuande sopp og kanskje også for mykorrhizasopp.

Bruk, tilstand og påverknad:
Dei gamle vidkrona trea har før stått i eit opent kulturlandskap. Heile området har imidlertid vorte tilplanta av gran, noko som har ført til at fleire av trea er døde/døande og at ein antatt førekomst av sjeldne lavar har forsvunne på grunn av utskygging.

Framande artar:
Gran kan sjås som fremmande problemart i dette distriktet.

Skjøtsel og omsyn:
Dersom granskogen vert fjerna kan mange av trea reddast. Døde store lauvtre må få stå som substrat for sopp og insekt.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi den inneheld mange grove eiker og gamle bjørker, men verdiane er sterkt reduserte på grunn av utskygging av gran. Lokaliteten har eit visst potensial for restaurering.

Figur 143. Stor eik ved Nordmork. Foto: Bjarne Oddane.

Nordmork - store gamle tre I

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD020
Kommune: Eigersund
Dato: 27.09.2013
Areal: 0,4 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Store gamle tre (D12)
Utforming: Gammalt tre
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 27. september 2013 av Bjarne Oddane og Sten Svantesson

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane og Sten Svantesson.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på Nordmork rett aust for Hestadvatnet. Avgrensinga er sett rundt omrisset av krona til treet og nøyaktigheten er vurdert til å vere betre enn 2 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av monzonitt og kvartsmonzonitt som ikkje gjev groforhold for næringskrevjande og basekrevjande artar. Bergrunnen er dekka av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av eit vidkrona frittståande eiketre og vert sett til naturtypen store gamle tre (D12). Stammen deler seg i to ved ca. 1 meters høgde. Stammane har ein omkrins på 219 og 313 cm. Barken var forholdsvis glatt («skogsbark»). Treet var friskt og ingen holrom vart registrert.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert nokon raudlista artar eller indikatorartar knytt til treet.

Bruk, tilstand og påverknad:
Treet står lysopent til i kulturlandskapet.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Trea bør få utvikla seg vidare i eit i eit fortsett lysåpent miljø. Det må unngåas at det gror igjen rundt trea. Eventuelt oppslag av tre rundt som vil skygge bør fjernast. Det må ikkje gjødslas med blautgjødsel oppetter stammen på trea.

Del av heilskapleg landskap:
Trea står fint i kulturlandskapet.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er et stort gamalt tre i kulturlandskapet i ein region der slike tre er sjeldsynte. Det er ikkje registrert nokon raudlisteartar, men treet har på lengre sikt stort potensial for å vere viktig leveområde/voksesubstrat for sjeldne og raudlista artar.

Nordmork - store gamle tre II

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD021
Kommune: Eigersund
Dato: 27.09.2013
Areal: 0,2 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Store gamle tre (D12)
Utforming: Gammalt tre
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 27. september 2013 av Bjarne Oddane og Sten Svantesson

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane og Sten Svantesson.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på Nordmork rett aust for Hestadvatnet. Avgrensinga er sett rundt omrisset av krona til treet og nøyaktigheten er vurdert til å vere betre enn 2 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av monzonitt og kvartsmonzonitt som ikkje gjev groforhold for næringskrevjande og basekrevjande artar. Bergrunnen er dekka av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av eit vidkrona frittståande eiketre og vert sett til naturtypen store gamle tre (D12). Treet har imidlertid vorte klemt inne av oppveksande yngre tre. Stammen har ein omkrins på 260 cm. Barken var forholdsvis glatt («skogsbark») og moserik. Treet var friskt og ingen holrom vart registrert.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert nokon raudlista artar eller indikatorartar knytt til treet.

Bruk, tilstand og påverknad:
Oppveksande tre rundt har ført til at stammen no står i skygge og ulike moseartar dekker store deler av stammen. Treet er vidkrona, noko som tyder på at det frå gamalt av har vakse opp i eit lysopent miljø.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Treet bør få utvikla seg vidare i eit i eit fortsett lysopent miljø og skogen rundt bør fjernast. Det må ikkje gjødslas med blautgjødsel oppetter stammen på treet.

Del av heilskapleg landskap:
Trea står fint i kulturlandsakpet.

Verdisetjing: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er et stort gamalt tre i kulturlandskapet i ein region der slike tre er sjeldsynte. Det er ikkje registrert nokon

raudlisteartar, men treet har på lengre sikt stort potensial for å vere viktig leveområde/voksesubstrat for sjeldne og raudlista artar.

Figur 144. Rik skog under Mjølhusåsen. Foto: Bjarne Oddane.

Mjølhusåsen

Naturbase ID: BN00049805
Ecofact ID: BOD022
Kommune: Eigersund
Dato: 27.09.2013
Areal: 79,6 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: 27. september 2013 av Bjarne Oddane og Sten Svantesson. Fleire av kjukene er registreringar gjort av Njål Berge.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane og Sten Svantesson. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga har også vorte justert (opp) i forbindelse med denne registreringa.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i den vestvendte bratte skråninga under Mjølhusåsen i Eigersund kommune. Stadvis er det ur og store steinblokker i skogen, noko som gjev mange ulike

typar mikroklima. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av anortositt som er ein bergart som normalt ikkje gjev groforhold for næringskrevjande og basekrevjande artar. Bergrunnen er dekka av blokk, stein og anna skredmateriale. Ut frå registrert flora tyder det på at det er i alle fall stadvis noko meir base i jorda enn det som bergarten skulle tilseie. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterk til klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til rik edellauvskog der alm-lindeskog er den dominerande utforminga, men også mindre område med rikt hasselkratt. I tresjiktet er lind ein mengdeart, men med varierande innslag av alm (stadvis mengdeart), hassel, bjørk, selje, rogn og eik. Det er få til ingen spesielt grove tre, men skogen er heller ikkje ung. Det er forholdsvis lite daudved. Feltvegetasjonen er varierande, med området øvst med smyle (m), geittelg, sisselrot (på steinane), smørbukk til meir friskare jord lengre ned i lia med blant anna ormetelg, tviskjeggveronika, gaukesyre, liljekonvall, fugletelg, skogsvingel, skogsvinerot, vårmarihand, kvitveis, kranskonvall, kusymre, trollurt og maigull. Stadvis finst mykje storkransemose. På dei store steinblokkene var det ein rik moseflora og ofte mengder med stankstorkenebb.

Artsmangfald:
Det er registrert nokre raudlisteartar knytt til skogen. Forutan alm (NT), er det registrert *Pachyphiale carneola* (VU), rutebroddsopp *Hymenochaete corrugata* (NT), eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT), svart tvillingbeger *Holwaya mucida* (NT) og eikeklubbe *Cudoniella acicularis* (NE). Heilt nord i avgrensinga er det eit området med lysopen skog dominert av forholdsvis unge eiker. Her er det svært mykje eikelav. Av andre artar kan lakkjuke, seljekjuke, kystrustkjuke, sørlig tyrikjuke, lønnekjuke, strengkjuke, stor ospeildkjuke, vifterynkesopp, engvokssopp, grynporelav og glattvrenge nemnast.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det har nok vore uttak av tre opp gjennom tidene då det ikkje var mange store grove tre. Nedre deler av skogen vert beita.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Det er ønskeleg at skogen i størst mogleg grad får utvikla seg fritt utan menneskeleg påverknad.

Del av heilskapleg landskap:
Kan sjåast i samanheng med skogslokalitetane på Nokåsen.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A fordi det er ein rik edellauvskog med innslag av rike hasselkratt, inneheld fleire raudlista artar og slike skogar er sjeldne i regionen.

Figur 145. Stor eik med eit rikt lobariasamfunn. Foto: Bjarne Oddane.

Nokkåsen, austsida

Naturbase ID: BN00049808
Ecofact ID: BOD023
Kommune: Eigersund
Dato: 23.09.2013
Areal: 69,8 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Eikeskog og skog med førekomst av lind
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: 23. september 2013 av Bjarne Oddane; Knut Børge Strøm og Sten Svantesson. Fleire av kjukene er registreringar gjort av Njål Berge.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane, Knut Børge Strøm og Sten Svantesson. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga har også vorte justert (opp) i forbindelse med denne registreringa.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er avgrensa i den sørlege delen av Nokkåsen frå ryggen og ned den austvendte skogslia. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av anortositt som er

ein bergart som normalt ikkje gjev groforhold for næringskrevjande og basekrevjande artar. Bergrunnen er på ryggen sparsamt dekka av morenemateriale, medan lisida er dekka av skredmateriale. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterk til klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til gammal fattig edellauvskog med utformingane eikeskog og førekomst av lind. På åsryggen dominerast skogen av eik og mange av trea er krokete og forholdsvis gamle, men småvaksne. Nedover skogslia vert innslaget av lind større og eiketrea meir høgreiste og stadvis er fordelinga mellom eik og lind 50/50. Mange av lindene har svært store baser. Særleg i «skaret» er også mange av eikene store og nokre av dei øvste er også vidkrona. Enkelte av trea har små holrom. Det er lite daud, liggande ved i skogen, men det er noko ståande daudved av eik, også store dimensjonar. Feltvegetasjonen er gjennomgåande fattig blåbærskog. I skaret er vegetasjonen noko rikare.

Artsmangfald:
Det er registrert nokre raudlisteartar knytt til skogen. På eik vart det funne liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU), *Pachyphiale carneola* (VU), *Thelopsis rubella* (VU), ospekvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (VU), eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT) og eikeklubbe *Cudoniella acicularis* (NE). På nokre store vidkrona eiker øvst i skaret var det også store mengder lungenever, kystnever, sølvnever og kystvrenge. Her vaks også *Pachyphiale carneola.* Av andre artar kan grynporelav, rund porelav, buktporelav, fellmose, kystrustkjuke, mykkjuke og svart trompetsopp nemnast.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det har nok vore uttak av tre opp gjennom tidene, men mange av lindene og nokre av eikene er gamle.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Det er ønskeleg at skogen i størst mogleg grad får utvikla seg fritt utan menneskeleg påverknad.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten kan sjåast i samanheng med skogslokalitetane på austsida av Nokkåsen, samt lokaliteten ved Mjølhusåsen.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A fordi det er ein gammal edellauvskog med mange raudlista artar i ein region der slike skogar er sjeldne.

Figur 146. Rik skog på vestsida av Nokkåsen. Foto: Bjarne Oddane.

Nokkåsen, vestsida

Naturbase ID: BN00049809
Ecofact ID: BOD024
Kommune: Eigersund
Dato: 21.08.2013
Areal: 32,2 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Rik edellauvskog (F01)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og synfaring 21. august 2013 av Bjarne Oddane. Fleire av kjukene er registreringar gjort av Njål Berge.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga har også vorte justert (opp) i forbindelse med denne registreringa.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er avgrensa i deler av den vestvendte lisida av Nokkåsen i Eigersund kommune. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av jotunittisk til mangerittisk

gang, lokalt med norittisk eller kvarts-mangerittisk facies. Lausmassane består av skredmateriale. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterk til klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lia er stort sett dekka med skog, men også brattberg inngår i avgrensinga. I nedre del er det open rasmark fleire stader. Skogen som er avgrensa består til dels av bjørkeskog, men edellauvskog inngår fleire stader. Bjørkeskogen er inkludert for å få ein meir samanhengane avgrensing. Hassel, lind, alm, ask, osp, selje og noko hegg inngår elles på større og mindre område i lisida. Nokre parti hadde stort innslag av alm og stadvis var det det store lindetre. Skogen her kan setjast til alm/lindeskog. Stadvis var det ein god del hasselkratt i skråninga. Edellauvskogen er ikkje spesielt gammal når ein ser bort frå dei store lindetrea som veks oppunder bratthenget. Feltvegetasjonen er stadvis nokså rik, med artar som lundrapp, skogsvinerot, brunrot, kvitveis, hengjeaks, knollerteknapp, gjerdevikke, fingerstorr, skogstorkenebb, kratthumleblom og stankstorkenebb. Under almetrea var det ofte ein del stornesle. Bjørkeskogen og skog dominert av eik hadde eit fattigare artsinventar.

Artsmangfald:
Av raudlista artar er det forutan alm (NT) og ask (NT), registrert ospekvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (VU) og svart tvillingbeger *Holwaya mucida* (NT). Av andre artar kan kystrustkjuke, mykkjuke, skimmerkjuke og begerfingersopp nemnast.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det har nok vore uttak av tre opp gjennom tidene, men mange av lindene er gamle.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Det er ønskeleg at skogen i størst mogleg grad får utvikla seg fritt utan menneskeleg påverknad.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten kan sjåast i samanheng med skogslokalitetane på austsida av Nokkåsen, samt lokaliteten ved Mjølhusåsen.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B fordi det er ein rik edellauvskog med nokre raudlista artar.

Figur 147. Gammal slåttemark ved Hornesvatnet med god førekomst av svartknoppurt. Skjøtsel bør tas opp att umiddelbart. Foto: Bjarne Oddane.

Hornesvatnet - slåttemark

Naturbase ID: BN00049807
Ecofact ID: BOD025
Kommune: Eigersund
Dato: 21.08.2013
Areal: 23,7 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Slåttemark (D1)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og synfaring 21. august 2013 av Bjarne Oddane.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga har også vorte justert i forbindelse med denne registreringa.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er avgrensa i deler av den vestvendte lisida av Nokkåsen i Eigersund kommune. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av anortositt som normalt gjev eit fattig og surt jordsmonn. Berggrunnen er for en stor del dekket av eit tynt lag

morenemasse. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterk til klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen settas til slåttemark sidan det er ei gammal slåttemark som fortsett kan reddast om slåtten tas opp att. Vegetasjonen kan for store deler settast til ein mosaikk av ulike variantar innan frisk fattigeng (G4) med artar som gulaks (m), engkvein (m), raudsvingel (m), smalkjempe, tepperot, følblom, blåklokke, legeveronika, ryllik og tviskjeggveronika. Stadvis var det ein del tette bestandar med bergrøyrkvein. I den bratte delen sør i avgrensinga, var det stadvis nesten totaldominans av svartknoppurt. Her var det også ein del dunhavre. Av andre artar kan småsyre, harestorr, ryllik, strandsmelle, hårsveve, legeveronika, gulaks, blåklokke, grasstjerneblom, blåbær, blåknapp, revebjølle, tviskjeggveronika, bergrøyrkvein og sølvbunke. Vegetasjonen her kan truleg førast til frisk/tørr middels baserik eng (G7). I 2003 vart det også registrert prestekrage, bråtestorr, engfrytle, engsoleie og markfrytle. Stadvis var det oppslag av eiker, bjørker, sitkagran og edelgran. For det meste unge tre, men også enkelte gamle vidkrona.

Artsmangfald:
Ingen raudlisteartar er registrert, men svartknoppurt kan trekkast fram. Store mengder av denne arten, samt andre engartar gjer at det er spesielt mykje insekt på enga. Dette bør undersøkjast nærmare.

Bruk, tilstand og påverknad:
Gammal slåttemark som nok ikkje har vorte slått på fleire tiår. Truleg har den vorte haldt open ved beiting. Det er begynnande oppslag av små tre, men generelt er det ennå store opne flater. Fleire stader har det etter kvart vorte danna eit nokså tjukt strølag.

Framande artar:
Sitkagran og edelgran

Skjøtsel og omsyn:
Det er sterkt ønskeleg at tradisjonell slått vert tatt opp att snarast på denne enga.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B fordi det er ei flott slåtteng med eit, for regionen, sjeldan artsinventar, men på grunn av manglande skjøtsel når han ikkje høgare opp.

Figur 148. Hagemark ved Tengsbakkane. Foto: Bjarne Oddane.

Tengsbakkane

Naturbase ID: BN00049793
Ecofact ID: BOD026
Kommune: Eigersund
Dato: 23.08.2013
Areal: 128,9 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Beiteskog 60% Hagemark 30 %
Utforming: Eikehage
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: Naturbase og synfaring 23. august 2013 av Bjarne Oddane og 24. september 2013 av Bjarne Oddane, Sten Svantesson og Knut Børge Strøm. Eikeklubben er registrert av Njål Berge.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 10 meter og er gjort ut frå synfaring i felt og flyfoto. Avgrensinga har også vorte justert (opp) i forbindelse med denne registreringa.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg i den søraustvendte lia på Tengs i Eigersund kommune. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av anortositt som stadvis er framme i dagen, men for ein stor del dekka av tjukk morene. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i sterk til klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Det er valt å setja naturtypen er til 60 % beiteskog og 30 % hagemark med utforming eikehage. 10 prosent av avgrensinga vert ikkje beita (åtskilt av vegen), men er tatt med då den høyrer naturleg med i avgrensinga. Skogen er dominert av eik med enkelte bjørker innimellom. Det er den austre delen av avgrensinga som har størst verdi med hagemark og ein del støre vidkrona tre. Mange av trea her er relativt gamle og eit tre målte 280 cm i omkrins i brysthøgde (32V 324301 6485779). Generelt og særlig for den vestre og den midtre delen som avgrensast av riksvegen, er trea ganske einsaldra, ikkje spesielt gamle og med ein stammeomkrins i brysthøgde på 90-140 cm. Særleg i den midtre delen var det også innslag av litt hassel og platanlønn. Feltsjiktet er beita (med unntak av den midtre delen) og har truleg vorte beita i generasjoner. Feltvegetasjonen er prega av beite og inneheld artar som smyle, gulaks, engkvein, blåtopp, einstape, blåbær, skogstjerne og gaukesyre. I den vestre delen er det ein god del krattlodnegras.

Artsmangfald:
Av raudlista artar er det registrert liten praktkrinslav *Parmotrema chinense* (VU), *Pachyphiale carneola* (VU), eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT) og eikeklubbe *Cudoniella acicularis* (NE). Det vart også gjort funn av blodrøyrsopp *Boletus luridiformis* som er en art som likar slike opne, varme beiteskogar og kan indikere lang kontinuitet. Sommarfuglen eikestjertvinge som også er ein art som føretrekker slike opne varme eikeskogar er også registrert her.

Bruk, tilstand og påverknad:
Skogen er generelt ikkje veldig gammal og har nok vorte utsett for hogst og skjøtsel. Det meste av området vert beitet og har truleg vorte beita over lengre tid. Det gjødsles stadvis på dei opne slettene rundt avgrensinga, noko som fører til avrenning og overføring av næringsstoff via beitedyr.

Framande artar:
Platanlønn førekjem spesielt i den midtre ubeita delen.

Skjøtsel og omsyn:
Skogen bør fortsett beites og holdast lysopen. Trea må få stå å verte gamle samtidig som gamle, daude tre ikkje må fjernast. Enkelte unge tre må få vekse opp for å halde på kontinuiteten.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten utgjer ein del av eit fint beitelandskap med veksling mellom beite og skog.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A fordi det er ein intakt beiteskog og hagemark, med fleire raudlisteartar og nokre store eiketre i ein region der slike naturmiljø er sjeldne.

Figur 149. Rasskråning i eikeskogen ved Tveiti. Foto: Bjarne Oddane.

Tveiti - eikeskog

Naturbase ID: BN00049787
Ecofact ID: BOD027
Kommune: Eigersund
Dato: 15.08.2013
Areal: 28,1 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Eikeskog 80 %, førekomst av lind 20 %
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og synfaring 15. august 2013 av Bjarne Oddane. Mange av dei vedbuande soppane er registrert av Njål Berge.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga har også vorte justert (ned) i forbindelse med denne registreringa.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er avgrensa i den sør-søraustvendte lia i nordenden av Bryneslandsvatnet og vest for garden Tveiti i Eigersund kommune. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert

til å vere betre enn 10 meter og er gjort ut frå synfaring i felt og flyfoto. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt og er stadvis framme i dagen som berg eller steinur, men i størstedelen av eikeskogen er den dekka av tynn morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til gamal fattig edellauvskog med utformingane eikeskog (80 %) og førekomst av lind (20 %). Trea i eikeskogen er forholdsvis einsaldra og opprette, og det var ingen veldig gamle tre. Det var lite daudved og ingen av større dimensjoner. Det var også nokre ganske store osper i skogen. Vegetasjonsdekket var glissent og beita av sau. Artar som vart notert er bjørnemose, smyle, gaukesyre, blåbær, skogburkne og einstape. I rasskråninga var tresjiktet dominert av lind, også nokre temmelig grove. Det var også hassel og selje her. Rasskråninga var forholdsvis småsteina med lite feltvegetasjon men med litt stankstorkenebb.

Artsmangfald:
Av raudlista artar er det registrert skorpepiggsopp *Gloiodon strigosus* (NT) på en daud selje. Av andre artar kan stor ospeildkjuke, svovelkjuke, kystrustkjuke og eikestjertvinge nemnast. Eikestjertvinge er ein sommarfugl som er knytt til varme, litt opne eikeskogar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Skogen er generelt ikkje veldig gammal og har nok vorte utsett for hogst, noko den jamne alderen på trea indikerer. Området vert beita av sau.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Det beste vil vere om skogen får utvikla seg fritt utan menneskeleg påverknad. Trussel vil vere flatehogst og større uttak av tre.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten utgjer ein del av eit fint beitelandskap med veksling mellom beite og skog.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B fordi det er ein skog som inneheld ein del gamle lindetre samt eiketre av ein viss alder, det er registrert ein raudlista art (NT), men det er forholdsvis lite daud ved.

Figur 150. To almer ved Tveiti. Almen til venstre er truleg angrepen av almesjuka. Foto: Bjarne Oddane.

Tveiti - to store almar

Naturbase ID: BN00049785
Ecofact ID: BOD028
Kommune: Eigersund
Dato: 15.08.2013
Areal: 0,4 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Store gamle tre (D12)
Utforming: Gammalt tre
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 15. august 2013 av Bjarne Oddane.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007).

Stad og naturgrunnlag:
Trea står nær ein bekk som renn inn i Bryneslandsvatnet i nordaustlege hjørne. Avgrensinga er sett rundt omrisset av krona til treet og nøyaktigheten er vurdert til å vere betre enn 2 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av mangeritt til

gabbro, gneis og amfibolitt. Bergrunnen er dekka av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av to stor høgreiste almar og er sett til naturtypen store gamle tre (D12). Stammene har ein omkrins i brysthøgde på 270 cm og 370 cm.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert nokon raudlista artar knytt til trea, men alm er i seg sjølv raudlista (NT). Trea var ganske mosedekte på stammane med dominans av ekornmose *Leucodon sciuroides* og krypsilkemose *Homalothecium sericeum*. Andre artar var gulband *Metzgeria furcata*, reipmose *Pterigynandrum filiforme* og kystårenever *Peltigera collina.*

Bruk, tilstand og påverknad:
Treet med minst stammediameter var frisk med full bladmasse, medan det treet med størst stammediameter kan hende var angrepet av almesjuka då bladmengda var meir glissen. Treet med minst stammediameter hadde ein forholdsvis soleksponert stamme, medan det andre stod i litt meir skygge.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Treet bør få utvikla seg vidare i eit fortsett lysopent miljø.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er to store gamalt, frittståande tre. Slike almar er sjeldne i regionen.

Figur 151. Naturbeitemark ved Tveiti. Foto: Bjarne Oddane.

Tveiti - naturbeitemark

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD029
Kommune: Eigersund
Dato: 15.08.2013
Areal: 7,9 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Naturbeitemark (D04)
Utforming:
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 15. august 2013 av Bjarne Oddane.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane.

Stad og naturgrunnlag:
Avgrensinga ligg i eit lite dalsøkk i lia vest av garden Tveiti i Eigersund kommune. Lokaliteten grensar mot skog og gjødsla kulturbeite og nøyaktigheten er vurdert til å vere betre enn 5 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av mangeritt til gabbro, gneis og amfibolitt. Bergrunnen er dekka av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av ei ugjødsla beitemark i eit lite dalsøkk og naturtypen er sett til naturbeitemark. Vegetasjonen er fattig. I botn, der det er litt fuktigare, er det ein god del blåtopp, tepperot og bjørnemose. I den vestvendte skråninga var vegetasjonen ganske kortbeita med artar som engkvein, gulaks, ryllik, tepperot, blåklokke, raudsvingel, smalkjempe, finnskjegg og engkransmose. Den austvendte sida har enkelte spreidde bjørketre, litt einer, og er meir blåtoppdominert.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert nokre raudlisteartar, men det kan vere eit visst potensial for beitemarksopp.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert beita av sau og er i god hevd. Kulturmarka rundt er gjødsla slik at det kan verte overføring av næringsstoff via beitedyr.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Området bør fortsett haldast ugjødsla og med fortsett beite av sau. Det må passast på slik at skogen ikkje trekker innover avgrensinga.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er ei ugjødsla beitmark, men utan registrerte beitemarksoppar når den ikkje opp til A.

Figur 152. Eikeskogen ved Lauvvoll. Foto: Bjarne Oddane.

Lauvvoll - eikeskog

Naturbase ID: BN00049783
Ecofact ID: BOD030
Kommune: Eigersund
Dato: 22.08.2013
Areal: 73,1 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal fattig edellauvskog (F02)
Utforming: Eikeskog 80 %
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Naturbase og synfaring 22. august 2013 av Bjarne Oddane. Dei vedbuande soppane er registrert av Njål Berge.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Lokaliteten er frå før registrert i Naturbase, men med noko mangelfull omtale etter nyaste utgåve av DN-handbok 13 (DN 2007). Avgrensinga har også vorte justert i forbindelse med denne registreringa.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er avgrensa i den austvendte lia vest av garden Lauvvoll i Eigersund kommune. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 20 meter og er

gjort ut frå synfaring i felt og flyfoto. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av charnockitt til anortositt som stadvis er omdanna. Lausmassedekket består av tynn morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til gamal fattig edellauvskog med utforming eikeskog, men innan avgrensinga finnes også område med bjørk, osp og hassel. Det største eiketreet har ein omkrins i brysthøgde på om lag 200 cm. Dei fleste trea er likevel mindre (100-150 cm i omkrins) og skogen verkar ikkje å vere utprega gammal. Mykje av skogen er einsaldra og det er lite daud ved og det som er, er i form av nedbrotne greiner av ulik dimensjon. I eit område var eikeskogen meir lysopen med noko meir vidkrona tre. Somme stader var det godt innslag av osp, bjørk, svartor og hassel. Ein del av ospene var grove. Feltvegetasjonen var typisk blåbærskog, med artar som blåbær, blåtopp, einstape og smyle.

Artsmangfald:
Av raudlista artar er det registrert *Eriopezia caesia* (NE) på eik. Denne arten er registrert berre nokre få gonger i Norge. Det er også registrert ospekvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (NT) og bølgekjuke *Gloeoporus dichrous* (VU) på osp. Av andre artar er strøkjuke *Sistotrema muscicola*, svovelkjuke og grå fingersopp *Clavulina cinerea* registrert.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert beita av sau, men beitetrykket er svakt. Gode deler av skogen er einsaldra noko som tyder på at i alle fall deler har vore beitemark tidlegare eller at skogen har vore uthogd.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Det beste vil vere om skogen får utvikla seg fritt utan menneskeleg påverknad. Trussel vil vere flatehogst og større uttak av tre. Fortsett ekstensivt beite er ok.

Del av heilskapleg landskap:
Fint kulturlandskap rundt med fleire verdifulle skogar gjere at området som heilhet har stor verdi.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B fordi det er ein skog som inneheld ein del eldre eiketre og er av ein viss storleik. Det er også registrert ein svært sjeldan art knytt til eikeskogen (*Eriopezia caesia* (NE)) og to raudlisteartar knytt til osp. Men generelt er det forholdsvis lite daud ved.

Figur 153. Svartorskog ved Lauvvoll. Foto: Bjarne Oddane.

Lauvvoll - svartorskog

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD032
Kommune: Eigersund
Dato: 22.08.2013
Areal: 17,5 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gråor-heggeskog (F05)
Utforming: Svartor-utforming
Verdi: C
Undersøkt/kjelder: Synfaring 22. august 2013 av Bjarne Oddane.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er avgrensa langs bekken og vest av garden Lauvvoll i Eigersund kommune. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 5 meter og er gjort ut frå gps-punkt tatt i felt. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av charnockitt til anortositt som stadvis er omdanna. Lausmassedekket består av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til gråor-heggeskog med svartorutforming. Svartorskogen strekkseg i eit ganske vidt belte rundt ein bekk i botn av ein dal. Svartorene er ikkje spesielt grove, men mange har ein nokså vid base. Stadvis er det ein del daud ved. Området er svakt flompåverka. I feltvegetasjonen er artane blåtopp, stjernestorr og myrfiol notert. Bjørnemose er dominerande, men torvmose finnes også nokre stader.

Artsmangfald:
Det er ikkje registrert raudlisteartar innan avgrensinga. Av artar kan orekjuke nemnast.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert beita av sau, men beitetrykket er svakt.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Det beste vil vere om skogen får utvikla seg fritt utan menneskeleg påverknad. Trussel vil vere flatehogst og større uttak av tre. Fortsett ekstensivt beite er ok.

Del av heilskapleg landskap:
Fint kulturlandskap rundt med fleire verdifulle skogar gjer at området som heilhet har stor verdi.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi C fordi det det fordi det er ein svakt flompåverka svartorskog, utan alt for gamle tre og ingen registrerte raudlisteartar.

Figur 154. Store eiker ved Lauvvoll. Foto: Bjarne Oddane.

Lauvvoll - store gamle tre

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD033
Kommune: Eigersund
Dato: 22.08.2013
Areal: 0,7 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Store gamle tre (D12)
Utforming: Gammalt tre
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: 22. august 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane og Sten Svantesson.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg på vestsida av ein liten kolle vest av garden Lauvvoll i Eigersund kommune. Avgrensinga er sett rundt omrisset av kronene til trea (pluss eit lite området mellom for å binde lokalitetane saman til eit polygon) og nøyaktigheten er vurdert til å vere betre enn 2 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av charnockitt til anortositt som stadvis er omdanna. Lausmassedekket består av morene. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten består av tre vidkrona eiketre og er sett til naturtypen store gamle tre (D12). Trea står i kanten av eit kulturbeite, men har vorte delvis inngrodd av ung bjørk og rogn. Alle trea er friske og det vart ikkje registrert holrom eller byrjande holrom. Barken var forholdsvis glatt («skogsbark»). Omkrinsen i brysthøgde vart målt til 208, 283 og 300 cm.

Artsmangfald:
Det vart ikkje registrert nokon raudlista artar eller indikatorartar knytt til trea, men trea har på lengre sikt stort potensial for å vere viktig leveområde/voksesubstrat for sjeldne og raudlista artar.

Bruk, tilstand og påverknad:
Oppveksande tre rundt har ført til at stammane no delvis står i skygge. Trea er vidkrona, noko som tyder på at dei frå gammalt av har vokse opp i eit lysopent miljø.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Treet bør få utvikla seg vidare i eit fortsett lysopent miljø og skogen rundt bør fjernast. Det må ikkje gjødslast med blautgjødsel oppetter stammen på trea.

Del av heilskapleg landskap:
Trea står fint i kulturlandsakpet.

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi det er tre store gamle tre i kulturlandskapet i ein region der slike tre er sjeldsynte. Det er ikkje registrert nokon raudlisteartar, men treet har på lengre sikt stort potensial for å vere viktig leveområde/voksesubstrat for sjeldne og raudlista artar.

Figur 155. Til dels mykje død ved i ospelia ved Lauvvoll. Foto: Bjarne Oddane.

Lauvvoll - ospeskog

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD031
Kommune: Eigersund
Dato: 22.08.2013
Areal: 73,1 daa
Hovudnaturtype: Skog (F)
Naturtype: Gammal lauvskog (F07)
Utforming: Gamle ospeholt
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: Synfaring 22. august 2013 av Bjarne Oddane. Dei vedbuande soppane er registrert av Njål Berge.

Områdeskildring
Innleiing:
Undersøkt ved feltarbeid i samband med revidering av registrerte naturtypar i Eigersund kommune 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er avgrensa i den austvendte lia vest av garden Lauvvoll i Eigersund kommune. Avgrensingas nøyaktighet er vurdert til å vere betre enn 20 meter og er gjort ut frå synfaring i felt og flyfoto. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av charnockitt til anortositt som stadvis er omdanna. Lausmassedekket består av tynn

morene og noko ur i øvre del. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Lokaliteten er ein blandingsskog av noko varierande kvalitet men med gjennomgåande mykje osp av til dels store tre. Andre treslag er særleg bjørk, men også hassel, rogn, eik og svartor (i søkk og langs bekkefaret). Lokaliteten inneheld ein god del daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsstadium. Mange store tre skal ha falt i ein storm i 1969 (i følge grunneigar via Njål Berge). Feltvegetasjonen er gjennomgåande fattig med blåbær, blåtopp, stri kråkefot. Nokre fuktigare drag med noko torvmose, bjørnemose og blåtopp.

Artsmangfald:
Det er registrert ei rekke sjeldne kjuker på lokaliteten; ospekvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (NT), honningkvitkjuke *Antrodia mellita* (NT), bølgekjuke *Gloeoporus dichrous* (VU), storpora ospekjuke *Oxyporus corticola*, sienakjuke *Ceriporiopsis resinascens*, tofargekjuke, strengekjuke *Porpomyces mucidus*. Det er også registrert begerfingersopp.

Bruk, tilstand og påverknad:
Området vert beita av sau, men beitetrykket er svakt.

Framande artar:
Ingen registrerte

Skjøtsel og omsyn:
Det beste vil vere om skogen får utvikla seg fritt utan menneskeleg påverknad. Trussel vil vere flatehogst og større uttak av tre. Fortsett ekstensivt beite er ok.

Del av heilskapleg landskap:

Verdisetjing:
Lokaliteten får verdi A fordi det er eit temmeleg stort område med ein god del grove osper og også bra med daud ved i ulike dimensjoner og nedbrytingsstadium. Det er også registrert fleire raudlista og sjeldne artar i skogen.

Helland - kystmyr

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD036
Kommune: Eigersund
Dato: 15. juli 2013
Areal: 47 daa
Hovudnaturtype: Myr og kjelde (A)
Naturtype: Kystmyr (A08)
Utforming: Jordvassmyr
Verdi: B
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid 15. juli 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Lokaliteten er undersøkt i forbindelse hubroarbeid i 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Då det ikkje vart gjort notatar spesielt for naturtyperegistrering er lokaliteten noko mangelfult skildra.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten er avgrensa mellom to små høgdedrag nord for Kvamstjørna og vest for garden Helland i Eigersund kommune. Området grenser mot kystlynghei og gjødsla kulturbeite. Avgrensinga er gjort ut frå flyfoto og det er vurdert at nøyaktigheten er betre enn 5 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av anortositt. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon (Bn-O2)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystmyr, men kunne også ha vorte sett til slått- og beitemyr (D01 og D04) under kulturlandskap. Myra kan i stor grad setjast til fattig fastmattemyr med blåtopp (m), klokkelyng, duskmyrull, stjernestorr og bjønnskjegg. Det finst også fuktigare stader med fattig mjukmattemyr med blant anna kvitmyrak og rundsoldogg.

Artsmangfald:
Det var spreidde førekomstar av klokkesøte (VU) over heile myra, truleg fleire hundre eksemplar. Det vart også registrert mange spelande vortebitarar (NT) på myra.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er ikkje kjent på kva måte myra er brukt frå gammalt av, men i alle fall deler av den vert i dag beita av storfe.

Framande artar:
Det er ikkje registrert nokon svartlisteartar.

Skjøtsel og omsyn:
Ein bør unngå fysiske inngrep, gjødsling, og lokaliteten bør beitast. Bestandane av klokkesøte vil vera avhengige av langsiktig tradisjonell bruk med beiting og trakk. Arten treng naken jord for å spira og utvikla seg.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten ligg i fint kulturlandskap.

Verdisetjing:
Området får verdi B fordi det er ei kystmyr i boreonemoral sone, er av en viss storleik og har ein god bestand av raudlisteartane klokkesøte og vortebiter.

Figur 156. Solblom i kystlyngheia ved Helleland. Foto: Bjarne Oddane.

Helland - kystlynghei I

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD035
Kommune: Eigersund
Dato: 15. juli 2013
Areal: 14,7 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid 15. juli 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Lokaliteten er undersøkt i forbindelse hubroarbeid i 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Då det ikkje vart gjort notatar spesielt for naturtyperegistrering er lokaliteten noko mangelfult skildra.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg nordvest for Kvamstjørna og vest for garden Helland i Eigersund kommune. Avgrensinga er gjort ut frå flyfoto og førekomst av solblom og det er vurdert at nøyaktigheten er betre enn 10 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av anortositt. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon (Bn-O2)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystlynghei, sjølv om det er noko usikkert korleis området tidligare har vorte skjøtta. Det er godt mogleg at området tidlegare har vore slått. Område dominerast av blåtopp, men stadvis finst røsslyng, blåknapp, flekkmarihand blåklokke, tepperot og solblom. Det var enkelte spreidde bjørker innan lokaliteten.

Artsmangfald:
Det veks fleire hundre tuer med solblom (VU) innanfor avgrensinga. Det vart markert 78 punkt med gps, men kvart punkt markerar mange individ. Det er også gode mengder flekkmarihand i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er ikkje kjent på kva måte området er vorte skjøtta på frå gammalt av. Området vert i dag beita, men beitepresset er truleg for lågt.

Framande artar:
Det er ikkje registrert nokon svartlisteartar.

Skjøtsel og omsyn:
Ein bør unngå fysiske inngrep, gjødsling og lokaliteten bør beitast eller slås. Det bør lagast ein skjøtselsplan for området.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten ligg i fint kulturlandskap. Det er store kystlyngheier rundt som også bør registrerast som naturtypar.

Verdisetjing:
Området får verdi A fordi det er ei kystlynghei, med svært stort tal solblom (VU) (truleg største førekomsten i Rogaland) og kan sjåast som ein spesielt verdifull del av eit stort kystlyngheiområde.

Figur 157. Kystlynghei som muligens har blitt slått i tidligere tider. Foto: Bjarne Oddane.

Helland - kystlynghei II

Naturbase ID:
Ecofact ID: BOD034
Kommune: Eigersund
Dato: 15. juli 2013
Areal: 6,3 daa
Hovudnaturtype: Kulturlandskap (D)
Naturtype: Kystlynghei (D07)
Utforming:
Verdi: A
Undersøkt/kjelder: Feltarbeid 15. juli 2013 av Bjarne Oddane

Områdeskildring
Innleiing:
Lokaliteten er undersøkt i forbindelse hubroarbeid i 2013 av Ecofact ved Bjarne Oddane. Då det ikkje vart gjort notatar spesielt for naturtyperegistrering er lokaliteten noko mangelfult skildra.

Stad og naturgrunnlag:
Lokaliteten ligg nord for Kvamstjørna og vest for garden Helland i Eigersund kommune. Avgrensinga er gjort ut frå flyfoto og førekomst av solblom og det er vurdert at nøyaktigheten er betre enn 10 meter. I følge berggrunnskartet består berggrunnen av anortositt. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone i klart oseanisk seksjon (Bn-O2)

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:
Naturtypen er sett til kystlynghei, sjølv om det er noko usikkert korleis området tidligare har vorte skjøtta. Det er godt mogleg at området tidlegare har vore slått. Område dominerast av blåtopp som ikkje var tua, men med stadvis godt innslag av røsslyng, blåknapp, tepperot, blåklokke, einstape og solblom. Det var enkelte småbjørker innan lokaliteten.

Artsmangfald:
Det veks 30 – 40 tuer med solblom (VU) innanfor avgrensinga.

Bruk, tilstand og påverknad:
Det er ikkje kjent på kva måte området er vorte skjøtta på frå gammalt av, men det har truleg vorte slått. Området vert i dag beita, men beitepresset er truleg for lågt.

Framande artar:
Det er ikkje registrert nokon svartlisteartar.

Skjøtsel og omsyn:
Ein bør unngå fysiske inngrep, gjødsling og lokaliteten bør beitast eller slås. Det bør lagast ein skjøtselsplan for området.

Del av heilskapleg landskap:
Lokaliteten ligg i fint kulturlandskap. Det er store kystlyngheier rundt som også bør registrerast som naturtypar.

Verdisetjing:
Området får verdi A fordi det er ei kystlynghei, med svært stort tal solblom (VU) (truleg største førekomsten i Rogaland når ein ser på førekomstane i eit større område som er kystlynghei) og kan sjåast som ein spesielt verdifull del av eit stort kystlyngheiområde.

7 KJELDER

I tillegg til kjeldelista er det nytta ei rekke identifikasjonsbøker og nettstader i samband med artsbestemming.

Artskart 2010. Karttjeneste fra Artsdatabanken (http://artskart.artsdatabanken.no/)

DN - Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13, 2. utgave 2006 (oppdatert nettutgåve 2007). (http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/DN-handboker/Kartlegging-av-naturtyper---verdisetting-av-biologisk-mangfold/)

DN - Direktoratet for naturforvaltning 2010. Naturbase. http://www.naturbase.no eller (http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/)

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4, 231 s.

Gederaas, L., Salvesen, I & Viken, Å. (red.) 2007. Norsk svarteliste 2007 - økologiske risikovurderinger av fremmede arter. Artsdatabanken, Trondheim.

Kålås. J. A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelseth, S. (red.) 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norway. (http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/)

Lid, J. & Lid, D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatanbanken, Trondheim. (http://www.artsportalen.artsdatabanken.no/#/RodlisteNaturtyper/Vurderinger/)

Moen, A. 1998. Vegetasjon. Nasjonalatlas for Norge. Statens kartverk, Hønefoss.